

Ingvild Seland

HANS SELANDS FORFATTARVERKSEMD I HØVE TIL EIN ALTERNATIV  
NYNORSK LITTERÆR INSTITUSJON RUNDT HUNDREARSSKIFTET

av

SIGRID ARNE

Hovudoppgåve i nordisk  
Historisk-filosofisk embetseksamen  
Universitetet i Bergen  
Hausten 1982

Til Sigríð med hilsing frå Sigrid.

HANS SELANDS FORFATTARVERKSEMD I HØVE TIL EIN ALTERNATIV  
NYNORSK LITTERÆR INSTITUSJON RUNDT HUNDLEARSSKIFTET

av

SIGRID ARNE

Hovudoppgåve i nordisk  
Historisk-filosofisk embetseksamen  
Universitetet i Bergen  
Hausten 1982

INNHALDSLISTE:

Innleiing .....	s. 1
<b>DEL I</b> .....	<b>s. 5</b>
A. Heimstaddikting .....	s. 5
B. Dei såkalla heimstaddiktarane skriv på begge målformene. Kvifor ikkje sjå desse diktarane under eitt? .....	s. 9
C. Hans Seland .....	s. 14
1. Sosial bakgrunn og utdanning .....	s. 16
2. Engasjement .....	s. 21
3. Forfattarverksemد .....	s. 26
<b>DEL II</b> .....	<b>s. 32</b>
A. Ein litterær institusjon - definering og avklaring av omgrepene .....	s. 32
B. Ein alternativ nynorsk litterær/skjønn- litterær institusjon? .....	s. 35
1. Forlagssida .....	s. 37
2. Meldarsida .....	s. 41
3. Nynorskforfattarane og nynorskforlaga sine måtar å nå eit nynorsk publikum på .....	s. 45
C. Norma i <u>Den 17de Mai</u> -1899-årgangen .....	s. 53
1. Val av materiale .....	s. 53
2. Presisering av materialet .....	s. 56
3. Klargjering av normomgrepene .....	s. 58
4. Kva reint litterære krav kjem til uttrykk? .....	s. 59

5. Krav som understrekar kor viktige dei materielle sidene ved institusjonen var	s: 74
6. Kva slag litteratur ønskjer den alternative litterære institusjonen	s: 81
7. Oppsummering	s: 88
 DEL III	s: 92
A. Hans Seland si forfattarverksem i lys av norma i <u>Den 17de Mai</u> , 1899-årgangen	s: 92
B. Miskjende delar av forfattarverksemda - sett frå litteraturhistorisk synsstad.	s, 101
C. Ei brevveksling Arne Garborg - Hans Seland, ei forklaring på boka <u>Høgsumar?</u>	s: 109
D. Hans Seland - på ein gong eit typisk og eit utypisk døme innanfor den alternative nynorske litterære institusjonen	s: 116
1. Hans Seland - ein folkeleg mann	s: 116
2. Hans Seland - den personifiserte nynorske norma?	s: 119
E. Avslutning	s: 121
 Samandrag	s: 124
Tabell over nynorsk bokutgiving 1880 - 1915	s: 126
Oversyn over Seland sin bokproduksjon	s: 127
Litteraturliste	s: 132

## INNLEIING

Dei siste åra har det innanfor litteraturforskinga vorte meir og meir vanleg å ta føre seg dikting som i litteraturhistorisk samanheng ikkje har vore akseptert som "god" litteratur. Dette har ført til ei auka interesse for emne som tradisjonelt sett har vore rekna for mindre "god" litteratur, eller som har falle heilt utanfor litteraturhistoria. Døme på slike emne er barne- og ungdomslitteratur, kvinnelitteratur, arbeidarlitteratur og populær- og triviallitteratur.

Kva er årsaka til interessa for desse heller uortodokse emna? Den litterære institusjonen er - og har i enno større grad vore, merkt av at det er ei einsarta gruppe menneske med det ein kan kalla "borgarleg" instilling som har utgjort denne institusjonen. Nokre enkle spørsmål syner det: Er det kvinner, born, arbeidarar og bønder som skriv litteraturomtalane i avisar og tidsskrift, eller er det menn med akademisk bakgrunn? Tek kritikarane omsyn til det publikumet stoffet er skrive for, eller tek dei utgangspunkt i sin eigen skulerte bakgrunn når dei avgjer kva som er "godt" eller "dårlig"? Svara gir seg sjølve. Den litterære institusjonen<sup>1)</sup> har altfor lenge hatt monopol på litteraturvurderinga. Etter kvart har det vorte tydeleg for fleire at det er ei enkel gruppe sitt syn, sine verdiar som har dominert så vel innanfor litteraturen som på andre område. Den nye innsikta i at "det treng ikkje vera sant fordi om det står i litteraturhistoria", har ført til ei revurdering av delar av litteraturen. Den marxistiske litteraturkritikken har til dømes funne andre verdiar som dei nyttar når dei skal vurdera kva som er "godt" og kva som er mindre godt. Tilsvarande gjeld for kvinnelitteraturen.

1) Dette omgrepet blir det gjort nærare greie for i oppgåva.

Eg har valt som emne for oppgåva mi diktaren og bonden Hans Seland. Han høyrer heime mellom heimstaddiktarane som stod fram på slutten av førre hundreåret. Det som først og fremst slo meg då eg las om desse diktarane i litteraturhistoriene, var at noka "stor" dikting det laga dei ikkje. Dette førte til ei rad spørsmål: Kva er heimstaddikting? Kvifor har vi ikkje eintydig "god" heimstaddikting? Kva ser litteraturhistoriene som godt ved denne diktina og kva kritiserer dei? Kva krav vart sett til denne diktina av dei lesarane som identifiserte seg med henne? Sams for karakteriseringa av desse diktarane er at ei viss moralisering ser ut til å ta overhand etter kvart. Kva kom det av?

Seland er ikkje den største av heimstaddiktarane dersom vi samanliknar med andre nynorskdiktarar som Tvedt, Løland, Vislie og Moren. Han er den av desse som er minst omtala i litteraturhistoriene. Det finst heller ikkje mykje litteratur om han. Likevel synest eg han kan vera eit interessant granskingsemne. Han høyrde så absolutt med i krinsen av dei nynorske heimstaddiktarane. Produksjonen hans var stor - heile 40 bøker om vi tar med stort og smått, og i tillegg småstykke i blad og tidsskrift.

Når eg har valt Seland som emne for denne oppgåva, ønskjer eg ikkje å sjå han isolert, men snarare i høve til den tida og det miljøet han høyrde med i. For å kunna gjera det, har eg valt å undersøkja om det er mogeleg å tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon rundt hundreårs-skiftet. Deretter vil eg sjå på ein del av Seland si diktинг<sup>2)</sup> i høve til den eventuelle alternative nynorske litterære institusjonen.

2) Ettersom eg kjem til å undersøkja norma i Den 17de Mai, 1899-årgangen, kan eg ikkje nyta henne til å problematisera meir enn den litteraturen Seland skreiv i perioden 1890-1910. Det er alt i utgangspunktet å töya norma sin verknad for langt.

Oppgåva har to siktemål. Det eine er å prøva å kasta lys over nokre sider ved den eventuelle nynorske litterære institusjonen, mellom anna gjennom studiet av Hans Seland som ein representant for denne institusjonen. Samstundes vonar eg at den meir generelle kjennskapen eg får til denne institusjonen, kan vera med på å nyansera biletet av Hans Seland som diktar. Eg vil og peika på bøker av han som ikkje er nemnde i litteraturhistoriene, men som eg meiner godt kunne ha vore med.

Ei side ved oppgåva mi skuldar eg å gjera merksam på. Implisitt i revurdering av ein bestemt litteratur ligg det ofte eit meir eller mindre medvete ønskje om oppvurdering av den same litteraturen. Som målvinne med landsbygda som kulturell bakgrunn, er det naturleg at eg gjerne vil prøva å finna andre (og meir rettferdige?) måtar å forstå denne litteraturen på. Idar Stegane uttrykkjer seg på følgjande måte i Pax leksikon om heimstaddikting:

Heimstaddiktinga har såleis sjeldan vorte skildra og forstått utfrå sine eigne føresetnader og har ofte hatt lett for å falle utanfor så vel fagleg interesse i form av forsking og undervisning, som produksjonslistene i forlaga.

Materialet oppgåva byggjer på, er først og fremst Seland sine bøker og 1899-årgangen av avisa Den 17de Mai. På grunn av nær familietilknyting til forfattaren Hans Seland, han er oldefar min, har eg dessutan hatt tilgang til brev, papir og "Avis-Udklips"-bøker som ligg att etter han. Særleg breva har eg hatt god nytte av. Det har vore vanskeleg å få eit skikkeleg oversyn over dette materialet, då det ikkje er systematisert på nokon måte, men ligg saman med familiebrev, tilsaman fleire hundre.

I oppgåva har eg nytta nemningane landsmål og nynorsk som stilistiske variasjonar. Innholdsmessig har eg lagt det same i dei ulike nemningane. På same måten har eg nytta nemningane bokmål og dansk-norsk. Avisa Den 17de Mai er i tilvisingane

forkorta til DL7M.

Eg takkar Idar Stegane for rettleiing og instituttet for å ha arrangert seminar for studentar som har arbeidd med litterære oppgåver frå tida rundt hundreårsskiftet.

DEL I

A. HEIMSTADDIKTING

Fenomenet heimstaddikting er ikkje særnorsk. Omgrepet stammar frå den tyske nemninga "Heimatdichtung". I Danmark er denne diktina kalla "hjemstavnsdikting" eller "skolelærerlitteratur" (for ei klargjering av skilnadene mellom desse tre typane heimstaddikting, sjå Stegane 1982). Redaksjonen av Kultur og Klasse, nr. 33 peikar på at i Danmark er

Skolelærerlitteraturen blevet anskuet som en kuriøs og i sig selv interessant form for triviallitteratur, som kun kunne påkalde sig opmærksomhet, for så vidt som der kunne påvises f.eks. påvirkningsmæssige forbindelser mellom den og den kanoniserede hovedsrøm af "store", "værdifulde" tekster.

(Kultur og Klasse, nr. 33:5)

Tvinnereim gjer greie for den ulike posisjonen norsk og tysk heimstaddikting har:

- I Tyskland henføres den såkalte Heimatdichtung til triviallitteraturen, mens store deler av den norske heimstaddiktinga har hatt en sikker plass i litteraturhistoriene våre.  
(Tvinnereim 1979:9)

Eg vil i det følgjande ta utgangspunkt i fenomenet heimstaddikting slik det er brukt her til lands om norske tilhøve.

Heimstaddikting som omgrep er på mange måtar problematisk. I eine augneblinken blir det brukt som nemning på ei litteraturhistorisk retning, i neste augneblinken blir det brukt om ein bestemt genre, nemleg den episke folkelivsskildringa.

Dei fleste som uttalar seg om heimstaddikting, synest vera samde i at det er nemninga på ei retning innan litteraturen

som tok til på slutten av 1880-talet, og som var dominerande rundt hundreårsskiftet. Denne diktinga heldt fram langt inn i mellomkrigstida, om enn ikkje som dominerande retning.

Heimstaddikting er i prinsippet same type litteratur som det vi i dag kallar lokal- eller regionaldikting. Det er tale om ulike nemningar til ulike tider. Også før heimstaddiktinga som litterær retning starta, hadde vi heimstaddikting, lokal- eller regionaldikting - alt etter kva vi vel å kalla det.

Innhaldsmessig hadde heimstaddiktinga si forankring i forfattaren sitt heimemiljø, og genren dei nytta, var som oftest folkelivsskildring eller bygdeskildring. Etter kvart vart heimstaddikting sett på som synonymt med folkelivsskildring, og vi får den haldninga som Rolf Nettum gir uttrykk for:

Mange diktare har holdt seg til sin landsdel i det meste av det de har skrevet, men brukte bygdemiljøet som en allmenngyldig ramme om de konflikter de er oppatt av - det gjelder f.eks. Olav Duun. De kan ikke kalles hjemstavnsdiktare i vanlig forstand. Avgjørende er interessen for det lokale særpreg i den bygd de kjenner og er glad i, og at de holder seg til folkelivsskildringen.  
(Nettum 1975:23)

Denne definisjonen hadde vore grei og uproblematisk hadde ikkje same mannen uttalt under kapittelet "Hjemstavnsdiktare og folkelivsskildrere":

Mange av de forfattere som trofast holdt seg til sin provins av landet (skjønt de sprengte grensene for folkelivsskildringen) - tryslingen Sven Moren, trønderne Peter Egge og Johan Bojer, sørlendingen Gabriel Scott - utgav sine første bøker i 1890-årene, men fikk sitt gjennombrudd etter århundreskiftet.  
(S.st.:282)

Sidan denne utsegna står under kapittelet "Hjemstavnsdiktare og folkelivsskildrere", må desse forfattarane altså vera heim-

staddiktarar sjølv om dei ikkje skriv folkelivsskildringar. Rolf Nettum motseier med andre ord seg sjølv. Her trur eg vi er komne fram til den eigenlege problemstillinga: Er heimstaddiktning synonymt med folkelivsskildring, eller kan ein finna djuptpløyande psykologisk heimstaddiktning?

Meiningane er tydelegvis delte på dette punktet. Sigmund Moren i Gyldendals store leksikon og Herleiv Dahl i Norsk Allkunne reknar begge både Arne Garborg og Olav Duun med blant heimstadiktarane. Bjarte Birkeland derimot er ikkje overvette glad i nemninga. Han seier om Duun og Uppdal si dikting:

Og sjølve dimensjonane i diktinga deira gjer at ho vanskeleg let seg fange inn av grove klassifiseringar som "heimstaddiktning" eller "nyrealisme" eller "arbeidardiktning", til det er diktinga deira for samansett.  
(Birkeland 1975:478)

Eit anna døme på Birkeland si skeptiske haldning til nemninga heimstaddiktar, er innleiinga hans om Rasmus Løland. Der heiter det: "Der er større vengefang i Rasmus Lølands dikting enn etiketten "heimstaddiktar" kan få ein til å tru. Og likevel er han det."(S.st.:485) Det er tydeleg at Birkeland helst ikkje ønskjer å stempla nynorskdiktarane som heimstaddiktarar. Truleg fornemmar han det "nedsetjande" i nemninga utan eigenleg å problematisera det. I praksis har nemninga fått valør som sekundær kunst.

Sjølv trur eg vi her står overfor eit snervert litteratursyn skapt av ein borgarleg litterær institusjon. Innanfor den borgarlege litterære institusjonen vart allmenngjort psykologisk dikting vurdert høgt, utan at det vart problematisert kven denne diktinga var allmenngjort for. Den meir sosiologisk retta heimstaddiktninga var ikkje allmenngjort for den borgarlege litterære institusjonen, difor vart ho mindre "god". Det tidlegare reiste spørsmålet om ein kan finna djuptpløyande psykologisk heimstaddiktning, er eigenleg ikkje interessant. Om

vi vel å svara ja på spørsmålet, tyder det berre at vi får heimstaddiktinga delt i (minst) to nivå: God heimstaddikting med til dømes Garborg og Duun på grunn av dei psykologiske skildringane deira og mindre god med til dømes Tvedt og Seland på grunn av deira manglende psykologiske skildring. Denne måten å "heva" heimstaddiktinga på, synest eg ikkje er særleg interessant, særleg avdi særtrekka ved denne diktinga på den måten vert fullstendig oversedde. Vegen å gå må heller vera å endra kriteria som er lagde til grunn for vurderinga.

Denne måten å oppvurdera heimstaddiktinga som Herleiv Dahl og Sigmund Moren står for, kan ein og finna i forsøket på å oppvurdera folkelivsskildringa som genre. Erik Lindstrøm har i boka Nordisk folkelivsskildring (Sth. 1932) utvida omgrepet slik at i praksis vert mest all litteratur folkelivsskildringar, og dermed vert ein del av folkelivsskildringane nødvendigvis og "god" litteratur.

Når vi sturderer heimstaddikting og folkelivsskildring, er det viktig å hugsa på at "Verdi vil ikkje berre seia verdi av noko, men og verdi for nokon." (Dale 1955:9, mine understrekningar.)

B. DEI SÅKALLA HEIMSTADDIKTARANE SKRIV PÅ  
BEGGE MÅLFORMENE.  
KVIFOR IKKJE SJÅ DESSE DIKTARANE UNDER  
EITT?

Føremålet med å dela diktarar inn i grupper er til vanleg å gjera stoffet meir oversynleg og lettare tilgjengeleg. Som regel er fleire ulike grupperingar mogelege alt etter kva kriterium ein legg hovudvekta på. Å gruppéra diktarane etter tema er svært vanleg. Mest like vanleg er det å tala om ulike generasjonar. Den siste tida har vi òg sett døme på at forfattarar kan grupperast saman på grunn av kjønn.

Når eg har valt å sjå Seland i høve til den nynorske delen av heimstaddiktinga og ikkje i høve til heimstaddiktinga generelt, har det fleire grunnar.

I det tidsrommet det her er tale om - frå slutten av 1880-åra og frametter, kan ein seia at litteraturen på landsmål kjem i gang for alvor. For første gong står det fram ein heil liten flokk som nyttar landsmålet i diktinga si. Tidlegare hadde vi berre hatt spreidde einskildtilfelle som Aasen, Vinje og Garborg.

Viktig er det òg at landsmålet på denne tida får eit breiare nedslagsfelt. Det heng saman med fleire tilhøve. I 1892 vart landsmålet godkjent som opplæringsmål i folkeskulen. Med det var grunnen lagd for ein marknad for bøker på nynorsk. Framvoksteren av organisasjonar med landsmålet som ei av dei viktigaste sakene, var òg ein viktig føresetnad for den spreyinga landsmålet fekk. Bondevennlag og samtalelag, ja, heile vår politiske situasjon, særleg innføringa av parlamentarismen i 1884, var med på å vekkja folk. Resultatet var at då Norigs Ungdomslag i 1896 og Norigs Mållag ti år seinare sette målsaka

fremst på programmet, var tida moden for det.

Det er viktig å ha klart for seg at nynorskforfattarane og nynorskmiljøet ikkje kunne ha oppstått uavhengige av kvarandre. Forfattarane var avhengige av eit nynorskvenleg publikum akkurat som det nynorske publikumet trong landsmållitteraturen for å veksa i omfang.

Etter kvart byrja det å koma ut aviser og tidsskrift på landsmål. Slike freistnader hadde vore gjorde tidlegare. Døme på slike er Vinjes Dølen (1858 - 70) og Garborgs Fedraheimen (1877 - 91), men det nye for tidbolken er at talet på blad aukar, og det same gjer levetida deira. Nokre av dei viktigaste bladtiltaka var tidsskriftet Syn og Segn og avisene Den 17de Mai som begge tok til i 1894. Ved sida av desse to sentrale tiltaka, kom ei rad meir lokale blad, nokre i tilknyting til dei ulike landslutene, andre vende seg direkte til spesielle lesargrupper som ungdom, born, bønder eller målfolk.

Vi ser at eit aktivt målmiljø er i ferd med å veksa fram. Det hadde vore enkelt å forsvara ideen om å sjå Seland berre i høve til dette miljøet dersom ein hadde hatt eit einitydig dansk-norsk forfattarmiljø å setja målforfattarane opp mot. Det har vi diverre ikkje. I 1880-åra og framleis utover i 1890-åra kom dei fleste "store" dansk-norske forfattarane ut i Danmark. Det var det ikkje høve til for målforfattarane same kor "store" dei måtte vera. Garborg gav ut eit par bøker i Danmark, men dei skreiv han på dansk-norsk. På forlagssida fekk vi difor nokre tillau til nynorskvenleg forlagsverksemد. Det norske Samlaget, som hadde kome i gang alt i 1868, er ikkje særleg interessant i denne samanhengen, for det var lite det gav ut av skjønnlitteratur.

Det første verkelege forsøket var Mons Litleré. Olaf Huseby hadde prøvt seg nokre år tidlegare, mellom anna med nokre Garborg-bøker, men han gav fort opp. Det lønte seg ikkje. I 1886 byrja Litleré med Norsk-maalets Bokhandel i Naustdal i

Sunnfjord, men han flytta snart til Bergen der han vart redaktør av bladet Firda- og Sygnafylkets Avis, seinare korta til Firda. Her heldt han fram med å driva forlag, og bokhandel. Uheldigvis døydde han ung, berre 28 år gammal våren 1895, og dermed miste målfolket forlaget sitt. Bertrand Jensen gav òg ut nokre målbøker - 46 i alt i perioden 1893-99 ved sida av bøker på dansk-norsk. Frå slutten av 1890-åra er det Olaf Norlis forlag som står fram som det store målforlaget. Men det er ikkje berre målbøker som kjem ut hos Norli, også diktarar som skreiv på bokmål, og som seinare er blitt kalla heimstad-diktarar, kom ut hos han. Det at mange av heimstaddiktarane - både dei som skreiv på dansk-norsk og dei som skreiv på landsmål, kom ut på same forlaget, er eit vesentleg argument for ikkje å skilja mellom dei. I same retning talar mangelen på eit eintydig bokmålsmiljø, noko som òg hang saman med politiske skiljelinjer. Ofte stod bokmålsforfattarane vel så nær nynorskmiljøet som det dansk-norske.

Når eg likevel har valt å sjå Hans Seland i høve til dei nynorske heimstaddiktarane, har det samanheng med synet mitt på landsmålslitteraturen på denne tida. Mykje av det som skjer i denne perioden tyder på at det kan vera fruktbart å tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon. Det vil eg koma attende til i andre delen av denne oppgåva.

Fleire andre moment peikar i same retning. I litteratur-historiene til dømes har nynorskforfattarane hatt ein tendens til å bli handsama under eitt. Det gjeld for Kristian Elster i Norsk Litteraturhistorie. Han skriv om heimstaddiktinga under hovudkapittelet "åtti-årene":

I disse år skapes en ny og egenartet diktning som i 90-årene og ennå mere i det 20. århundredes første to tiår skulde få en mengde dyrkere, særlig blandt landsmålsforfatterne.  
(Elster 1934:81.)

Bull, Paasche og Winsnes handsamar òg nynorsk- og bokmåls-diktarane kvar for seg. Dei har to kapittel om "hjemstavns-

dikting". Det eine heiter "Hjemstavnsdiktning og bondelivsskildring. Jens Tvedt. Rasmus Løland. Vetle Vislie." - det andre heiter "Hjemstavnsdikting, tradisjonalisme, religiøs mystikk. Trygve Andersen. Hans Aanrud. Hjalmar Christensen. Thomas P. Krag." Denne tradisjonen er blitt følgd også i det siste store litteraturhistoriske verket vårt. Der tek Rolf Nyboe Nettum for seg bokmålsdiktarane, medan Bjarte Birkeland tek seg av nynorskdiktarane. Det er med andre ord ein sterk tradisjon å skilja mellom desse to forfattargruppene. Spørsmålet er berre kva som er årsaka til denne tradisjonen. For meg verkar det som om litteraturhistoriene ikkje har særleg andre grunnar enn språket for å skilja mellom dei. Kan henda representerer Bjarte Birkeland eit unntak. Han har nemleg ein fyldig omtale av miljøet og dei særeigne føresetnadene til denne litteraturen. Likevel gjer heller ikkje Birkeland freistnader på å ta omsyn til dei lesargruppene denne litteraturen var mynta på, eller dei funksjonane han hadde.

Ola Raknes er ein av dei som tidleg problematiserte litteraturhistorieskrivinga. Han hevdar at

Kultur-soga åt det norske folket, frå dansk-tidi tok til og alt fram til vår tid - ei saga som enno ikkje er skrivi -, vilde i stor mun vera soga um høvet millom desse two 3) kulturstraumane i vårt land. Og ei litteratur-soga som skulde syna samanheng og gjeva forklaring på utviklingsgangen, laut taka dei two lagi av åndslivet kvart for seg, soleis som dei levde kvart for seg, og skildra kvart ut frå sine eigne fyresetnader - sjølv sagt også taka med den innverknaden det eine kann ha havt på det andre.  
(Raknes 1925:225, mine understrekningar.)

Valet mitt er altså verken særleg nytt eller originalt. Likevel vil eg presisera at mine motiv for å skilja ut nynorsk-litteraturen går meir i retning av Raknes sine, og vert såleis forskjellige frå dei motiva eg mistenkjer litteraturhistoriene

3) Raknes meiner her den nynorske (som han kallar norske) og så den dansk-norske.

for å ha hatt.

Ein annan mogeleg måte å sjå heimstaddiktinga på er å skilja forfattarane frå dei ulike landsdelane frå kvarandre. A.M.St. Arctander talar om "Garborg og skulen hans" i tidsskriftet Vor Tid, 1893. Med det siktar han til Jens Tvedt, Rasmus Løland og Hans Seland. Han skriv om dei:

D'er desse tri, som stend fremst millom den ungdomen, som eg vil samnemna som Arne Garborgs skule, fordi d'er han, som fraa fyrst av hev sett dei paa faret. Medan vaare andre unge diktar-emne gjeng og leitar etter "ein ny kunst" og finn korkje mid eller maal for sine uklaare draumar, stend desse fyregangsmenner fyr ungdomsflokken paa vestlandet aalvakne med full greida paa, kvat dei gjer og kvat dei vil, og difyr hev dei magtad aa leggja fram bilæte av bondeheimen og bygdelivet, som stend so høgt i sin jamne kunst og si djupe sanning at ein skal leita verdi yver for a finna maken til folkelivsteikninga.  
(Arctander 1893:67)

Også Hjalmar Christensen i Unge Nordmænd - Et kritisk grunderids er oppteken av forskjellen mellom austlandske og vestlandske lærne, og brukar det til å forklara skilnaden mellom bøker av austnorske og vestnorske forfattarar. At det til sine tider har gått (og går) politiske -særleg kulturpolitiske-skillelinjer mellom Austlandet og Vestlandet, er det vel ikkje tvil om. Når eg ikkje har valt å sjå Seland si diktning i høve til den vestnorske litteraturen er det av di eg trur at ei slik tilnærming ikkje er interessant nok i dag. Motsetninga går like ofte mellom flatbygdene på Austlandet og byane på den eine sida og storparten av landet elles på den andre, som mellom Austlandet og Vestlandet. Vestlandet er dessutan heller ikkje noko eintydig fenomen. Det kan ofte vera motsetnader mellom indre og ytre strok. (Øidne 1957)

C. HANS SELAND (5.mars 1867 - 30.juni 1949)

Forfattaren Hans Seland er så å seia ukjend i dag. Det siste som er kome ut på nytt av han, er barneboka Prinsesse Gullsko og systrene hennar (Noregs boklag 1967) og trilogien Tore Herdal (Noregs boklag 1967). Desse bøkene kom ut i høve 100-års jubileet for Seland sin fødsel. Samstundes kom boka Hans Seland av Einar Arne på Noregs boklag med støtte frå Norsk kulturråd.

Seland byrja å gi ut bøker i 1890, og han gav framleis ut bøker i 1940-åra. Mellom første<sup>4)</sup> og siste<sup>5)</sup> boka han skreiv, er eit spenn på 57 år (sjå oversyn over bokproduksjonen hans s. 127). I denne tida gav han ut 41 bøker. Då er Tore Herdal-trilogien rekna som tre bøker og Eikeli-folket som to. I tillegg skreiv han i fleire blad - både meiningsytringar, artiklar og litterære utgreiningar. Dette byrja han med før han fekk gitt ut første boka si. I sjølvbiografien sin (Seland 1931:30) fortel han at då han om hausten 1887 arbeidde som gartnar og husbondsdreng på Pleiestiftelsen for spedalske nr.1 i Bergen, kom han i kontakt med Mons Litleré som styrde bladet Firda og Sygnafylkets avis. Der skreiv han i bladet no og då under merket Espen Eiriksson. Våren -88 for han til Danmark for å læra meieridrift. Medan han var der, skreiv han brev til Fedraheimen, Firda og Lister og fekk blada fritt tilsende for det same (Seland 1931:39). Etter at han byrja å gi ut bøker, verkar det som han skriv heller jamt. I Syn og Segn til dømes har han ei skildring eller to i mest kvar årgang frå bladet kom ut i 1894 (- ikkje i 1898 og -99-årgangen). Sjølv gav han ut eit lite sogetidsskrift, Grannen, frå 1915 og så lenge han levde. Det var eit samlingsblad for segn og soge frå Flekke-

4) Espen sine songar. 1890.

5) Hetlesaka som gjekk i 40 år. 1947.

fjord og bygdene rundt som Mållaget i Flekkefjord stod bak. Det kom ut 4 gonger om året og følgde som fritt vedlegg til tingarane av avis Agder. Til å byrja med skreiv han det meste sjølv. I dag er det mogeleg å få eit oversyn over det stoffet han skreiv i dette tidsskriftet gjennom ein lokalhistorisk bibliografi for tidlegare Nes og Flekkefjord kommunar (Ingvild Seland 1979).

Det er ikkje lenge sidan Seland vart "gløymd" skal ein dømma etter bokutgivinga. Så seint som i 1940-åra kom fleire av bøkene hans i nye opplag. I 1941 kom Inger. Ein sumardraum (1894) i 2. opplag, i 1957 kom 4. utgåva av Eikelifolket (1898-1900) og i 1963 kom 4. opplag av Bygdefolk. Utvalde skjemtesoger (1907). I Nordal Rolfsens leseverk var han representert både i nynorskutgåva av 1951 og i bokmålsutgåva 1952-60, men i Torbjørn Egners leseverk er han ikkje med i det heile. (Det kom ut 1958-1966.)

Trass i Seland sin omfattande litterære produksjon, er det skrive heller lite om han, og mykje av det som er skrive, byggjer på sjølvbiografien hans Aar og dagar (1931). Dette gjeld for ein stor del dei 3 bøkene om han av Morten Ringard<sup>6)</sup>, Trygve Bertrand Stokke<sup>7)</sup> og Einar Arne<sup>8)</sup> som alle er komme etter at han døydde, men òg fleire av dei artiklane som er skrivne om han, til dømes Midttun 1949.

Eg kjem i det følgjande hovudsakleg til å halda meg til sjølvbiografien hans med alle dei ulemper ei slik kjelde kan ha. Ein sjølvbiografi gir oss det biletet av forfattaren som han ønskjer å gi snarare enn eit objektivt biletet. Det er også

6) Hans Seland. En profil, Fl.fj.1949.

7) Hans Seland, liv og diktning. Hovudoppg. til embetseksamen i norsk, Oslo våren 1953

8) Hans Seland. Diktaren og mennesket, 1967.

ein fare for at tida som er gått sidan hendingane skjedde, kan ha endra minnet. Seland var 64 år då han skreiv sjølvbiografien, men framleis ein aktiv mann. No er eg først og fremst interessert i konkrete opplysningar om kva han har gjort/vore med på. På det området skulle det ikkje vera noko i vegen for å nytta ei slik kjelde. I den grad det let seg gjera, vil eg òg prøva å kontrollera opplysningane.

### 1. Sosial bakgrunn og utdanning

Hans Seland vokste opp på Seland i tidlegare Nes kommune utanfor Flekkefjord. Han skriv sjølv om garden at "bruket var det minste paa Seland. (---) Me fødde 3-4- kyr og 7 sauvar paa det vis det var." (Seland 1931:9). Sjølv var han nr. tre i ein søskensflokk på sju. Miljøet han vokste opp i var på mange måtar stimulerande. Faren var ein aktiv mann i lokalmiljøet. Han var formann i fattigstyre og skulestyre, varamann i forliksrådet og med i likningskommisjonen. I 1876 var han med og stifta Nes sparebank. Alle dei 5 sónene fekk utdanning. Heime heldt dei først Almuevennen<sup>9)</sup> (1849-93) ei tid, seinare Verdens Gang<sup>10)</sup> (1878-1923) då det kom (Seland 1931:9).

- 9) Bladet skulle vera til "Opplysnings Fremme blandt Menigmand". I fyrstninga var det liberalt, seinare meir konservativt redigert. (---) Emne og framstellingsmåte var vel tilrettelagt for folk utover landet. Difor fekk det òg mykje å seia i denne pol. vakningstida. Det vart eit av dei mest utbreidde blada her i landet, nådde eit vekeopplag på 22000 eksemplar. (Norsk Alkunnebok 1948)
- 10) Grunlagt som vekeblad i Kria. av lærar P. Olsen, dagblad frå 1885. Medan O.A. Thommesen var red. 1878-1910, hevda bladet uavhengige, radikale standpunkt, var lenge hovudorgan for Venstre, frå 1909 for Frisinnede Venstre. (Norsk Alkunnebok)

Utan religiøs påverknad var heller ikkje barndomsheimen hans.  
Han fortel at

Det hadde gjenge ei slag vekkjing yver bygdene  
noko fyre mitt minne. Felone var brende, og dans  
var stor synd. Alle mann las postillepreika um  
sundagen. For meg var det helst ei lang pina.  
(---) Far hadde fleire postillebøker.  
(Seland 1931:17)

Barndommen og oppveksten til Seland var prega av den store kriza  
i norsk jordbruk. Det er endringane i dette halve hundreåret  
frå 1860-åra og utover forfattaren Inge Krokann har kalla "Det  
store hamskiftet i bondesamfunnet". Overgangen frå natural-  
hushald til pengehushald førte etter kvart til fleire større  
omleggingar i jordbruket. Nye maskiner og nye driftsformer  
reduserte trøngsen for arbeidskraft og var saman med det store  
fødselsoverskotet ei viktig årsak til den veldige tilstrøyminga  
til byane og til utvandringa til Amerika. Per Fuglum (1978:232)  
skriv om den økonomiske situasjonen i landet:

I løpet av de vel tjue årene fra 1865 til 1887  
ble pantegjelden som hvilte på norske gårdsbruk  
mer enn fordoblet, og stigningen fortsatte ut  
gjennom 1890-årene. Utskiftingen, grøftingen  
og inngjerdingen, de moderne låvebygningene og  
de nye maskinelle hjelpemidler hadde medført  
betydelige investeringer og ført til tyngende  
låneforpliktelser.

Den økonomiske situasjonen i jordbruket og folkeflyttinga  
førte til at fleire gardar vart lagde ned, først og fremst  
husmannsplassar, men òg gardar - särleg i kyst- og fjellbygdene.  
Det er viktig å ha desse tilhøva i mente når ein les Seland  
sine bøker. Dette var problem han hadde kjent på kroppen under  
oppveksten, og som kom til uttrykk i bøkene hans. I nyare tid  
er tiåret 1877-87 det lengste tidsrommet med økonomisk stagna-  
sjon i landet (Nerbøvik 1973:27) - det tiåret då Seland var  
mellan 10 og 20 år.

Garden han voks opp på og overtok i 1894, var ein typisk tung-

driven heiegard med små jordflekker inn i mellom steinknausane. Veg fekk dei først i 1915. Halvdan Koht (Koht 1949:387) har skildra garden etter eit besøk der sommaren 1900:

Eg hadde aldri sett noko så - opphakka. Her var ingen ting som likna på dei djupe fjordane og dalane vestpå og nordpå eller dei vide viddene og markene austanfjells. Eg måtte tenke på mor mi når ho stod med rullekniven på hakkebrettet og skar opp kjøtet, - såleis hadde ein gong ei diger trollkjerring stått og hakka opp dette landet her sør. Alt gikk i kross og krok. Knausar og knattar stod og sloss om romet. Nede på garden var allting oppskori og oppkløyvt. Dei største engene var ikkje meir enn som eit skikkeleg stovegolv. Åkrane var berre små lappar, smale reiner mellom helleberg og steinar, some trekanta, some firkanta. Her dugde det korkje med hest eller maskiner. Her spurdest det om sterke, breie rygger. Og det hadde Selands-karane. Møkka måtte dei bera ut på markbetane sine. Høyet måtte dei bera inn i hus.

På denne garden forsytte Seland kone, foreldre og etter kvart 8 born. Det seier seg sjølv at både forteljeverksemda og forfattarverksemda må ha representert eit kjærkomment og naud-synt tilskot til hushaldet.

Seland hadde ikkje noko särleg utdanning til forfattar å vera samanlikna med dei forfattarane Johs. A. Dale har kalla "generasjonen av 1890" (Dale 1974:12). Det viktigaste kjenne-merket på denne generasjonen er det etter måten sterke innslaget av fleire sosiale miljø, - särleg flokken av bondefødde forfattarar er stor samanlikna med tidlegare. Likevel er det få av desse forfattarane som blir verande bønder. Her er Seland eit av unntaka. Av den grunn kunne han aldri få den same litterære avstanden til dei bøndene han skildra som til dømes Vetle Vislie og Jens Tvedt.

Skulelova av 1860 hadde bestemt fastskulen som normal ordning både for by og land. Omgangsskulen vart likevel ikkje formelt avskipa før med skulelova av 1936. Talet på born i omgangs-

skulen gjekk raskt ned utover 1800-talet, frå vel 16000 i 1837 til 3620 i 1861 og i 1890 berre 732. For Seland vart det omgangsskule med to dagar på kvar gard. Dei to siste åra før han vart konfirmert gjekk han ein månad kvar sommar på skule i Tjørsevåg<sup>11)</sup> hos Ole Fuglestvedt, seinare stortingsmann. Der lærde han å botanisera. I 1883 gjekk han eit år på amtskulen i Feda hos I.G. Schøtt frå Stjørdalen. Sjølv skriv Seland om Schøtt at "han lærde meg norsk" d.v.s. norsk-dansk so eg kjende meg trygg der med" (Seland 1931:22). Likevel nyttta Seland sjeldan anna enn landsmål i det han skreiv. Mellom målmennene rundt hundrearsskiftet var det ikkje uvanleg å nyttta landsmål når det høvde best og norsk-dansk når dei meinte det var det laglegaste. Såleis nyttta til dømes både Garborg og Vislie ofte norsk-dansk i offentleg ordskifte - særleg i blad som ikkje høyrd med på landsmålssida.

Seland gjer sjølv greie for korleis han vart målmann:

Under desse tider (straks etter konfirmasjonsalderen) vart eg maalmann. Me heldt eit blad heitte Nordmannen. Det vart prenta i same verket som Fedraheimen. Derved hende det jamt at dei tok sats av Fedraheimen til aa fylla bladet med, naar det wanta ei spalta eller ei halv. Eg hadde fyrist vore smaa galen paa maalstrevet; me hadde vel maal godt nok med det me hadde? No kom det inn på meg, eg kjende det alt som mitt eige. Tok det straks i bruk.  
(Seland 1931:21)

Eg har funne eit blad med dette namnet i Nynorsk boklista 2 i oversynet over nynorske blad i perioden 1858-1920, og det kom ut i tidsrommet 1888- 1891. Elles stemmer det at det kom ut på Nikolai Olsens Boktrykkeri slik som Fedraheimen gjorde frå 1881 til 1888. Det bladet eg fann med namnet Nordmanden kom ut i perioden 1888 til 1892. Men ei lita skrivebok<sup>12)</sup> der Seland har

11) I følgje Seland sjølv gjekk denne skulen for å vera den best utstyrt folkeskulen i landet. Garverieigar, seinare dampskipsekspeditør B.C. Søyland gav pengar til skulen og her gjekk alle borna i bygda på skule turvis (Seland 1931:19)

12) Boka er no i privat eige hos etterkomarane etter Solveig og Einar Arne.

skrive ned tankar og hendingar frå den tida då han gjekk på Stend jordbrukskule syner at han alt på den tida nytta landsmålet i det han skreiv. Så anten må han hugsa feil i sjølvbiografien sin, eller så må der ha vore eit anna blad med same namn som òg kom ut i Nikolai Olsens Boktrykkeri. Mest truleg har han hugsa feil.

Etter amtskulen bar det til Stend i Fana på toårig jordbrukskule. Det var om hausten 1884. Dei to eldre brørne hans var no komne i arbeid og lånte han skulepengar.

Våren 1888 for han til Danmark i meierilære og vart der eit år, og med det var skulegangen slutt for Seland. Nokon meieripost fekk han aldri. I åra fram til han tok over farsgarden sommaren 1894 dreiv han med litt av kvart. Vintrane 1889-93 dreiv han som bokseljar for Litleré (sjå s. 45), og innimellom var han jordbruksarbeidar. I 1893 for han til Oslo for å styra bladet Nordmannen<sup>13)</sup>. Det er mest umogeleg å finna stoff om den tida då han var i Nordmannen. Forklaringsa på det finn vi truleg hos Koht: "Det varte no ikkje så lenge; eg har lita tru på at han lika seg større i det bladet, enda han var brennhuga vinstreman og oppglødd for politikken" (Koht 1949:385). Sommaren 1896 gifta han seg med Serena Malde frå Stavanger. Ho hadde gått på ein skule der som Oddmund Vik, Jens Tvedt og fleire hadde sett i gang for småskulelærarar. Lærareksamen tok ho i Kristiansand (Morten Ringard 1949). Etter at ho gifta seg, arbeidde ho ikkje meir som lærar, med unntak av det første halve året etter bryllaupet.

13) Nordmannen var eit politisk blad som politikaren Peder Rinde (1844-1937) gav ut. Rinde gjekk heilt inn for Jaabæks gamle program: folkeopplysning, strid mot byrakrati og sparsemd i statshushaldet. Han hadde stor innflytelse hos mange bondetingmenn. Bladet kom ut i perioden 1892 til 1901, då vart det tatt opp i National-bladet.

## 2. Engasjement

Seland var tidleg politisk aktiv. Då 9. juni-vedtaket<sup>14)</sup> kom, for han rundt og skreiv inn medlemmer i Venstrelaget. Dette var i 1880 og han var då 13 år gammal<sup>15)</sup> (Seland 1931:20). Venstre-mann var han like til partiet vart kløyvt og Bondepartiet skilt ut i 1920. Han var aktiv både på riksplanet og på det lokale planet. To gonger stod han som vararepresentant til Stortinget. Første gongen var i perioden 1915-18. Andre gongen var han varamann for Bondepartiet (Senterpartiet frå 1959). Det var i perioden 1921-24. Tre gonger var han òg med i program-nemnda til Bondepartiet.

På riksplanet var han med i Norsk Landmandsforbund (stifta i 1896, frå 1922 Noregs Bondelag). Frå 1916 til 1937 var han med i landsstyret for Noregs Bondelag. Han sat der i 21 år før han 70 år gammal sa frå seg attval. Denne samskipnaden hadde i 1921 10 000 medlemmer, i 1914 50 000 medlemmer og i 1939 58 000 medlemmer (Pax Leksikon).

Også på lokalplanet var han aktiv. I Nes skipa klokkar O. Fuglestvedt ei "Landboforening" alt i siste halvdelen av 1870-åra, der mellom andre far til Seland, Johannes Seland var med. Dette laget døydde bort då Fuglestvedt flytta i 1891. Men i 1895 kom det liv i det att, og denne gongen var Hans Seland med i styret (Seland 1939:13). I byrjinga av 1911 melde så dette laget seg inn i Norsk Landmandsforbund og i 1913 endra det namn til Nes bondelag.

Medan Seland sat i styret på landsplan, var han samstundes krinsformann i Vest-Agder. Yrket hans som bonde og interessa

14) Med 9. juni vedtaket hevdar Stortinget i røynda eineherredømet over Grunnlova. (--) Det var eit første avgjerande steg bort frå maktdelingsprinsippet, i retning av parlementarisme (Nerbøvik 1973:91).

15) Kor vidt Seland hugsar heilt rett her skal eg ikkje seia sikkert. Men i følgje Per Fuglum 1978:15 var det i 1882-83 først at tanken om politisk organisering slo igjennom på lokalplanet. Det er altså vel mogeleg at Seland var nokre år eldre då han samla medlemmer til Venstrelaget. Det stemmer òg med dei opplysningsane Stokke 1953:141 gir om at han var 16 år då han var med og skipa Venstrelag

hans for jordbruket gjorde vel at det var naturleg for han å gå over i Bondepartiet då det vart skipa. Sjølv prøvde han i det lengste å få landsmøtet i Venstre til å ta omsyn til det samrøystes bondekravet om at kornmonopolet ikkje måtte gjerast fast dei nærmaste 3 åra, men det førde ikkje fram (Seland 1931:205).

På den eine sida arbeidde Seland for å styrkja bonden si stilling kulturelt, til dømes gjennom fortelje- og skriveverksemda si ved den gjennomførte bruken av landsmålet. Han var med på fleire målmarknader som vart haldne rundt om i landet. Hausten 1898 var han med på Den norske marknaden i Kristiania der han mellom anna fortalte skjemtesoger i "huskestova" (Seland 1931:91). Fire år seinare heldt Vestmannalaget og Ervingen stor målmarknad i Bergen, og Seland fortalte "rispor og sogor" (Seland 1931:128). Han var sterkt knytt til Bergen, hadde mange venner der, og frå 1896 til krigen kom, høyrdie han med til det faste programmet på 17. mai-festane som Vestmannalaget fekk i stand. I 1904 var han med på målmarknaden i Oslo att, for så i 1907 å få med seg målmarknaden både i Nidaros og i Bergen.

Då målrørsla byrja å organisera seg i landsdelslag rundt hundreårsskiftet, vart Seland med i styret i Egde- og Telelaget som vart skipa i 1899 (D17M, nr. 140, 1899). Dette laget gav ut ein pamflett, forfatta av Seland som heitte "Norsk maal. Kvi "strøvar" me?" Stykket var på 8 sider og kom ut i 1900<sup>16)</sup>. Seinare gav Maalkassa det ut og det vart prenta i omlag 130 000 eksemplar i alt (Seland 1931:95). Seinare då Mållaget i Flekkefjord vart skipa 1. desember 1908, vart han med i styret der òg. Ei stund var han og formann i laget (Mållaget i Flekkefjord. 50 års skrift 1908-58). Noko av det første Mållaget i Flekkefjord sette i gong var eit målskeid i skulehuset på Sunde. Fylkesskulestyrar Ryen og Hans Seland styrte kurset som

16) I Seland sin sjølvbiografi 1931 står det at det kom ut i 1909, men det er truleg feiltrykk då det står 1900 i originalen.

varde 2 timar kvar kveld 4 kveldar i veka - i alt 50 timar. Så mange deltagarar hadde kurset ikkje - "15 læresveinar og -gjentor" (s.st.:5).

Det er ingen tvil om at Seland var ein aktiv mann både innan målrørsle og bonderørsle. Han var i høgste grad ein talefør og omgjengeleg mann og vart difor mykje nytta både som talar og til underhaldning.

Etter kvart kom han til å kjenna landet heller godt. Best kjend vart han nok som "hikstorieforteljar"<sup>17)</sup>. Medan han reiste rundt og selde bøker for Mons Litleré (sjå s. 45), hadde han byrja å halda forteljekveldar, noko han heldt fram med etter at han sluttar å selja bøker. Nokre gonger organiserte han turane sine sjølv og fekk hjelp av venner og kjente til å arrangera samankomene, andre gonger reiste han etter innbeining frå ulike ungdomslag. Hausten -93 la han ut på ei forteljeferd som byrja i Kragerø og heldt fram til Trondheim. Sjølv fortel han om denne ferda:

Forteljeferdi gjorde so mykje av seg at eg kunde kvitta meg med skuldi fraa skuledagane. Og det var godt aa vita at no aatte eg meg sjølv. Ein annan tanke hugga meg ikkje mindre. No hadde byfolk røynt at dei skyna det føle landsmalet. Eg rekna ferdi for ei missionsferd for hjarte-saki mi, samstundes med at ho gav meg mynt.  
(Seland 1931:67)

Seland hadde med andre ord både økonomiske og idealistiske grunnar til den kulturelle verksemda si. Same våren hadde han prøvt seg som sogeforteljar i Kristiania. Den eine kvelden i Eldorado vart til 30 forteljekveldar (Seland 1931:57), og trass i "gode" råd frå mellom andre Mathias Skeibrok, heldt han fast på at han ville bruka sin eigen dialekt. Det verkar som om forteljeverksemda er noko han driv på med jamt i åra frametter, sjølv om ikkje alle turane var like lange, og sjølv om det

17) Seland brukar nemninga "hikstorie" om morosame forteljingar, til å le av.

ikkje var kvart einaste år.

Det året han gifta seg, la han ut på ein lengre tur om hausten. Han byrja i Sandnes og Stavanger og tok byane føre seg nord til Nidaros. Derifrå heldt han fram nordover og besøkte fleire byar og tettstader i Nord-Noreg (Seland 1931:83), mellom andre Mosjøen, Sandnessjøen, Bodø, Svolvær, Harstad, Tromsø og Hammerfest. I eit brev til O.J. Larsen datert Flekkefjord 16/12 -96 skriv han:

Og no har eg gudsjelov komen so langt i "berømmelse" at eg kan gjera følt lite av det med reklame. Folk kjem korso! Det vart ikkje langt i frå 700 kr. av turen.

At han ikkje alltid syntest denne forteljeverksemda var like morosam, går fram av eit brev til Bolette C. Pavels Larsen datert 21/4 -02. Det er eit svar på spørsmålet om han kan koma på målmarknaden:

Aa fortelja paa basar - kveld etter kveld slik - det er det verste eg gjer. Og so gjer eg det likevel av og til.

Kor oppteken ein mann han var, går fram av same brevet:

Eg hev no mest lovd aa bli i hovudstaden storparten av sumaren ved Norsk folkemuseum på Bygdøy. Eg skal ha 300 kr. for juni maanad og meir torde eg ikkje binda meg til fyrr eg ser. (---) Eg hadde visst ikkje lovd, eg treng vera i Oslo og tala med bokhandlarar um forlag og mangt og so vil dei hava meg til Trysill paa ungdomsstevna og der hev eg lyst til aa fara - og alle dei flugor slår eg so med ein smekk. (---) Det kjem i vegen for haust "planar", dette med marknaden. Eg og Olav Moe 18) hadde tenkt paa turné i Austfold, Vestfold og "Buskerud". Ifjor var me ute saman paa Vestuppland i 7 vikur og heldt paa jamnan 100 kr. vika netto, kvar av oss!

18) Olav Moe var ein kjend felespelar frå Valdres.

Også lærarskulane nytta han dersom det høvde seg slik. Han fortel sjølv at "dei gamle rektorane ved lærarskulane, Marstrander i Kristiansand, Deinboll på Stord, Falkenberg i Levanger, Jørgensen på Hamar og Fasting i Holmestrand, dei bad meg alltid stogga og fortelja for elevane når eg for framom og hadde høve til det" (Seland 1931:63). I følgje Stokke 1953:138 vart bøkene hans ved nokre lærarskular lagde opp som pensum på grunn av den klåre og lette språkbruken hans.

Denne reiseverksemda var ikkje berre noko han dreiv med i ungdommen. I 1931 skriv han at han dei siste åra har vore ute kvar haust og tala i ungdomslag og bondelag.

Hev vel hatt minst 300 foredrag berre dei siste 6-7 år. Det hev vore sers godt fram-møte. Ferdene hev vore til gleda for meg sjølv, og - det vonar eg - til kveik for ein og annan av aahøyrarane med. Eg hev bl.a. tala i alle ungdomslag på Sunnmøre og i Roms-dalen, og i Nordfjord og Telemark two vendor. (Seland 1931:141.)

Å kartleggja Seland si reiseverksemd, eller å få eit oversyn over alle dei talar og forteljekveldar han har halde, er mest uråd. Ein bør likevel vera klar over denne sentrale sida ved forfattaren og mennesket Hans Seland. Evna hans til kontakt med publikumet sitt har nok vore til glede og nytte både for han sjølv og for publikum.

Ved sida av dei innanlandske turane sine, gjorde han to reiser utanlands. Begge gongene for han til Amerika. Første gongen var hausten 1903 - våren 1904. Han fekk eit lite forfattar-stipend på 1100,-, men satsa på å klara seg ved hjelp av forteljeverksemda si. Seland skilde seg ut ved å velja Amerika. I følgje Johs. A. Dale 1974 var det Danmark, Tyskland og Frankrike som var dei vanlegaste reisemåla for norske for-fattarar. Sjølv forklarer han valet sitt på følgjande måte:

Eg var norsk folkelivsskildrar. Men alle

nordmenn eig slektningar i Amerika, og dette verka med på folkelivet heime no, saag eg. Eg vilde ha meir greida paa dette underlege samspellet.  
(Seland 1931:96.)

Då han vende tilbake til Noreg våren 1904, hadde han fortalt i over 70 byar (Seland 1931:118).

Andre Amerikaturen gjorde han i 1925. Han var då utsending frå Noregs Bondelag til 100-års festen for utvandringa. Han vart att i Amerika ei stund etter festen, men denne gongen klarte han ikkje å livnæra seg med hjelp av foredrag. Det var gjestevenskapen å takka at han kunne bli att der ei stund. Mykje hadde endra seg sidan sist, særleg det at dei nye generasjonane norsk-amerikanarar var i ferd med å bli amerikanarar.

### 3. Forfattarverks emd

Seland sin litterære produksjon femner vidt både i omfang og genrar. Det skulle ein ikkje tru om ein las om han i litteraturhistoriene våre. Han er nemnd og har som oftast fått ein liten omtale òg, men samanlikna med dei andre nynorskdictarane, høyrer han til dei minst omtala. Det kan vera mange årsaker til det. Ein av mine teoriar er at han kanskje rett og slett var for typisk -ja, at han faktisk på mange måtar kunne sjåast på som den personifiserte nynorske norma - noko han ikkje alltid var like tent med sjølv. Dette vil eg koma attende til seinare.

Han prøvde seg på fleire genrar. Mest kjent er det vel at han

skreiv barnebøker, folkelivsskildringar og hikstorier. Mindre kjent er det at han har skrive ein psykologisk triologi (Synkvervd 1902, Two Herrar 1911, og Vegvill 1917, i 1967 gitt ut som ei bok under namnet Tore Herdal), ei lærebok i frukt-dyrking (Frukthagen, saman med H. Norby-Olsen i 1908) og ei stavebok for skule og heim som er ei omsetjing av ei bok av Hedwig Rosing med tittelen Fyrste boki aat barnet (1908). Ved sida av den tidlegare nemnde sjølvbiografien Aar og dagar (1931), har han òg skrive ei reisesskildring Om Amerika og frendefolket i Vesterheimen (1904). Dessutan har han skrive dikt og salmar, både eigne og slike han har sett om. Den første var Espen sine songar som han debuterte med i 1890. Seinare kom Helg, eit hefte med 24 salmar - dei fleste omsette i 1919 og til slutt Dikt til framsegjing i 1943. Minst kjende er kan henda Ei Bergpreike (1893) og Lyngkvistar (1895) som inneheld småstykke av meir alvorleg karakter. Når eg ikkje presenterer bøkene kronologisk og med innhaltsreferat, kjem det av at eg synest det er gjort greit nok i Einar Arne si bok (1967) i kapittelet "Diktinga og bøkene". Han har òg ei inndeling av bøkene i 6 grupper etter type. Også T.B. Stokke (1953) har innhaltsreferat frå dei fleste bøkene hans. Elles gjer eg merksam på vedleggat bak over bokproduksjonen hans.

I tillegg til å skriva bøker, sette han om skodespel, mellom anna eit av dansken Jeppe Aakjær "Når bønder elskar"<sup>19)</sup>. Så vidt eg veit, er han ikkje sett om til andre språk - med unntak av barneboka Prinsesse Gullsko og systrene hennar som vart sett om til svensk i 1962 (Birkeland 1975:502). Den norske utgåva frå 1967 har nytta dei svenske illustrasjonane av Ilon Wikland.

Kva bilete av forfattaren Hans Seland har kome fram i litteraturhistoria? Eg har sett på 3 av dei større litteratur-

19) Finst i manuskriptsamlinga ved Universitetet i Bergen som rollehefte i Ingjald Haalands arkiv. Vidare har han sett om "Situasjonens herre" av Wilhelm Krag og "Barselstuen" av Holberg (Sletbak 1963)

historiene våre<sup>20)</sup> for å finna ut kva dei har lagt vekt på ved forfattarskapen hans.

Kristian Elster d.y. gir den knappaste omtalen og legg ein-sidig vekt på "hikstoriene":

Det i hans forfatterskap (---) som har noen verdi og har skaffet ham hans popularitet er hans jevne og sympatiske skildring av sørlands-bøndenes daglige liv og særlig da hans mange små humoresker, som han selv med megen virkning har lest op på en rekke opplesningsturneer.  
(Elster 1934:217.)

Deretter ramsar Elster opp alle "hikstoriebøkene" Seland har skrive, med unntak av den siste som kom etter at litteratur-historia var utkomen.

Bull, Paasche og Winsnes legg størst vekt på bondelivsskildringane som dei seier "bygger på et konkret kjennskap til bondearbeidet, både av slitet og av den indre glede det skaper" (B., P., W.: 1937:372). Som det beste i Seland sin produksjon reknar dei Trældomskaar. Ei kvardagssøge. (1896), Andror (1898) og Eikeli (1900). Seinare i forfattarskapen meiner dei "den direkte forkynnelse trer frem på bekostning av den kunstneriske utarbeidelse". Elles nemner dei både skjemtesogene, der dei meiner Seland som folkepsykolog kjem fram, og barnebøkene.

Bjarte Birkeland meiner at "av det han har skrive, har forteljingane for småborn og skrønene hatt størst livskraft" (Birkeland 1975:502). Det er truleg rett. Ei bok som Bygdefolk. Utvalde skjemtesoger (1907) kom i nye opplag i 1915, 1924,

- 20) A) Illustrert norsk litteraturhistorie av Kristian Elster d.y., 2.utg. Oslo 1934, bd. 5 Åtti og nittiårene.
- B) Norsk litteraturhistorie av Bull, Paasche og Winsnes, Oslo 1937, bd. 5 Fra Februarrevolusjonen til verdenskrigen
- C) Norges litteraturhistorie 1975, redigert av Edvard Beyer, bd. 4 Fra Hamsun til Falkberget av R.N. Nettum, P. Andersen og B. Birkeland

og 1963. Morostubbar, som kom i 1942, kom i 3. opplag alt i 1950. Også Prinsesse Gullsko og systrene hennar kom stadig ut på nytt - i 1927, 1949, og 1967. Kjærleiks- og ekteskapsromanen Høgsumar (1903)<sup>21)</sup> nemner Birkeland som den mest lesne boka hans. "Høgsumar var ein slik programroman som kom til å vekkja ordskifte", skriv han (op.cit:503). Kor vidt det er den mest lesne romanen, er eg ikkje så sikker på, men at det er den mest omdiskuterte er sikkert. Som Bull, Paasche og Winsnes nemner Birkeland Andror og Eikeli og meiner at med dei syner Seland seg som "realist god nok på sitt felt" ( S.st.:503).

Det som slår ein når ein ser på kva litteraturhistoriene skriv, er for det første kor få av folkelivsskildringane eller romanane hans som er nemnde, og for det andre at ingen av dei som er skrivne etter hundreårsskiftet er komne med - med unntak av Høgsumar. Kan det vera at romanen Høgsumar som kom rett over hundreårsskiftet, og som var ein tendensroman, og som forfattaren òg hadde sine klare føremål med, kom til å stempla Seland som forfattar tilein viss grad? Seland gjør sjølv greie for kvifor han skreiv akkurat denne boka:

Eg hadde sett meg harm paa bøkene som vart skrivne. Du kunde mest ikkje opna ei, utan ho fortalte um hor og egteskapsbrot og viljevalne vrak. Eg kom i hug om nokon ein gong i framtid i vilde granska og dóma vaar tid etter bokavlen, slik som Troels Lund hev lagt fram livet i "Norden" på 15-hundradtalet kva måtte han tru? So fortalte eg likso godt um eit av dei ærlege mynsteregteskap eg kjende so mange av.  
(Seland 1931:165.)

Denne boka bryt i aller høgste grad med bøkene som kom før. Kva er det som får Seland til å skriva ein slik roman rett etter hundreårsskiftet? Det kan ikkje berre vera dei såkalla dekadente romanane, for dei byrja då å koma ut før Seland skreiv si første bok i 1890. Kan norma innanfor ein evt.

21) I Birkeland 1975:503 står det at Høgsumar kom i 1901, Det rette årstalet er 1903.

nynorsk litterær institusjon gi ei forklaring, eller må ein  
søkja forklaringa utanfor?

Olav Midttun er ein av dei som har poengtert at romanane hans  
vart vel "pedagogiske" etter hundreårsskiftet. Han skriv:

"Høgsumar" yvertyder ikkje og fekk ikkje  
større verknad. Dette "pedagogiske" draget  
var endå sterkare med åri. Men det hjelpte  
at han meir heldt seg til å skildra livsvilkåri  
og arbeid i landsbygdene, og var der ein årleg  
bokmann som freista å finna endeframme  
naturlege sanne ord for sitt åndsinnhald.  
(Midttun 1949:397.)

Deretter ramsar han opp ei rekke bøker som "fortel um vanskane  
og slitet og gleda når ein arbeider med jordi" (s.st.), og som  
han tydelegvis ikkje meiner er for "pedagogiske". Først med  
Ein arbeidsmann (1922) skriv Midttun at Seland ikkje lykkast,  
og at det minka med diktarevna hans.

I Norsk biografisk leksikon (bd. 13, 1958) har Midttun ei opp-  
summering av forfattarverksemda til Seland:

Han vart mindre når ein ser på bøkene hans.  
--- Han fortalte lett og godt, men han vanta  
evne til djupare psykologisk inntrengjing i  
mannehug og lagnad. Dei innfløkte livsvanskane  
teiknar han vonde og vrangle, men han løyser dei  
sumtid noko lett, og ofte med ein godlidande  
smil eller lätt. --- Han vilde skildra det  
ljose i bondelivet og gjeva rettleiding um ei  
god livsførslle som kunde skapa glede og indre  
jamvekt og verka mot vonløyse og vantrivnad.  
--- Han var meir agitator enn psykolog, meir  
forkynnar enn granskar.  
(Midttun 1955:192.)

I tråd med dette synet vurderer Midttun Tore Herdal-trilogien  
som "større opplegg" enn Eikelifolket. I det fleste av bøkene  
sine er Seland meir oppteken av å syna mennesket i samspel med  
miljøet - dvs. i høve til andre menneske, arbeidssituasjonar  
og naturtilhøve enn å skildra sjøelivet deira. Men etablerte  
bokdommarar med ei vektlegging på det psykologiske aspektet

er nok forklaringa på at Seland òg rekna Tore Herdal-trilogien som det beste verket sitt.

Midttun sitt syn på Seland er blitt ståande sentralt. Han skreiv hovudartikkelen om Seland i Syn og Segn i 1949 etter at Seland var død, og han skreiv om han i Norsk biografisk leksikon. Etter som manglande psykologisk innleiving og "pedagogiske" tendensar synest å vera dei to hovudkriteria han har vurdert Seland sin litteratur etter, kan det vera interessant å sjå kva krav til litteraturen som vert sett innanfor ein evt. nynorsk litterær institusjon på den tida.

DEL II

A. EIN LITTERÆR INSTITUSJON DEFINERING  
OG AVKLARING AV OMGREPET

Som tidlegare nemnt, har eg valt å nyttar ein institusjonell synsvinkel på oppgåva mi. Ei slik tilnærming til litteraturen går inn i ein litteratursosiologisk tradisjon. Men i motsetnad til mykje anna litteratursosiologi som i stor grad konsentrerer seg om tilhøva rundt litteraturen og i mindre grad om litteraturen sjølv, fangar omgrepet ein litterær institusjon inn begge desse aspekta, både litteraturen sjølv og tilhøva rundt han. Det heng saman med at litteraturen under ein slik synsvinkel står fram som eit sams resultat av eigenskapane verk og vare.

Eg har som dei fleste andre, til dømes både Peer E. Sørensen, Povl Schmidt og Larsen/Stegane valt å ta utgangspunkt i Søren Kjørup sin definisjon av institusjonen kunst:

Institutionen kunst er af principielt samme karakter som institutionen Retssystemet (selv om der naturligvis er store forskelle mellem de to): Vi har her nogle personer (kunstnere, kritikere, publikum, ministrielle embedsmænd osv.) hvis aktiviteter i forbindelse med visse genstande (at skabe, opleve, analysere, vurdere, osv. kunstværker) styres af visse regler (---), og vi har visse underinstitutioner under den samlede kunstinstitution (teater, forlag, udstillinger, fonds osv.).  
(Kjørup 1971:27.)

Dette er ein relativt vid definisjon, men samstundes er det òg ei forholdsvis oppklarande skildring av kva som ligg i institusjonsomgrepet og difor godt høveleg som utgangspunkt.

Eg skal prøva å gjera nærrare greie for kva eg legg i omgrepet ein litterær institusjon. Forståinga mi byggjer i hovudsak på Arne Melberg sine presiseringar i innleiings-kapittelet

i boka Den litterära institutionen (Melberg 1975).

Arne Melberg har så vidt eg kan sjå ikkje nokon enkel, kort definisjon av kva ein litterær institusjon er. I staden prøver han å gjera greie for kva som gjer at ein kan bruka nemninga litterær institusjon, og kva for følgjer ein slik synsmåte får, til dømes med omsyn til studieobjekt. Melberg forklarer den litterære institusjonen på følgjande måte:

Denna institution avgränsar ett litterärt fält; och detta består både av materiella produktionsförhållanden, såsom upphovsmannarätt, förlagsystem, masspublik etc., och av mer immateriella, som de intresseområden, form-element, genrar etc., vilka bestämmer att något skrivet uppfattas som "litteratur" och att skrivaren uppfattas som "författare".  
(- -) Annorlunda uttryckt: dessa litterära villkor bildar specifikt litterära produktionsförhållanden, och dessa sammanfattas med begreppet "institution", som inte bara avgränsar ett litterärt fält, utan också visar att detta bara är en integrerad del av hela samhället.

(Melberg 1975:22-23)

Skiljet Melberg her gjer mellom materielle og immaterielle produksjonstilhøve er naudsynt så lenge det litterære verket framstår både som verk og vare. Dette går ikkje tydeleg fram av Søren Kjørup sin definisjon. Melberg peikar også på at det å sjå eit samfunn som bygd opp av institusjonar av ulike slag, inneber at verken litteraturen sjølv eller den litterære institusjonen kan sjåast som isolerte fenomen. Litteraturen blir i større eller mindre grad styrt av den institusjonen han er ein del av, samstundes som han sjølv er med på å forma reglane innanfor institusjonen. Den litterære institusjonen er open i den tydinga at andre institusjonar og samfunnstilhøve er med på å påverka han på same måte, men ikkje nødvendigvis i same mon, som han påverkar samfunnet. I det ligg idéen om at litteraturen kan ha ein emansipatorisk funksjon. Arne Melberg meiner at

Ett "institutionellt" betraktelsesätt är därfor ett första steg på vägen mot en utväcklad medvetande-sociologi, dvs. ett materialistiskt studium av det samhälleliga medvetandet, i vilket litteraturen är en integrerad del.  
(Melberg 1975:23.)

No ønskjer ikkje eg å gå så langt i oppgåva mi. Likevel trur eg ei institusjonell tilnærming kan vera fruktbar for føremålet mitt, nemleg å sjå Seland i høve til samtida si. Ein slik synsmåte inneber at genrar, former og innhald vert sedde som resultat av ein bestemt litterær institusjon snarare enn som uttrykk for eit diktargeni.

Det faktum at institusjonen let seg påverka av samfunnstilhøva, gjer at han endrar seg historisk. Han må difor analyserast på nytt for kvar ny periode, og ein må alltid ta omsyn til dei samfunnstilhøva som skapte han. Dei resultata ein kjem fram til med omsyn til eit gitt tidsrom, kan difor ikkje utan vidare overførast til tidlegare eller seinare periodar. Dette gjer det vanskeleg å arbeida ut ein bestemt strategi for å undersøkja den litterære institusjonen. Metodane må veksle alt etter kva litterær periode ein undersøkjer.

B. EIN ALTERNATIV NYNORSK LITTERÅR /  
SKJØNNLITTERÅR INSTITUSJON?

Med utgangspunkt i Melberg sitt skilje mellom materielle og immaterielle produksjonsforhold, vil eg undersøkja om det rundt hundreårsskiftet var 1) materielle grunnar til å tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon, og 2) om det var immaterielle grunnar til det. Denne undersøkinga vil visa om det i det heile er mogeleg å tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon.

Eg vil byrja med å ta føre meg nynorsk litteraturen sine ytre vilkår. Melberg nemner i den samanheng opphavsrett, forlags-system, massepakum etc. Sjølv har eg valt å sjå nærmere på forlagssida, meldarsida og nynorskforfattarane og nynorsk-forlaga sine måtar å nå eit nynorsk publikum på. Ei slik undersøking vonar eg vil klargjera om der er ting som tyder på at nynorsk litteraturen hadde andre materielle tilhøve enn den dansk-norske hadde.

Deretter vil eg undersøkja om der er ting som tyder på at landsmåls litteraturen har sitt eige normsystem. Povl Schmidt har ein definisjon av den litterære institusjonen som går direkte på dei immaterielle produksjonstilhøva. Han seier:

Den skønlitterære institution kan da defineres som de historisk variable sæt af normsystemer, der er retningsgivende for og styrer forholdet mellom forfattere, kritikere og læsere i det borgelige samfund.  
(Schmidt 1977:108.)

For å finna ut om landsmåls litteraturen har sitt eige normsystem, vil eg ta utgangspunkt i ein nynorskpublikasjon. Eg har valt å gjennomgå 1899-årgangen av Den 17de Mai - hovudavisa

til landsmålstilhengjarane rundt hundreårsskiftet, og prøva å trekkja ut litteratursynet i henne.

Etter mi meining er det viktig å undersøkja begge desse sidene ved den litterære institusjonen før vi slår fast om vi har å gjera med ein alternativ nynorsk litterær institusjon.

Hittil har eg konsekvent tala om ein litterær institusjon, og ikkje avgrensa han vidare til å gjelda ein skjønnlitterær institusjon (slik Povl Schmidt gjer i sin definisjon). Det er fleire grunnar til det. Kjell Haugland skildrar omfanget av nynorsklitteraturen slik:

Ved hundreårsskiftet var den årlege tilvoksteren av mållitteratur komne opp i eit gjennomsnitt på ca. 40 bøker og skrifter, eller ikring fem prosent av den totale norske bokproduksjonen.  
(Haugland 1977:20.)

Haugland har ikkje presisert kva han kallar mållitteratur, men truleg meiner han alle bøker og skrifter skrivne på landsmål, utan å skilja mellom faglitteratur og skjønnlitteratur. Nynorsklitteraturen er med andre ord ikkje større enn at det er mogeleg å få eit visst oversyn over han. Omfanget av denne litteraturen er ein av grunnane til at eg vel å sjå nynorsklitteraturen samla.

Vel så viktig er kan henda den nære samanhengen mellom den nynorske litteraturen og framvoksteren av målrørsla generelt. For målrørsla var det viktig å få nynorsken teken i bruk på flest mogelege område. Det var om å gjera å få synt at nynorsken var eit kulturspråk liksåvel som dansk-norsken, og at det var eit språk som kunne nyttast i alle samanhengar. Faglitteraturen var difor viktig reint målpolitisk, for gjennom den kunne målrørsla erobra andre kulturinstitusjonar som skuleverk, kyrkje og lovverk. Nynorsken slo først gjennom i skjønnlitteraturen, så kom blad av ulike slag med, og til

slutt byrja faglitteraturen å koma. Rasmus Flo skriv ironisk om synet på nynorsken i eit stykke i Syn og Segn:

Det er berre til slikt som skildringar og forteljingar han høver, um norsk liv, helst bondeliv, -ja og so norsk natur er han kanskje holder ikkje so verst til aa greia etter det me hev hørt i det siste.  
(Flo 1897:53.)

Etterpå følgjer eit forsvar for skjønnlitteraturen, men det er tydeleg at Rasmus Flo synest kritikken råkar litt, for han nemner at der finst no fleire målblad som tek opp litt av kvart, og til slutt kjem han med ei direkte oppmoding:

Men me skal ikkje anna segja, en at det var ikkje or vegen um det var fleire maalnerner til aa skriva bøker ogso um andre og meir ulike emne, til gagn baade for maalet og livet  
(s.st.:54).

Sjølv melde Rasmus Flo faglitteratur og skjønnlitteratur på lik linje i stykka sine i Syn og Segn.

Den særeigne stillinga nynorsk litteraturen stod i, - han var ikkje berre eit mål i seg sjølv, men like mykje eit middel til å fremja eit språk i framvokster, - gjer at eg finn det rett å ikkje skilja ut ein eigen skjønnlitterær institusjon, men heller halda fram med å tala om ein litterær institusjon.

#### 1. Forlagssida

Rundt hundrearsskiftet var den litterære situasjonen i landet

på mange måtar ganske eineståande. På forlagssida til dømes, møtte forfattarane ein heil del stengsle. Landsmålsbøker kom stort sett berre ut på forlag som gav ut målbøker, og det var ikkje mange, men desse forлага gav mest alltid ut bøker på dansk-norsk òg. Bøker på dansk-norsk derimot, kunne teoretisk sett koma ut på alle norske forlag og på danske forlag. I praksis var det bøkene til dei fremste norske forfattarane som kom ut i København. I følgje Johs. A. Dale var eit dansk forlagsmerke i ei norsk bok det same som eit kvalitetsmerke<sup>22)</sup> (Dale 1974:20). Nynorskforfattarane hadde altså færre og til dels andre forlag enn dei som ikkje var målforfattarar. I tillegg kom mykje av nynorsk litteraturen ut hos ulike blad og avisar rundt om i landet. Dette førte til at omlag halvparten av all skjønnlitteraturen på nynorsk i tidsrommet 1880-1915 kom ut andre stader enn i Oslo. For faglitteraturen på nynorsk i same tidsrommet, kom knapt halvparten ut andre stader enn i Oslo<sup>23)</sup> (sjå tabell s.126). Korleis situasjonen var for den dansk-norske litteraturen, er ikkje så godt å vita, men det er grunn til å tru at ein etter måten større del av den kom ut i Oslo og København.

Eg har tidlegare peika på at dei tre viktigaste forлага for nynorskforfattarane var Mons Litleré i Bergen og Bertrand Jensen og Olaf Norli i Oslo (sjå s. 11), og at dei nemnde forлага alle gav ut bøker på dansk-norsk ved sida av nynorsk-litteraturen. Det var altså ikkje i første rekkje kva forlag bøkene kom ut på som skapte skilnaden mellom dei to forfattargruppene. Nei, skilnaden låg snarare i kva høve nynorsk-forfattarane hadde til å velja forlag. Det er ei kjend sak at refuserte manuskript ofte vert sende til andre forlag, og

22) Etter hundreårsskiftet spørst det om ikkje noko av den same mekanismen gjorde seg gjeldande for dei av dei skjønnlitterære nynorskforfattarane som fekk ut bøkene sine på andre forlag enn dei som til vanleg gav ut målbøker. Frå ca. 1900 kom Garborg på Aschehoug, frå ca. 1905 Sven Moren og frå 1911 Kristoffer Uppdal.

23) Dei tala Hiller nemner i tabellen sin høver med det talet Haugland oppgir, ein årleg tilvokster på ca. 40. I snitt gir Hillers tabell 37,8 bøker pr. år i perioden 1895-99, og 52,6 bøker pr. år i perioden 1900-04.

dermed aukar sjansen til å koma ut. Ei kort stund eksisterte denne utvegen for nynorskforfattarane, men mot slutten av hundreåret stod Norli i praksis att aleine.

I eit brev frå Garborg datert 10/5 -96 går det fram at Seland har bedt Garborg undersøkja om han kan koma ut på Aschehoug. Svaret frå Garborg viser kor vanskeleg situasjonen var:

Du kunde alltid spyrja Aschehoug. Eg vaagar ikkje, for sant aa séia er eg redd, han berre vil lika so maateleg, at eg no kjem til han med ei ny Maalbok sjølv. Dei er ikkje noko glade i Maalet, Bokhandlarane. Endaa Nygaard sjølv er ikkje so lei, det er verre med den andre (Lambreckts).

Til og med Garborg hadde forleggjarvanskars. I eit brev frå Jens Tvedt 12/12 -99 går det fram kor han streva med å få ut ei bok til jul det året. Truleg var det Madli und' Apalen som kom ut våren 1900 det galldt. Han skriv:

Nei du, eg fekk ingi bok ut. So ringt er det med meg no, at forleggjarane ikkje ser syn med aa ta ei bok, naar eg hev gjort henne. Kan henda fallittarne gjorde sitt, og kan henda ikkje. -Olaf Huseby hadde skrive til meg fleire vendor. Han tenkte paa aa faa tak i alle bøkene mine. Men so datt han av pinnen, fyrr det var vorti nokor avtala millom oss. -Eg leit elles paa Feilberg og Landmark, som eg sist hadde. Men daa eg høyrdie ein ymt um, at han ikkje var aa lita paa, avdi han hadde slutta med forlag, so skreiv eg til han - sa, at no hadde eg strakst ny bok ferdig, og spurde, um han tenkte aa ta henne. Han svara meg ikkje. Skreiv eg so til Norli. Han svara at han sjølvsagt gjerna vilde, dersom me kunde verta einige, men fyr "min eigen part" burde eg helder spørja andre, for han totte det var for nær under jol. Svaret kunde elles tydast paa fleire maatar, totte eg. John Fredriksen sagde Aschehoug svara, at han laut sjaa manuskripte, fyrr han gav noko svar, og eg køyrdie det i han. Fekk det atsendl same dagen, som han tidlegast kunde ha det, so han hadde ikkje gjort meir med det en lagt nyt umslag kring det og grytte det atti meg. Han vilde ikkje anten til jol elder seinare.

Jens Tvedt nemner at Bjørnson-ria kan henda var ein av grunnane til at Fredriksen ikkje ein gong las manuskriptet. Elles ser han ikkje bort frå at mannen ikkje visste at han skreiv landsmål. Endå eit forsøk hadde han gjort hos Steenberg i Stavanger, men han miste motet, tykte det var for mange pengar å våga.

Når eg har trekt fram desse to døma for å syna kor vanskeleg forlagssituasjonen var for nynorskforfattarane, kjem det av at dei begge var mellom dei høgst vurderte av desse, så dei skulle såleis eigenleg hatt lettast for å koma ut. Dei kan difor trygt brukast som døme på kor vanskeleg situasjonen var. Begge to peikar dei på målet som ei viktig årsak til vanskane sine, og det problemet hadde i alle høve ikkje dei dansk-norske forfattarane.

Elles slo det meg då eg laga oversynet over Seland sine bøker, at dei to bøkene hans som truleg var garanterte å selja, nemleg barneboka Prinsesse Gullsko og systrene hennar som kom med i Centralstyretn<sup>24)</sup> sitt landsmålsutval og læreboka Stavebok for skule og heim. Fyrste boki aat barnet, nett desse to bøkene kom ut på Albert Cammermeyers forlag. Dette var bøker det var liten økonomisk fare med å gi ut.

For å finna ut om det var noko mønster i dette, undersøkte eg nokre tilfeldig utvalde nynorske læreverk som kom ut rundt hundreårsskiftet. Det synter seg at Steinar Schjøtts Lærebok i heimssoga, del I og II (1899 og 1900) kom ut på Albert Cammermeyers forlag. Det same gjorde Austlids verk Lesebok for folkeskulen (3 bd. - 1902, 1903 og 1906), og Arne Garborg og Ivar Mortensons Utvalde lesestykke i bygdemaal og landsmaal som kom i 1901. Desse små stikkprøvene tyder på at det kan ha vore lettare for nynorskforfattarane å få ut sentrale lærebøker på forlag som elles ikkje var interesserte i mållitteratur. Dersom det verkeleg var slik, tyder det at dei nynorsk-

24) Centralstyret er ei forkorting for "centralstyret for de norske folkeskolors barne- og ungdomsbiblioteker" som vart oppretta i 1896.

venlege forlaga tok alle dei tunge taka, men ikkje fekk vera med å skumma fløyten.

## 2. Meldarsida

Av Seland sine eigne samlingar av bokmeldingar går det fram at dei fleste meldingane er på nynorsk. Det kan koma av at han lettare har fått tak i meldingar på nynorsk via kjenningar, men det kan òg vera slik at han vart mest meld på nynorsk. I så fall seier det litt om kor langt ut meldingane av bøkene hans nådde. Eg tenkjer då på kva publikasjonar som tok stoff på nynorsk.

To av dei viktigaste publikasjonane på nynorsksida i 1890-åra og frametter, tidsskriftet Syn og Segn og avisat Den 17de Mai, melder så langt eg kan sjå omrent ikkje bøker på dansk-norsk. Dei held seg i hovudsak til det som kjem ut på nynorsk, anten det er omsett litteratur eller litteratur med nynorsk som opphavsmål.

Den dansk-norske pressa derimot, omtala også litteratur på nynorsk, men då var det ofte folk som stod målrørsla, partiet Venstre eller folkehøgskulerørsla nær, som melde nynorsk-forfattarane. No var den dansk-norske pressa mykje større enn nynorskpressa. Det kan difor godt tenkjast at der innanfor denne var publikasjonar som like konsekvent som nynorskpressa omrent ikkje melde bøker på nynorsk, men det har eg dverre ikkje funne noka undersøking om.

For å få ein peikepinn på om det var forskjell på kvar dei nynorske heimstaddiktarane vart melde i høve til dei heimstaddiktarane som skreiv på bokmål, laga eg eit lite oversyn med utgangspunkt i Reidar Øksnevad sine gjennomgåingar av 3 Kristiania-aviser, nemleg Dagbladet, Verdens Gang og Social-Demokraten (sjå neste side). Ei slik undersøking er sjølvsagt ikkje omfattande nok til at ein kan trekkja dei store konklusjonane - til det er materialet altfor lite og innehold for mange usikre faktorar. Døme på slike er kor mange bøker skreiv dei einskilde forfattarane i den perioden det her er tale om, og let forfattarane eg har valt ut seg samanlikna litterært sett osb.? Trass i desse usikre momenta, trur eg undersøkinga kan fylla den oppgåva ho er meint til, nemleg å gi ein peikepinn.

Mest interessant var det at Social-Demokraten (Arbeidarrørsla si avis, seinare Arbeiderbladet) ikkje gjorde skil mellom dei to forfattargruppene. At arbeidarrørsla som hadde utgangspunktet sitt i byane og dei nye industristadene aksepterte den nye landsmållitteraturen, kan vera eit uttrykk for solidaritet. Både bøndene og industriarbeidarane utgjorde grupper som kjempa for sosial godkjenning rundt hundreårs-skiftet.

Den store skilnaden i handsaminga av dei nynorske og dei dansk-norske heimstaddiktarane kom først og fremst fram i Verdens Gang. Denne avisa vart dagsavis i 1885 og hadde på den tida stor innverknad. Avisa var i ei årrekke det mest utbreidde politiske dagbladet i Noreg. Mange av landets beste politiske, litterære og vitskaplege krefter var knytta til henne. Politisk hevda ho heile tida eit uavhengig liberalt standpunkt. Trass i det liberale standpunktet, er det tydeleg at det har vore mykje vanskelegare for nynorskforfattarane å verta melde her enn det har vore for dei som skreiv dansk-norsk. Kor mykje vanskelegare det har vore, kan dette vesle materialet ikkje seia noko om, men alt tyder på at nynorsk-litteraturen har hatt vanskar med å koma til orde i ei av

OVERSYN OVER OMTALAR OG MELDINGAR AV NORSKE HEIMSTADDIKTARAR  
I TRE SENTRALE NORSKE AVISER MED OMSYN TIL MÅLFORM

FORFATTARAR	DEBUT AR	VERDEN S GANG		DAGBLADET		SOCIAL-DEMOKRATEN	
		1868 - 1910	1886 - 1923	1869 - 1910	1886 - 1923	OMTALAR	MELDINGAR
Hans Seland	1890		2	1	10		2
Rasmus Løland	1891		6	3	12	1	5
Jens Tvedt	1885		5		16	1	3
Vetle Vislie	1889		4	1	7		3
Hans Aanrud	1891	1	10		7	4	6
Jacob B. Bull	1879			17		16	1
Thomas P. Krag	1891	1	25	3	16	1	8

Denne tabellen bygger på Reidar Øksnevad sine bøker Dagbladet og norsk litteratur 1869-1910, Social-Demokraten og norsk litteratur (1886-1923) og Verdens Gang og norsk litteratur 1868-1910. Ei melding som går over fleire nummer, er her rekna som ei melding. Bøker som er melde fleire gonger av ulike meldarar, vert rekna som fleire meldingar.

landets leiande aviser, politisk og kulturelt.

I Dagbladet som i Lars Holst<sup>25)</sup> si redaktør tid (1883-98) kom til å verta det førande organet for den radikale opposisjonen - i praksis partiet Venstre, ser det ut til at bøkene har vorte handsoma likt utan omsyn til språkform. Men så var det då og Hagbard Berner, mannen som gjorde opptaket til å skipa Det Norske Samlaget som var første redaktøren i avis.

Med det same eg såg på kor mykje dei ulike forfattarane vart melde, kikka eg òg litt på kven som melde dei i dei ulike avisene. Med alle etterhald om storleiken på materialet, syntet seg at få meldarar skreiv meldingar i meir enn ei avis, omlag halvparten hadde berre ei melding, og av dei som skreiv fleire meldingar, var det fleire som heldt seg til forfattarar berre frå den eine språkgruppa enn til begge språkgruppene.

Eit brev frå Anders Hovden til Hans Seland, tyder på at det kunne vera vanskeleg for målfolk å få inn meldingane sine. Han skriv mellom anna:

Jau, eg skal meldta boki di, dersom eg berre får det inn. Sidan Nationalbladet vart Kristiania-dagblad er det vorte redd maalet og tok med naud og neppe parti fyr det nationale i Bjørnsonridi. Du la vel merkje til det i fyristningi. Eg hev mange stykke ligggjande der, som vedkom maalstriden.  
(Brev 25/1 -1900.)

Når det gjeld kvar nynorsk - og bokmålsforfattarane vart melde ser vi at der var ein viss skilnad. I nokre fora kom berre nynorskforfattarane til, i andre vart dei meir eller mindre oversedde. Andre fora var opne for omtale av litteratur på begge målformene som til dømes Dagbladet. Dei tre undersøkte avisene høyrd alle til på venstresida i norsk politikk. Korleis høgresida handsoma nynorsk litteraturen, veit vi ingen

25) Lars Holst (1848-1915) gjekk inn for målsaka frå sin tidlegaste ungdom, og han var ein av førarane for Venstre.

ting sikkert om, men alt tyder på at denne diktinga vart meir neglisjert frå dette haldet.

### 3. Nynorskforfattarane og nynorskforlaga sine måtar å nå eit nynorsk publikum på.

Når eg har valt å sjå forlaga og forfattarane sine måtar å nå eit nynorsk publikum på samla, kjem det av at desse to gruppene på mange måtar utfylte kvarandre. Dei av nynorskforfattarane som reiste mykje rundt og heldt foredrag i ungdomslag og liknande samanhengar, reklamerte ofte for nynorsklitteraturen. Forlaga på si side ordna seg gjerne med forfattarane som meldarar i avisar og tidsskrift.

Vi veit heller lite om korleis bøkene på nynorsksida vart gjorde kjende og selde. Nokre haldepunkt har vi likevel.

Før Mons Litleré starta Norskmalets bokhandel i Naustdal i Sunnfjord, drog han rundt og selde dei få målbøkene han hadde fått tak i samstundes som han sanka tingarar til Nora, eit lite månadsskrift som kom i gang i 1885. Han må ha tykt at salet gjekk brukbart sidan han sette i gang med bokhandel sjølv etterpå. Denne kolportasjeverksemda nyttja han seinare, for å få spreidde dei bøkene han gav ut. Hans Seland gjorde til dømes fem turar for Litleré i åra 1889 til 1892, fire i Nordfjord og ein til Telemark. Sjølv seier han om Telemarksturen at "Det gjekk nok berre so som so med boksalet, men litt selde eg daa." (Seland 1931:48.) Litt sal må det ha blitt i Nordfjordbygdene òg, for på ein av turane tente han så pass at

han fekk seg nye klede. Bladpengane som han skulle samla inn for Firda- og Sygnafylkets Avis, hadde han ingen problem med å få tak i. At Mons Litleré verkeleg fekk avsetnad på litteraturen sin ved hjelp av m.a. kolportasjeverksemd, tyder desse opplysningane frå Gerhard Gran på:

Det forekommer mig at være af kulturhistorisk interesse at have rede paa salget af alle disse verker, der i følge sagens natur næsten udelukkende går til landsbygden, og jeg meddeler derfor her en del tal, som hr. Litleré selv villigst har overladt mig: Litlerés forlags-  
handel har bestaaet i seks aar; i denne tid er der utdgaet omtrent 50 forlagsartikler, som er solgt i omtrent 50 000 eksemplarer. Det meste er gaaet til Vestlandet og særlig til Søndre- og Nordre Bergenshus, hvor der har været arbeidet mest med kolportage og kommisjonærer; men en del naar ogsaa længere øst og syd.  
(Gran 1892:397)

Når ein hugsar på at desse tala gjeld for dei nærmaste åra kring 1890, akkurat dei åra då nynorsken for alvor byrja å få eit breiare nedslagsfelt, så er tala i grunnen høgre enn ein kunne venta, særlig med omsyn til kor lite organisert arbeidet for nynorsken enno var.

Det ser ut til at kolportasjeverksemda og kommisjonærssystemet, som gjekk ut på å skaffa ein fast kontaktmann i kvar bygd som kunne ha bøker liggjande til sal, var viktige for utbreiinga av landsmålsbøkene. Kor viktig denne salsmåten var, er det vanskeleg å seia noko sikkert om.

Rasmus Steinsvik selde visst bøker for Bertrand Jensen då han for rundt og samla luter til Den 17de Mai. I boka Med skreppa eller ein maalmann på fanteferd skriv han

Eg etla meg upp Aadalen og vidare til Valdris, paa lutsanking. Paa ryggen hadde eg neverkonta fullstappa med bøker som eg hadde borga hjaa "Jensemann."  
(Steinsvik 1902:142)

"Jensemann" er nok Bertrand Jensen. Det var ikkje første turen av denne typen Steinsvik gjorde. Då Fedraheimen låg på sitt siste, skaffa han seg òg nokre bøker frå Oslo og gav seg i veg for å krevja inn bladpengar og skaffa bladet nye tingarar. Boksalet skulle han ha til å leva for, og det går tydeleg fram at det gjekk både opp og ned med kor mykje han fekk selt.

At kolportasjeverksemda og kommisjonærssystemet varde ved enno ei tid frametter, går fram av avisu Den 17de Mai, 1899-årgangen. Der finn vi mellom anna fleire annonser frå Bertrand Jensen av følgjande type:

Maalmennner!

Eg treng maalmennner i kvar bygd til a selja maalbøker. Hev ein gode skotsmaal, gjev eg ventetid. Stort avslag og ingen vaagnad. Dei uselde bøkene tek eg att.  
(M.a. D17M nr. 193 og nr. 196.)

Elles gav avisu Den 17de Mai ut ein del bøker på nynorsk, både omsette og bøker med nynorsk som opphavsmål. Bøkene gjekk som føljetongar i avisu. Deretter vart dei hefta og selde. Gjennom heile 1899-årgangen av avisu går annonsar av denne typen att:

Noko aa gjera. Pengar aa tena.  
Hev du lag med aa selja norske bøker, so skriv inn til Den 17de Mai. Der er det no ei heil liti bokbud, bøker av ymse slag, bøker som er lette aa selja aydi dei er billegare en alle andre stader, bøker av dei mest spanande som finst. Me gjev stor rabat, so det vert løn for bryet. Ein dugande og paalitande mann i kvar bygd vilde me gjerne ha. Skriv inn til ekspedisjonen og prøv deg.

Kor vidt Bertrand Jensen og Den 17de Mai fekk selt noko på denne måten, veit eg ikkje. Truleg var det ikkje så mykje. Bertrand Jensen slutta å gi ut bøker i 1899, men han heldt fram med antikvarbokhandel endå nokre år til ca. 1903  
(Myre 1943:34.)

Det kan ha verka som om det berre var nynorsk litteratur som

vart seld på denne måten. Det var det ikkje. Også bøker på dansk-norsk, særleg av folkeskribentar og religiøs litteratur vart ofte selde av kolportørar.

Likevel trur eg dette var ein meir utbreidd salsmåte for nynorsk litteraturen. Torgeir Alvsaker fortel om "Den fyrste bokhandelen i Hardanger" at det var nokre små hyller i krambuda der Torgeir Utne for eigen rekning og vågnad selde bøker frå Mons Litterés forlag og frå Bibliothek for de tusen Hjem (Alvsaker 1958:94-95). Hans Seland til dømes hadde bøker i kommisjon hos Lorenz Nybø i Unglyden på Voss (brev frå Lorenz Nybø til Hans Seland datert 1/1 -07). Dessutan vart det truleg selt bøker av han på målmarknaden i Bergen. I alle høve tilbyr han bøker i eit brev til Bolette C. Pavels Larsen datert 21/4 -02.

Garborg meinte at forleggjarvanskane m.a. kom av at bokhandlarane var lite glade i målet (sjå sitat s. 39), og det kan ein også få inntrykk av i kapittelet om norma i Den 17de Mai, difor måtte nok ofte alternative salsmåtar vurderast på nynorsksida.

For Seland gav denne kolportasjeverksemda, særleg dei siste turane, han fleire personlege føremoner. Ved sida av å tena til livsens opphold, kunne han selja si eiga bok. Dessutan vart han kjend med folk - særleg etter at han byrja å halda forteljekveldar rundt om der han kom. Dette vart så pass populært og innbringande at han heldt fram med det, også etter at han slutta å selja bøker for Litleré. I mange år reiste han land og strand og fortalte - helst vinterstid, for han tok over garden etter foreldra sommaren 1894. Det var særleg på bygdene han for, men etter kvart heldt han forteljekveldar i

26) Bibliothek for de tusen Hjem vart starta av Johan Sørensen, ein rik grosserer, men ideen var opphavleg Olaf Husebyes, og det var han som stod for bokutvalet. Ialt kom 700 nr. fordelt på eit par 100 bøker. Målet var allmenn opplysning. Ved dei billege prisane vona dei å "erobre læsekredse i de samfunds-lag, til hvilke bøger af den art, her er tale om, (---) Aldrig i mangdevis har kunnet naa frem." (Haugholt 1945:112.) Ettersom bokhandlarane ikkje ville selja dei (dei var for billege), måtte dei få lærarar og landhandlarar til å gjera det.

byane òg. Nistad skriv om han:

Seland kom såleis til å delta på svært mange stemne og møte. Dette kom også boksalet og forlaget til gode. På dei mange turane rundt om i landet dreiv han reklame for bøker, ikkje berre eigne, men også for mykje av den andre mållitteraturen.  
(Nistad 1979:72.)

Det same galdt Anders Hovden og Sven Moren som òg var flittig brukte stemnetalarar - särleg for Norigs Ungdomslag. Denne direkte måten å koma i kontakt med eit publikum på, var nok svært verdifull for forfattarane. Gjennom målmarknader og ungdomslagsstemner møtte dei menneske som i mangt og mykje stod for dei same ideane som dei sjølve. Escarpit seier om tilhøvet mellom ein forfattar og publikumet hans at "De sterkest bånd som knytter forfatteren til hans publikum er fellesskap i kultur, grunnleggende vurderinger og språk" (Escarpit 1971:97). På den måten vart fleire av interesseorganisasjonane som Norigs Ungdomslag (1896- ) og seinare Norigs Mållag (1906- ) viktige møtepunkt for nynorskforfattarane og det "potensielle" publikumet deira.

No kan ein ikkje rekna det å halda talar som spesifikt for nynorskforfattarane. Tenk på Bjørnson og hans ry som stemmetalar! Dessutan var ikkje alle nynorskforfattarane like taleglade. Meir særeige for nynorskforfattarane enn for bokmålsforfattarane var nok den kontakten dei fekk med eit publikum gjennom interesseorganisasjonar. Det ligg i saka sjølv at eit språk og ei kulturform som er i ferd med å etablera seg og møter motstand, organiserer seg. I praksis førte interesseorganisasjonane til at nynorskforfattarane nådde eit breitt publikum både sosialt og geografisk.

Ein annan grunn til at nynorskforfattarane nådde ut sosialt og geografisk, kan vera måten dei vart melde på. Nistad skriv i hovudoppgåva si at Norli klagar seg i Dagbladet 20/8 -21 over kor vanskeleg det ofte var å få gjort kjende bøkene til

landsmålsforfattarane - særleg i storavisene. Han tok difor tidleg fatt på å arbeida opp ein fast "stab" av meldarar rundt om i landet som skriv i små lokalaviser og blad. Norli arbeidde m.a.o. annleis enn Aschehoug når han skulle gjera bøkene sine kjende. Det måtte han fordi han på den eine sida kjempa mot dei som miskjende landsmålet - på den andre sida så vende han seg til eit anna publikum (Nistad 1979:130).

I den "stabben" av meldarar som Norli skaffa seg, høyrde mange av nynorskforfattarane med. Til dømes veit vi at Hans Seland melde bøker i Agder-avisene og Jens Tvedt i Stavanger-avisene. Mons Litleré hadde gjort nett det same for å få gjort bøkene sine kjende. Bolette C. Pavels Larsen melde bøker for han i Bergens Tidende, Garborg i Verdens Gang, Høgnestad i Vestlandsposten og Lasse Trædal i Samhold. (Seland 1929.) Dette var nok ikkje noko organisert verksamhet, snarare eit underforstått samarbeid for å hjelpe fram ei kjær sak.

Også når det galdt å reklamera for bøkene sine opplevde Norli at det var forskjell på nynorsk og bokmålsbøkene. Nistad skriv om Norli etter at forlaget rundt hundreårsskiftet hadde gått over til å bli målforlag - dvs. at dei gav ut fleire bøker på nynorsk enn på bokmål - at

Medan riksmållitteraturen til ein viss grad "selde seg sjølv" når ein reklamerte i storavisene, vart det no nødvendig å spreie annonnsane meir til dei mindre lokalavisene.  
(Nistad 1979:130.)

Eg har sagt litt om korleis forлага og forfattarane innanfor den eventuelle alternative nynorske litterære institusjonen prøvde å nå ut til eit potensielt publikum. At dei nådde ut, er greitt men i kor stor grad og til kven, er det vanskeleg å seia noko sikkert om. Tala som Mons Litleré gav opp tyder på at litteraturen må ha hatt eit visst publikum på slutten av åtti- og byrjinga av nitti-åra. Det seier då også Gerhard Gran i den tidlegare nemnde artikkelen:

Naar man husker paa, at en kjøbt bog paa landsbygden i endnu meget højere grad end i byerne, gaar fra haand til haand og læses af mangfoldige - saa er 50 000 bind spredt ud blandt vore bønder ingen ubetydelig faktor i vort aandelige liv  
(Gran 1892:397).

Det er ikkje lett å avgjera kven som utgjorde det nynorske publikumet, eller kva for sosiale sjikt dei kom ifrå. Gerhard Gran oppfattar det tydelegvis som bønder. Indirekte har eg definert dette publikumet som dei som kjøper og/eller les landsmålsbøker. Dessutan veit vi at sjansen for at dei står i nær tilknyting til ungdomslags-, folkehøgskule- eller mållagsmiljø er temmeleg stor. Drivkreftene innanfor målrørsla på denne tida var av både sosial- og nasjonal karakter. Det inneber at målrørsla ikkje automatisk kan knytast til eit bestemt sosialt sjikt. Til å byrja med var ho meir ei byrørsle enn ei landsbygdrørsle. Dette biletet endra seg truleg i slutten av 80-åra, byrjinga av 90-åra.

For bøndene tydde den vekta som vart lagd på det nasjonale, det "opphavelege," ei heving av deira sosiale posisjon. Synet på bøndene som berarar av Noregs ubrotne kulturliv gjennom heile den lange dansketida, kom utanfrå. Men etter kvart som skulestellet på landsbygda betra seg og kommunikasjonen by - land auka, overtok bøndene dette synet på seg sjølve. Dermed voks sjølvkjensla deira. Mindreverdskjensla vart erstatta av byrgskap over det særeigne nasjonale som dei representerte - mellom anna språket. Dessutan var det stendig fleire av bondeætt som fekk utdanning. Det førte til at diskusjonen bondekultur ↔ embetsmannskultur kunne gå føre seg på same nivå.

Heile tida var lærarane ein viktig faktor, både som spreiarar og som mottakarar av nynorske bøker og blad. Dei høyrde med blant dei første gruppene som gjekk inn for måltanken. Det var ei gruppe i vokster både kvantitativt og med omsyn til sosial posisjon. I 1885 kom ca. 93% (Try 1979:80) av lærarane frå

landsbygda, og monaleg fleire frå Vestlandet enn frå Austlandet. Samstundes hadde heile 45% av lærarane no utdanning. Hans Try skriv om denne gruppa:

Lærerne var en av de første gruppene som organiserte seg. (---) De framhevet sitt "kall" som folkets oppdragere, men ønsket også å bedre sine kår og sin stilling. Samtidig ønsket de å markere at de tilhørte "folket".  
(Try 1979:382.)

Lærarane tok på seg oppgåva som førarar for bøndene, og bøndene aksepterte det - til ei viss grad. Dei var trass alt sønene og brørne deira. I 1875 var nemleg  $\frac{3}{4}$  av elevane ved seminar og lærarskular bondesøner.

Når det galdt å gjera landsmålet kjent, har nok innsatsen til denne gruppa vore av uvurderleg hjelp, samstundes som dei utgjorde ein viktig del av det nynorske publikumet. Sjølv om eg trur at vi ved overgangen til 90-åra stod føre ei utviding av det nynorske publikumet til å gjelda folk frå landsbygda som identifiserte seg med bøndene og det dei stod for, er det likevel mykje som tyder på at noko stort kjøpande publikum utgjorde dei ikkje. Jens Tvedt skildra situasjonen landsmållitteraturen var i ved byrjinga av 1880-åra:

For maalmennene hadde det ikkje med aa fylkja seg under merket og gaa med hovdingen (Arne Garborg) i strid fyr si sak. Dei elska "maalet hennar mor", og tala sume tider væne ord um det, naar det soleis høvde. Og song: "Dei vil alltid klaga og kytta". - For so kunde dei etterpaa med godt samvit stydja dei heimedanske bladi og kjøpa danske bøker, og lata maalbøkerne liggja uselde og maalbladi svelta i hel.  
(Tvedt 1910:337.)

Rundt hundreårsskiftet, er nok situasjonen mykje den same. I avisas Den 17de Mai kjem kravet om å kjøpa nynorsk litteraturen tydeleg til uttrykk.

C. NORMA I "DEN 17de MAI - 1899-ÅRGANGEN

1. Val av materiale

Eg valde avisa Den 17de Mai som eit representativt studie-objekt, for å finna fram til eit mest mogeleg representativt normssystem innanfor ein eventuell alternativ nynorsk litterær institusjon. Sjølv om avisa kom ut i hovudstaden, var ho meint som ei landsavis for nynorskfolket. Ho presenterte seg sjølv på følgjande måte:

Den 17de Mai høver godt for bondefolk, bondeungdom, lærarar og andre. Bladet driv elles ingen serpolitikk, so det skulde høva for alle som bryr seg um norskt maal.  
(D17M, nr. 139.)

Kven som verkeleg las avisa, veit vi ikkje så mykje om, men kort etter starten i 1894 opplyser redaksjonen at det var mest lærarar utover landsbygda som hadde tinga henne. Dette biletet endra seg tydelegvis, for i 1899-årgangen fann eg ein liten notis om at

Ikkje i nokor bygd i landet hev Den 17de Mai so mange tingalar som i Bergen. Men her i Oslo hev han 10-15 gonger so mange som i Bergen.  
(D17M, nr. 13.)

Desse opplysningane må sjåast i samanheng med endringane i busethadsmónstera på slutten av 1800-talet. Per Fuglum skildrar situasjonen slik:

Under oppgangskonjunkturen i annen halvdel av 1890-årene slo den (folkestrømmen fra land til by) alle tidligere rekorder. Kristiania, som i midten av 1870-årene hadde hatt 75 000 innbyggere, var ved århundreskiftet blitt en storby på ca. 230 000. Bergen økte i samme

C. NORMA I "DEN 17de MAI - 1899-ÅRGANGEN

1. Val av materiale

Eg valde avis Den 17de Mai som eit representativt studie-objekt, for å finna fram til eit mest mogeleg representativt normsystem innanfor ein eventuell alternativ nynorsk litterær institusjon. Sjølv om avisa kom ut i hovudstaden, var ho meint som ei landsavis for nynorskfolket. Ho presenterte seg sjølv på følgjande måte:

Den 17de Mai høver godt for bondefolk, bondeungdom, lærarar og andre. Bladet driv elles ingen serpolitikk, so det skulde høva for alle som bryr seg um norskt maal.  
(D17M, nr. 139.)

Kven som verkeleg las avisa, veit vi ikkje så mykje om, men kort etter starten i 1894 opplyser redaksjonen at det var mest lærarar utover landsbygda som hadde tinga henne. Dette biletet endra seg tydelegvis, for i 1899-årgangen fann eg ein liten notis om at

Ikkje i nokor bygd i landet hev Den 17de Mai so mange tingalar som i Bergen. Men her i Oslo hev han 10-15 gonger so mange som i Bergen.  
(D17M, nr. 13.)

Desse opplysningane må sjåast i samanheng med endringane i busethadsmönstera på slutten av 1800-talet. Per Fuglum skildrar situasjonen slik:

Under oppgangskonjunkturen i annen halvdel av 1890-årene slo den (folkestrømmen fra land til by) alle tidligere rekorder. Kristiania, som i midten av 1870-årene hadde hatt 75 000 innbyggere, var ved århundreskifte blitt en storby på ca. 230 000. Bergen økte i samme

tidsrom sitt folketall fra 34 000 til  
72 000.  
(Fuglum 1978:332.)

På landsbasis dobla folketalet i byane seg på desse åra. Sett i denne samanhengen er det ikkje så rart at Den 17de Mai hadde så mange tingarar frå byane Oslo og Bergen i 1899. Om bondeungdommen ikkje hadde funne det naudsynt å ta stilling til konflikten mellom bondekultur og embetsmannskultur tidlegare, fekk mange snart kjenna noko anna når dei kom flyttande inn til byane. Mykje tyder på at den store gruppa bytingarar nettopp høyrer til gruppa innflytta landsungdom. At desse ungdommane i stor grad stod ved bakgrunnen sin og sökte saman, er skipinga av Bondeungdomslaget i Oslo 15/10 -1899 eit døme på. Det hadde utvikla seg eit målmiljø i byen att, men denne gongen var det landsens folk som utgjorde hovudvekta.

Eigenleg var det ikkje så mange alternativ til Den 17de Mai. Eit av dei som fanst var likevel tidsskriftet Syn og Segn. Det hadde heilt frå starten av oversynsartiklar om den nynorske bokavlen, artiklar som ofte var vel så grundige som dei ein fann i avisat Den 17de Mai. Problemet var at artiklane stort sett var skrivne av ein mann, nemleg Rasmus Flo. Seinare kom andre med, i 1900-årgangen til dømes, var det Halvdan Koht som skreiv om dei nye bøkene. Sjølv om Rasmus Flo sitt syn på den nynorske litteraturen nok i høg grad samsvara med nynorsk-miljøet sitt syn generelt, er det vanskeleg å trekka ei allmenn norm ut av bokomtalane i tidsskriftet.

Ein tredje utveg kunne vore å ta utgangspunkt i eit av dei større ungdomsblada som vart gjevne ut rundt om i landet. Der kom etter kvart fleire blad for ungdommen utetter i 90-åra. Døme på slike er Unge Skud (1895-98, Unglyden frå 1899), Ungdom (1896-1901), Heimhug (1898-1901) og Trønderungdomen (1899-1903). Ved sida av desse kom ei mengd handskrivne blad. Liv Marit Idsø nemner i den samanheng nokre tal:

I ei granskning frå 1902-03 oppgir 87 prosent

av laga at dei har handskrivne blad. Og i årsmeldinga 1919-20 går det fram at det finst 710 slike handskrivne blad innan rørsla. Over halvparten av desse er reine landsmålsblad, (Idsø 1981:44.)

Mange av desse blada i ungdomslagsmiljøa inneheoldt litterært stoff som dikt, småforteljingar og omtalar av bøker. Eg finn likevel dette materialet litt for spesielt med omsyn til å prøva å finna ei allmenn norm innanfor ein eventuell alternativ nynorsk litterær institusjon.

Valet av 1899-årgangen var ikkje heilt tilfeldig. I åra 1898, 1899 og 1900 var Den 17de Mai for første gong dagsavis<sup>27)</sup>. Det fallt difor naturleg å velja eit av desse åra. Når valet vart året 1899, kom det ikkje minst av at dette var eit spanande år for nynorsktihengjarane. Om hausten dette året kom Bjørnson med det kjende åtaket sitt på bondekulturen og landsmålet, og alt det dei representerte. For dei fleste var dette både eit uventa og sårande utspel. Mange av nynorsktihengjarane hadde rekna Bjørnson meir eller mindre som ein av sine eigne. Men det til dels svært usaklege åtaket, fekk mange til å ta avstand frå Bjørnson. Den skjerpa striden mellom nynorsk- og bokmålssida vart ikkje så øydeleggjande for målfolket slik mange hadde frykta. Tvert i mot aktiviserte striden mange av dei passive tilhengjarane og gjorde nynorskfolket meir sjølvmedvetne.

På ein måte kan ein seia at 1899 ikkje er noko sentralt tidspunkt i Seland sin forfattarskap, når ein då ser bort frå at han avslutta ei av dei finaste bøkene sine etter mi meinings, nemleg Eikeli-folket. Han hadde ti års forfattarverksemد bak seg, men bøkene kom like jamnt frå han dei neste 20-25-åra. Likevel er tidspunktet rundt hundreårsskiftet interessant i høve til forfattarskapen hans. Det første tiåret av dette hundreåret gav han seg i kast med fleire typar bøker enn nokon

27) Kom att som dagsavis frå 1. januar 1916.

gong tilegare. Han skreiv sine første barnebøker<sup>28)</sup>, han gav ut ei lærebok i fruktdyrking saman med H. Nordby-Olsen<sup>29)</sup> og ikkje minst skreiv han dei tre solskinssogene<sup>30)</sup> sine.

No er norma ikkje statisk. Tvert i mot endrar ho seg både frå miljø til miljø og over tid. Innanfor rammene av dette arbeidet har eg ikkje høve til å undersøkja den litterære norma slik ho kjem til uttrykk frå år til år. Gjennomgåinga av ein årgang får difor vera tilstrekkeleg som utgangspunkt til å problematisera den litteraturen Seland skreiv rundt hundreårsskiftet. Eg kjem altså hovudsakleg til å konsentrera meg om dei første tjue åra av forfattarskapen hans, ettersom denne perioden verkar mest interessant, og då er 1899 eit sentralt år.

Ei ulempe med 1899-årgangen er, som Rasmus Flo skriv, at

Av det vanlege slage, av det det hev vore mest  
av med maalbøker til denne tid, er det i aar  
berre ei, av Hans Seland, Eikeli.  
(Flo 1899:365.)

Eg har likevel valt å halda fast på 1899-årgangen, men vil sjølv sagt ha dette tilhøvet i mente. I praksis har det synt seg at der er fleire skjønnlitterære meldingar em ein skulle venta, då ein del bøker som er komne i nye opplag òg er omtala.

## 2. Presisering av materialet

Då eg byrja gjennomgåinga av 1899-årgangen av Den 17de Mai,

28) Prinsesse Gullsko og systrene hennar (1900) og Dagros og andre dyr (1907)

29) Frukthagen (1907)

30) Høgsumar (1903), Øygarden (1905), Bureising (1909)

hadde eg det klart føre meg kva eg skulle plukka ut: Alle artiklar som omtala bøker, anten det galdt fagbøker eller skjønnlitteratur, anten bøkene var skrivne på bokmål eller nynorsk. Eg valde å sjå heilt bort frå dei litterære normene som måtte koma til uttrykk i framhaldsforteljingane eller i dei små litterære stykka og dikta som der var ein del av. Det synte seg snart at det ikkje var så uproblematisk å plukka ut stoffet som eg hadde tenkt. Ein del merknader må difor gjerast til utvalet mitt.

Meldingar som tydelegvis er tekne frå andre blad, har eg nyttat i den form dei har i Den 17de Mai. Døme på slike er "Hans Seland" underteikna S.M. (Sven Moren?) i Breidablikk (D17M, nr. 37) og "Visknut" av Johannes Skar underteikna Syn og Segn (D17M, nr. 23).

Nekrologar, omtalar av forfattarar som ikkje går på forfattarverksemda deira, er ikkje tekne med. Det same gjeld teatermeldingar så sant dei ikkje inneheld ei vurdering av stykket ved sida av skodespelarprestasjonane.

Dei bokmeldingane eg fann, var svært ulike. Nokre var berre på eit par linjer og kunne knapt kallast melding. Eg valde likevel å ta dei med då ei kort karakterisering ofte vel så tydeleg som ei lengre melding kan syna kva eigenskapar ved bøkene det vart lagt størst vekt på. Andre meldingar kunne gå over fleire nummer med fleire spalter i kvart nummer. Det galdt omtalane av Arne Garborg sine to bøker Haugtussa og Den burtkomne faderen<sup>31)</sup>.

Stoff som omtala litteratur, men ikkje ei særskild bok, vart nyttat i den grad det inneheoldt krav til nynorsk litteraturen. Mykje av det stoffet eg fann, høyрde til i grenselandet mellom institusjonens materielle og immaterielle sider. Når eg har

31) Den burtkomne faderen kom ut det året, medan Haugtussa kom i 4. opplag.

valt å ta dette stoffet med i denne samanhengen, kjem det av at økonomiske og målpolitiske krav til nynorsk litteraturen var så pass dominerande at ein ikkje kan oversjå dei når ein skal undersøkja normsystemet innanfor nynorsk litteraturen.

### 3. Klargjering av normomgrepets

Povl Schmidt i sin definisjon av "den skønlitterære institusjon" talar om fleire sett av normsystem som eksisterer samstundes, og som kjempar innbyrdes om leiarstillinga, slik at det i praksis blir tale om eit dominerande og eventuelt fleire dominerte normsystem. Ein måte å sjå nynorsk litteraturen på rundt hundreårsskiftet kunne vera å sjå han som underlagd eit dominerande normsystem. Når eg har valt å sjå nynorsk litteraturen som ein alternativ litterær institusjon, tyder det at der innanfor denne institusjonen og kan vera tale om fleire normsystem. Men nettopp på grunn av det sterkt avgrensa omfanget til denne litteraturen og stillinga hans som relativt ny, finn eg det vanskeleg å tala om dominerande og dominerte normsystem innanfor denne institusjonen. I den grad norma ikkje er eintydig har eg valt å seia at norma spriker på enkelte punkt.

Bruken min av omgrepet "norm" krev ei nærrare presisering. Johs. A. Dale har gjort greie for omgrepets i Litterære normer:

Når ein skal finna ut kva noko er verd, så må ein først vite kva eigenskap eller gruppe av eigenskapar ein vil måla verdien av,

og for det andre må ein ha noko å måla med - eit mål, ei norm, eller eit sett med normer, kriteria eller "standards", som det gjerne heiter på engelsk. Og skal verdsetjinga ha interesse for andre enn den som verdset, må desse normer, kriteria osb. vera godkjende av iallfall ei viss gruppe menneske.  
(Dale 1955:7, mine understrekningar.)

Denne definisjonen av omgrepene "norm" peikar på vesentlege sider ved norma som eg er ute etter. Kva eigenskap eller gruppe av eigenskapar la meldarane i Den 17de Mai vekt på i omtalane sine av bøker, og kva verdi tilla dei dei ulike eigenskapane? Johs. A. Dale gjer òg greie for kva det vil seia at noko har verdi:

Verdi vil ikkje berre seia verdi av noko, men også verdi for nokon. Også kunstverdi må stå i relasjon til ein mottakar, eit verdsetjande subjekt.  
(S.st.:9.)

Eg har brukt norm-omgrepene i to ulike tydingar, det vil seia både om eit enkelt krav og om det komplekset av krav som til saman dannar eit normssystem. Vonleg vil det gå fram av sammenhengen kva tyding av omgrepene det er tale om i det enkelte tilfellet. Der det er tvil, vil eg presisera kva eg meiner ved å bruka nemninga krav eller normssystem.

#### 4. Kva reint litterære krav kjem til uttrykk

Dei som uttalar seg om litteratur i Den 17de Mai vender seg både til leserane, til forfattarane og til dei forlaga som

gir ut nynorsk litteratur. Medan meldarane vender seg direkte til lesarane og forlaga, blir måten dei vender seg til forfattarane på gjerne meir indirekte. Dei krava som blir stilte til innhaldet i litteraturen, kjem ofte indirekte fram - til dømes gjennom grunngivinga for at ungdommen bør lesa akkurat den og den boka. Slike moment blir i neste omgang dei krava forfattarane har å retta seg etter dersom dei ønskjer å skapa "god" litteratur innanfor den nynorske litterære institusjonen. Ofte blir dei positive sidene ved nynorsk litteraturen understreka ved å visa til at bokmållitteraturen manglar dei momenta som gir nynorsk litteraturen verdi. Eit typisk døme her er at språket ikkje vert omtala når det gjeld bokmålsbøker, medan det vert omtala på ein positiv måte for nynorskbøkene.

Bokomtalane er delvis skrivne ut frå opplevinga av verket, altså i ein impresjonistisk kritikartradisjon, delvis utfrå omsynet til nytteverdien av boka som føredøme for ungdomen i etisk, politisk, religiøs eller praktisk lei. Det er ikkje alltid like lett å skilja mellom dei ulike kriteria. Overgangen frå det eine kriteriet til det andre er ofte glidande og vanskeleg å gripa. I det følgjande skal eg prøva å gjera greie for hovudkriteria nynorsk litteraturen vert vurdert etter i 1899-årgangen i Den 17de Mai.

Vi har for det fyrste det vi kan kalla politiske kriterium i vid forstand. Her kjem både nasjonale og sosiale aspekt inn. Ei typisk utsegn som strekar under det nasjonale aspektet finn vi hos Thorleif Homme:

Naar ein tenkjer paa nyttan av hugleiksbøkerne, so er no dei nynorske dei nyttelegaste, baade fyr maale si skuld, og særleg fyrdi dei legg slik vinn paa no aa skjeldra det norske folkelive, og det med sers godhug te land og folk. Det er mykje mindre av det i den dansk-norske, som ventande er. Den nynorske hugleiksavlen er daa no framifraa go te aa avla fram og styrkja hugen te land og folk, samstundes som dei so munarlegt aukar kjenskapen te folk og land og folkeliv. Og det er det som maa te no, um Norig atter skal verta det det ein gong var og meire

te all: heimekjenskap og hjeimekjærleik maa  
der te.  
(D17M, nr 41, mine understrekningar.)

Denne utsegna inneheld fleire sentrale, positive kjenneteikn ved nynorsk litteraturen som til dømes målet, innhaldet ("skjeldra det norske folkelive"), at han styrkjer nasjonal-kjensla og aukar kjennskapen til landet. Bokmeldingane kan òg indirekte innehalda oppmoding til handling. Døme på det finn vi i meldinga av Andreas Austlid si Sinklar-Soga som er ei samling segner frå Gudbrandsdalen om skottebesøket som vart slått ned av dølane. Det galdt ei avdeling skotske soldatar på veg til Sverige og som vart slegne ned av bøndene.

So som dei (skottarne) røva og plyndra og drap  
og skjende og brende der dei drog fram, var dei  
ærleg verd den ende dei fekk (vart hogne ned).  
Måtte det berre gå andre ransmenn som vil  
gjesta landet likeeins!  
(D17M, nr. 124)

Dette sitatet viser truleg til den heller spente politiske stoda mellom Noreg og Sverige rundt hundreårsskiftet, samstundes som det gjer tydeleg greie for meldaren sitt syn på unionsstriden. Litt lenger ute i same meldinga får vi haldninga hans til den norske bonden:

Skottarne var 900 valøvde og valvæpna hærmänner, dølane var knapt 500, mest gamle kallar og unge gutar med kleine vaapen. Men med stor kløkt og fyretanke vann dei det som dei ikkje kunde vinne berre med mannemagt. Det maa ha vore kloke hovud dei bondemennene valde til hovdingar.  
(S.st.)

Det er ikkje lita tiltru meldaren har til den norske bondestand! Meldinga sluttar med ei oppmoding om at boka er vel verd å verta "vidan kjend millom ungdomen". Det er tydeleg at her er det den funksjonen ho kan ha som føredøme, som gir boka verdi. Denne oppsedingstanken går att både på det politiske, det moralske og det religiøse plan.

Eg nemnde det religiøse kriteriet som eit kriterium for seg sjølv. Det stemmer ikkje heilt. Norma i Den 17de Mai verkar stort sett ein tydig. Berre på to punkt har eg funne at ho spriker i ulike retningar. Det første punktet gjeld i synet på det nasjonale. Her verkar det som vi står overfor to grupper, der den eine ser det nasjonale aspektet samanvove med og sterkt infiltrat i eit kristeleg, medan den andre gruppa ser det nasjonale aspektet som tilstrekkeleg i seg sjølv. Ofte er det vanskeleg å vita kva aspekt som er viktigast innanfor den kristeleg-nasjonale gruppa, det kristelege eller det nasjonale. Helst får ein inntrykk av at dei er to sider av same sak. Desse to aspekta, det kristeleg-nasjonale og det nasjonale, eksisterer side om side, og eg vil koma attende til spørsmålet om der er ein tendens til at det eine dominerer over det andre. Eit døme på ei melding der det kristelege og det nasjonale aspektet er likestilte, finn vi i omtalen av Henrik Angells skildring frå Montenegro, Svartfjellsønerne:

Heile Svartfjellsoga er som eit gildt eventyr, ja gildare en eit eventyr, for soga er sann. Ho stend som ei maning til all heimsens folk og fortel oss uppatt og uppatt: ingi offer er for store for federalande, for krossen og fridomen.  
--- Boki er tilvigsla (tilegnet) Norrigs ungdom og hær. --- Baade smaae og store, unge og gamle vil ha stor hugnad av aa lesa'ne framum alt maa me faa smaagutar og smaaggjentur og ungdomar til aa lesa henne. Ikkje berre for det, at dei vil tykkja, ho er so hugsam men avdi ho vil føra dei upp aat høgare og reinare vidder og kveikja mod og eldhug i dei unge.  
(D17M, nr. 16, mine understrekningar.)

Denne boka manar til handling både politisk og moralsk, og det er tydelegvis positivt. Samanvevinga av det kristelege og nasjonale kjem endå tydlegare fram i Andreas Austlid si melding av Lars Eskeland si bok Paa heimveg. Først kjem nokre tankar som kan tolkast både i retning av unionsstrid og i retning av å taka stilling til kristendommen:

Morganen er komen Me kan faa ein verkeleg dag i Norig; men me kan og faa ei folkenatt paa ny;

me bikkar paa knivsegt. Og me raar for dette,  
til kva kant det skal bikka.  
(D17M, nr. 112.)

Og han held fram litt lenger ute i same meldinga:

Her er det nasjonale smøygt inn i det gudomelege,  
so det vontd læt seg skilja ut. Veven hev ymse  
mynster og skiftande liter, men same renning og  
veft; vil me finna oss sjølve, som einmenne, som  
folk, og verta helsesterke, so maa me finna  
Kristus. (---) Og fyrist daa vert me nasjonale  
so det held og varer.  
(S.st., mi understrekning.)

Kor vidt denne meldinga seier mest om forfattaren eller meld-  
aren, er ikkje godt å vita. I ei melding av Norsk huspostill  
av Halfdan Møller (D17M, nr. 183) står det om Paa heimveg at  
"Det var ikkje nett gudeleg lesnad, men det laag ein so gude-  
leg daam over det heile at ein kjende seg upbygd".

I sitatet frå meldinga av Svartfjellsønerne går det fram at  
boka er tileigna "Norrigs ungdom og hær! Det kan verka litt  
særmerkt sett med dagens auge. Men vi må hugsa på at perioden  
1890-1905 òg er kalla unionsstriden i norske historie. I 1895  
vart det vedtatt 2 ekstraordinære forsvarsbudsjett for å  
styrkja landet si militære stilling. Staten synte seg òg  
økonomisk velvillig innstilt til Det frivillige skyttervæsen<sup>32)</sup>  
som vart oppretta i 1893. Mange som tidlegare ikkje hadde hatt  
så mykje til overs for styrking av det militære, skifta  
meining i denne perioden av nasjonale omsyn. Og i 1900, då  
Georg Stang vart forsvarsminister, kom der ny fart i opp-  
rustninga.

Av og til vert det vist direkte til unionssaka som til dømes  
i meldingar av H.J. Næss si bok Fra Carl Johans tiden.  
Kvífor er denne boka verd å lesa? Jau, fordi - "ho syner oss

32) Denne organisasjonen vart oppretta ved samanslåing av Centralforeningen for udbredelse af Legemsøvelser og Våbenbrug (1861- ) og Folkevæbningen (1881/82- ). For vidare opplysn. sjå Vigander, Seeberg og Hoff: Skyttersagen i Norge, 1927.

kva vanskar og faarar denne vælsigna unionen hev ført oss opp i". (D17M, nr. 231.)

Side om side med det nasjonale aspektet står det sosiale. Vetle Vislie uttrykkjer det slik:

Me maalmenner elskar landet vaart so høgt, at me ikkje toler at det skal vera ein husmannsplass under Danmark. Me vil hava ein bokheim for oss sjølve. Ein som ikkje berre er runnen av vaar eigi rot, men som òg er kledd i vaar dragt.

(D17M, nr. 207.)

Trongen til å realisera seg som ein sjølvstendig nasjon med eigne tradisjonar utgådde frå bygde-Noreg i motsetnad til dansk embetskultur, var sterkt. Det sosiale aspektet finn vi sjeldan direkte uttrykt som hos Vislie, det ligg snarare underforstått i argumentasjonen.

La oss sjå litt på kva andre krav til litteraturen som går att. For det første er det kravet til målform. Det at boka er skriven på nynorsk, det norske folkemålet, fungerer ofte som ein garanti for at språket er lett forståeleg. I omtalen av Kohts Brevbok nemner Garborg språket:

Og godt norsk hev han funne mest til allting, so at dette føle juristmaale, som ingen forstod, det vert her til klaart og lett og tydeleg folke-maal, og endaa saa juridisk gløgt, at ingen pro-kurator skal kunna vingla paa noko i dei brevi som her er uppsette.

(D17M, nr. 7.)

Garborg får her fram, at det er ingen ting i vegen for å bruка nynorsken i faglitteratur. Tvert i mot så hevdar han seg godt, ja, faktisk betre, for han blir meir forståeleg for folk flest.

Når det gjeld val av form, står folkelivsskildringa i sentrum. I Segner fraa Vaagaa er det 2 moment det blir lagt vekt på:

Forutan alt det verdfulle ved sjølve samlingi,  
dei fine skildringar av eit gjævt folkeliv, er  
ho også ei rik kjelda til heil og paalitande  
kjennskap til eit av vaare viktigaste og gjæv-  
aste maalføre.  
(D17M, nr. 61, mine understrekningar.)

Sjå òg sitatet frå Thorleif Homme (ovf. s. 60). Dessutan bør  
skildringa vera sann. Sann, sannferdig og ekte er ord som  
går att. Vi finn det i det tidlegare siterte utdraget om Svart-  
fjellsønerne og i meldinga av Andreas Austlid si Sinklar-Soga  
(D17M, nr. 124.) Også om Løyntnant Anker<sup>33)</sup> si bok Keisar  
Napoleon og den store armé i Russland 1812 står det at det er  
ei "sannferdig skildring". (D17M, nr. 128.) Om Rasmus Løland  
si bok Paa sjølvstyr blir det skrive at "det er ei lita perle,  
egte all igjenom". Dersom dette kravet manglar, kan det òg  
slå negativt ut, som det gjer for Sven Moren i boka Paa vill-  
straa:

Men sumestader brest det, avdi han, som det  
ofte hender med lyriske forfattarar, bryr seg  
mindre um anten det og det er naturlegt elder  
ei. Kor fin daam er det ikkje over møtet med  
gjenta i den vesle stova, der ho ligg paa sitt  
siste! Men so let forfattaren denne gjenta  
fortelja si livssoge; det tenkte ho vel minst  
paa i den stund, kva brydde ho seg um si soge?  
Ein seier vel ikkje stort i slike stunder i  
livet, og bør heller ikkje gjera det i bøker.  
(D17M, nr. 26, mi understrekning.)

Her kjem det inn eit realismekrav i den tydinga at det det  
blir fortalt om, skal kunna ha skjedd, det skal vera sannsynleg.

Ein annan genre som gjer seg gjeldande er dramaet. I omtalen  
av dramaet går det ofte fram at stykket er spela, og så  
følgjer som oftast ei vurdering både av stykket og av spelet.  
Dersom det ikkje er spela, inneheld omtalen gjerne ei rett-

33) Dette er truleg Carl Johan Anker (1835-1903), norsk oberst-  
løyntnant som har skrive mykje om gymnastikk og militære  
saker. Boka er ikkje nemnd hos Aure, difor er ho kan henda  
på dansk-norsk.

leiing om korleis det kan setjast opp. I ein omtale av Mødre (kom ut i 1895) av Hulda Garborg heiter det:

Mødre er det beste stykket fru Garborg hev skrive. Der er stor dramatisk kraft i det. Paa Kristiania teater var spelet mindre godt. (---) Iser var maalføret kleint. Det skal verta forvitnelegt aa sjaa kor desse nye kreftene (det norske spellaget) greier dette stykket.  
(D17M, nr 67.)

Det er berre målføret det vert peika på av dei tinga som gjorde spelet mindre godt. I meldinga av Rasmus Løland sitt spelstykke Mannen som skulde stella heime står dei reint praktiske sidene i sentrum: "Med litt umtanke kan ein faa det upp utan nokon kostnad. Det er lettare a setja i spel en det ser ut til". (D17M, nr 255.)

Ei etterlysing av skodespel, underteikna T.J., understreker haldninga til dramaet som bruksjenstand:

Stykki me kan bruka, maa difyr vera einlagde. Med emni kan det og vera leidt. For mykje "harcelas" yver gudelege skuggesider (um det er aldri so mykje paa sin plass) vert ikkje tolt. Dette sekkelgamle emne um kjærleik tek til aa verta forfare no. Endaa laut det ganga med det, naaer me slapp aa kyssa og kjæla ein annan. Me hev det med det, me fjellfolk, at me ikkje gjerne vil kyssast i folkeauge. (---) Kunde me faa nokre slike einfalle spelstykke som ovanfor nemnt, vilde mange ungdomslag vera takksame.  
(D17M, nr. 26.)

Kor sentralt skodespelet som genre stod innanfor målrørsla på denne tida, skjønar vi når det vart annonserat av formannen for Den norske Marknaden, ingeniør Julius Werner, at kr. 1 000,- var sett opp som pris for det beste norske folkeskodespel på landsmål eller bygdemål<sup>34)</sup>.

34) Prisen vart delt mellom Hulda Garborg for stykket Sovande Sorg og Sigurd Nesse for stykket Folk (Midttun 1963:30).

At nynorsk litteraturen skal vera til nytte og gagn for lesarane gjeld så vel faglitteraturen som skjønnlitteraturen. Dei sist nemnde helst som gode føredøme, medan dei først nemnde helst skal vera til praktisk nytte. I ein omtale av to rekneverk, eit av Nicolaissen og eit av Salveson, vert den praktiske nytten understreka:

--- eg torer ikkje døma om godeleiken av det arbeide som er lagt ned i desse bøkene. (---)  
Men daa synest det klaart at Nicolaisen maa visast til byarne, og Salveson faa raa grunnen paa lande. Det er fleire ting som talar for det. Fyrst er det maale. (---) Umframta maale er sjølvve uppgåavurne ofta slik at dei ligg altfor langt burte frå det praktiske liv, og dreg for mykje paa vidaatta med tankarne aat bornom. Det kan endaa ikkje vera so faarleg i ein høgskule med so lang skuletid, at dei lyt finna paa noko aa driva tidi med, men i ein landsskule med kort skuletid maa ein brukta tidi til aa føra borni den kortaste vegen fram til det maal aa kunna løysa dei praktiske uppgåavur som live sjølv byd fram.  
(D17M, nr. 64.)

Garborg er òg inne på nytteverdien av Kohts brevbok: "Ei liti lettvinne bok, som berre kostar 1 kr., inneheld utruleg mykje, og vert oss til den største hjelpe" (D17M, nr. 7, mi understrekning). Ein som underteiknar seg "os" seier det same om boka: "Etter mit skyn er dette den nyttelegaste bok som hev kome ut paa lenge" (D17M, nr. 3, mi understrekning). I eit lesarinnlegg adressert til Hulda Garborg underteikna M.S. takkar meldaren for kokeboka Heimestell som ho "hev so mykje gleda og gagn av" (D17M, nr. 24, mi understrekning). I det heile verkar det som om nynorsk litteraturen har ein dobbel funksjon. Ved sida av å tena ei namngitt oppgåve, går han inn i ein større samanheng og blir eit av dei områda der målrørsla og bondekulturen arbeider for å nå ut til folk. Han vert med andre ord eit middel for målrørsla.

Det let seg ikkje gjera å koma utanom Peter Hognestad sine meldingar eller snarare artiklar om dei to Garborg-bøkene

Haugtussa og Den burtkomne faderen. Desse to meldingane står så sentralt i 1899-årgangen av Den 17de Mai at dei er nøydde til å nemnast for seg sjølve. Meldinga av Haugtussa går over 4 nummer, det same gjer meldinga av Den burtkomne faderen, men her er det litt usikkert om det første stykket høyrer saman med dei tre neste. Dei tre siste stykka har nemleg initialane P.H. etter overskrifta, medan det første er utan namngitt meldar. Der er òg ein viss skilnad i tid mellom det første og dei tre siste - frå 30. november til 18., 19. og 20. desember. Eg kjem i det følgjande til å handsama dei samla, då det er normalt meir enn personen bak som interesserer meg. Kvart stykke går over fleire spalter og alle står på framsida av avisra. Dei skil seg med andre ord ut frå alle dei andre bokomtalane i Den 17de Mai.

Artikkelen om Haugtussa<sup>35)</sup> byrjar med å slå fast at "av egte norsk jord er dette diktarverke runne og lange røter hev det i denne jordi" (D17M, nr. 1). Som merke på det ekte norske, siterer han Aasmund Olavson Vinje: "Den guten kunde tala med skjemt om sine saar". Dette forklarer han med at det har vore nordmenns vis å finna den rette gleda, ikkje utanom, men gjennom sorga. Argumentet brukar han så mot den dansk-norske litteraturen:

Naar me kjem til vaar nyare dansk-norske bokavl,  
syner denne just her, at han ikkje er runnen  
av heilt norsk rot. Me kan berre taka dei two  
storskaldarne Ibsen og Bjørnson. (---) Ibsen og  
Bjørnson hev kvar sitt syn (den første pessimist,  
den andre optimist), men ingen av dei finn fram  
til den rette jamvigt. Me kan ikkje segja um  
nokon av dei two: Den guten kunde tala med skjemt  
um sine saar.  
(S.st.)

35) Dette er den same artikkelen som Arild Linneberg refererer til i stykket "Romantikk for borgar - realisme for bonde? Arne Garborgs Haugtussa og litteraturkritikken" (Syn og Segn 1979). Når eg ikkje nemner det sosialpolitiske aspektet som Linneberg framhever, kjem det av at eg skal finna fram til meldaren sitt/sine hovudkriterium - og då er det tydeleg at det er det kristeleg-nasjonale aspektet som er det sentrale i denne artikkelen av P.H.

Hognestad plasserer Garborgs Haugtussa i ein gamal, norsk litterær tradisjon. "Egil Skallagrimson, Thormod Kollbrunarskald, æventyri, Vinje, Aasen - i denne grunnen hev Haugtussa sine røter." Han finn ut at dette nasjonale grunnsynet (Vinjesitatet) i sin djupaste grunn er eit religiøst syn. Han forklarar det slik:

Kristendomen spørkjer heilt ned til botnen av det vonde, nemner sjølve grunnsaare og gjev likevel frelsa. Difor er dei kristne igrunnen dei einaste, som heilt til botnaren kann tala med skjent um sine saar. I sit grunnsyn hev soleis Haugtussa noko, som heng i hop med det djupaste i heile manneætti. Naar eg ser dette livssyn botnar so djupt, vert eg dess meir glad, fordi det er so gammalt norskt.  
(S.st.)

Ringen er slutta. Haugtussa sitt verde ligg i at boka er så ekte norsk samstundes som ho botnar i eit religiøst syn. Når eg har lagt hovudvekta på første stykket, kjem det av at det er her premissane for vurderinga blir gitt. Dei andre stykka er meir ei blanding av meldaren si oppleving og tolking av verket. Hognestad gjer merksam på at det ikkje er sikkert diktaren har meint det han tolkar det til alltid. Eit døme på det finn vi i det andre stykket:

At ho ser dyr og troll, kunde ein taka reint symbolsk, og det kann henda, diktaren sjølv hev meint det so. Trolli skulde daa merkja dei djupare, meir løynde siduør i mannanaturi. Det er, som ein vil segja: Der er dyr og troll i oss. Eg tykkjer no likevel, det er betre aa taka det meir bokstaveleg. Der er verkeleg sjølvstendige, personlege aandsmagter, som er vonde.  
(D17M, nr. 2.)

Sjølv tolkar han scénen der Veslemøy ser trolla dansa i lag med ungdommen etter Paulus sine skrifter. Hognestad syner at han er klar over parallellane mellom det store trollmøtet på Skarekula og den politiske situasjonen i landet, og han finn grunn til å forsvara det litterært:

Mange av dei skarpe snert til live ikring oss gjeng vel lenger enn ei gjenta som Veslemøy kann fylgja med. Men kanskje diktaren hev gjeve seg sjølv rett til aa stikka seg meir fram her, naar han skriv i innleiingsdiktet "Eg røynde sjølv den striden stygg".  
(D17M, nr. 5.)

Eit dikt er han likevel ikkje i stand til å forsvara, og det er Ein spørjjar.

Ein skulde mest tru, at diktaren hadde skrive det i sinne og sett det inn, daa det andre var ferdigt. "Prestar og pakk som lærde lygn aa sanna" høyrer ikkje til dei slag prestar som Veslemøy kjenner.  
(S.st.)

Heile meldinga sluttar med at Veslemøy no vandrar på den rette vegen - den vegen Paulus har skildra. Ein sit att med ei kjensle av at Veslemøy er i ferd med å finna attende til kristendommen

Det første stykket om Den burtkomne faderen (D17M, nr. 264) tar opp heile boka. Det er ei bok "samantyngd av livsrøynsle og livsvisdom", samstundes som det er "den tyngste av alle hans böker". Meldaren tar avstand frå ein påstand om at Garborgs böker tar trua frå folk:

Eg for min part hev aldri skyna dette. Han hev ofte skildra myrke og ufysne ting; men skildringane hev alltid staalsett, og dei hev styrkt trui. Ein hev alltid timt ei solrik glenne bak myrkret.  
(D17M, s.st.)

Også hos den store meisteren Garborg kan språket bli ..... kommentert:

I tankehøgd og tankeklaarne hev vel Garborg aldri naat so høgt som her. Og maalet i denne boki er det beste svar paa denne talen at landsmaalet ikkje rekk til, naar kulturfolk skal skriva um kulturtankar.  
(S.st.)

I det neste stykket blir Garborg skildra som diktaren på heim-veg. Ordet "burtkomen" blir tolka som bortkomen både frå heim-staden (Jæren) og frå Gud, kanskje särleg det siste. Om form og innhald seier Hognestad at det er bibelsk ånd som rår. Sidan boka er slik ei tung sjukesoge, må ein lesa henne minst tre gonger. Då vil ein synast "hava sett eit nytt og høgare liv, som du fær lyst til aa liva". Boka handlar om ein eldre "kulturmann" og nettopp for moderne kulturmenn er det så vanskeleg å finne fram til kristendommen. Ein får ei kjensle av at Hognestad med denne meldinga vender seg medvete til den intellektuelle (og mindre religiøse?) delen av målrørsla, og bruker boka til å argumentera for den lutherske kyrkja ved å setja henne opp mot andre religiøse syn og haldningar. Det at hovudpersonen Gunnar døyr på slutten av boka, blir tolka som at

Den burtkomne sonen er komen til kristendom.  
Men han er ikkje komen langt i kristendomen.  
Det er endaa mykje av ein kristendom paa andre hand, som i den katolske kyrkja.  
(D17M, nr. 295.)

Heile meldinga munnar ut i ei oppmoding til "me lutherske kristne" om korleis "me" skal vera/handla for at den lutherske kyrkja i lengda skal verta den "sannaste og beste vegvisar til faderen" (s.st.).

Garborg vert på mange måtar ufarleggjord for kristenfolket med desse meldingane, eller ein kan seia han vert innsett som leiar for denne delen av målflokkene òg. Som Hognestad skriv om han: "Ja, han hev gjætt svin med bohèmen. No peikar vegen heim att (---) til tru paa livet, til grunnen i livet" (under-forstått - kristendommen, D17M, nr. 293). Skilnaden mellom Garborg no i motsetnad til tidlegare vert understreka. Også Ivar Mortensson slår fast at Garborg no skildrar heimemiljøet og vonar at det fører til større oppslutnad om målrørsla. Men bortsett frå at han nyttar bibelske biletet, er det ingen ting som tyder på at han meiner heimkomen til kristendommen òg.

Han skriv:

Paa denne vegen (mot ein heil norsk kultur) gjeng  
faae. Men no sidan Brandesridi, er yverstadi,  
sidan kunstnarar av alle slag meir og meir finn  
att dei gamle nasjonale tonar, som tagna so  
burt i dansketidi, sidan folkehøgskularne held  
paa og livnar til att, og allvisst sidan Garborg  
i dei tri siste bøkerne sine hev fengje fullfast  
heimeleg grunn, er det von om at denne flokken  
vill veksa.  
(D17M, nr. 268, mi understrekning.)

Kva konsekvensar får desse Garborg-meldingane for norma i Den  
17de Mai? Ikkje så reint små. Både på grunn av plasseringa og  
ikkje minst på grunn av personen som av mange vart rekna som  
den åndelege leiaren for målmennene, meiner eg desse meldingane  
er med på å skyva norma i kristleg-nasjonal retning snarare  
enn i ei rein nasjonal retning. Den kristeleg-nasjonale  
retninga ser med andre ord ut til å dominera. Når ein tenkjer  
på at Garborg sjølv og ikkje minst Rasmus Steinsvik som var  
redaktør for bladet, høyrdé til på den radikale, tidlegare  
anarkistiske sida av målrørsla, verkar det rart at desse  
meldingane skulle få så stor plass i avis.

Jon Twinnereim (Twinnereim 1973) hevdar at det store gjennom-  
brotet for målsaka frå 1890-åra og frametter kom som ei følgje  
av den nasjonale bølgja som gjekk over landet frå 1890-åra  
- og spesielt ikring 1905. Men han meiner at der er ein  
faktor til som gjer seg gjeldande i den samanhengen:

Medan dei spesielt kristeleg interesserte i  
1870-åra kjempa mot målstrevet fordi det var  
"fritenkjersk", gjekk mange av dei frå 1890-  
åra aktivt inn for målsaka.  
(Twinnereim 1973:605.)

Og han konkluderer med at

Målreisingsarbeidet har heile tida vore nært  
knytt til den frilyndte rørsla, men det er  
utenkjeleg at landsmålet kunne ha fått slik  
framgang på Vestlandet om ikkje mange av  
førarane for kristenfolket, både prestar og  
lekreikarar, hadde gått inn for saka.  
(Twinnereim 1973:607.)

Han henda er det dette Rasmus Steinsvik har skjøna og difor late Hognestad få koma til orde på ein slik måte. På den andre sida verkar meldingane heilt i tråd med mykje av det andre stoffet i avisene. Det er ikkje heilt utruleg at Klaus Sletten som var medarbeidar i avisene frå 1899 til 1916, hadde ein viss innverknad i positiv retning når det galdt å ta inn religiøst stoff. Han skriv mykje i 1899-årgangen, og i eit innlegg under overskrifta "Persondyrkning av Lars Eskeland" kjem haldninga hans til det nasjonale kontra det kristelege fram:

Kvar den som vil vera med i ungdomsarbeidet maa læra aa skyna, at det no er og maa verta eit "nytt tidsskifte". Det nasjonale reisingsverk og upplysningsarbeidet strekk ikkje til som berande krefter i ungdomsrørsla (---) Difor er ei religiøs-nasjonal reising framtidsvegen i ungdomsarbeidet - det dei two store ungdomsfylkingane vil samla seg um -, og det er ei bergingsvogn for folket vaart.  
(D17M, nr 154.)

Frå boka til Klaus Sletten Då dagen rann kan ein få inntrykk av at i 1899 tok det til å skje noko i ungdomslaga :

På årsmøtet i Eidsiva ungdomslag 1899 heldt læraren og bokmannen Sigurd Nesse fram at det religiøse burde ha rom i ungdomslaga jamsides med det nasjonale og menneskelege. (---) Og dei andre målsmennene for bondeungdomen sa seg samde i det, at kristendomen, den høgste åndsmakten, burde ha rom i ungdomsarbeidet.  
(Sletten 1952:232.)

Men Klaus Sletten represnterer eit syn i denne saka. Eit anna får vi når vi les Rasmus Løland sin roman Umskifte (1904) som er eit "interessant debattinnlegg" mot den religiøse tonen i laget (dvs. Bondeungdomslaget som Klaus Sletten var med og skipa i 1899). (Birkeland 1975:488.)

5. Krav som understrekar kor viktige dei materielle sidene ved institusjonen var.

I 1899-årgangen av Den 17de Mai kjem det gong på gong til uttrykk at nynorsk litteraturen er til gagn og framgang for målet, at han i sitt innhald er med på å styrkja nasjonal-kjensla og kjennskapen til den norske bonden ettersom han tek opp spesifikt norske tilhøve - i praksis: det norske folkelivet. Dette fører til ei rekke krav til lesarane og forleggjarane som kjem direkte til uttrykk i avisa gjennom oppmodingar. Ein kan samla desse krava i 4 hovudpunkt:

- I. Det er viktig å støtta nynorsk litteraturen ved å kjøpa han.
- II. Det er viktig å gjera han så billeg som mogeleg slik at folk (på landsbygda) blir i stand til å kjøpa han.
- III. Det er viktig å spreia han slik at folk som ønskjer det kan få tak i han. Det kan gjerast
  - ved å få han inn i bibliotek
  - ved å få han spreidd til ulike byar<sup>36)</sup>
  - ved å laga enkle, greie kjøpeordningar for til dømes lærarar og skular.
- IV. Det er viktig å skaffa ein variert litteratur på landsmål.

Samstundes som nynorsk litteraturen har ein verdi i seg sjølv og er eit mål i seg sjølv, får han ein viktig tilleggsverdi som middel til å byggja opp og styrkja målrørsla, som enno ikkje har organisert seg i Norlig Mållag. Det skjer først i 1906. Året 1899 er likevel viktig i målsamanheng. Akkurat dette året går ei rad menn ut på eige initiativ og oppmodar dei lokale mållaga om å fylka seg i landsdelslag. I nr. 61 av avisa Den 17de Mai kjem det ei melding frå Austmannalaget som held på å skipa seg. I nr. 130 kjem eit opprop om å skipa eit Sudmannalag, og i nr. 140 kjem melding om at det er skipa og har fått namnet Egde og Telelaget. I nr. 129 kastar

36) Faktisk vert ikkje bygder nemnt i den samanheng. Truleg var det vanskeleg nok å få han til alle byar.

Kristian Bing fram tanken om Norigs Maalag under nemninga "Landsfylking". Dette er i samsvar med Haugland 1977 som hevdar at målrørsla akkurat i 1899-1901 bygde opp sitt eige apparat av distriktsorganisasjonar (Haugland 1977:23).

Ivar Mortensson (i artikkelen står det berre I.M., men truleg er det han) har eit innlegg som han har kalla "Maalmans-flokkarne" der han summerer opp på kva felt det vert arbeidd og må arbeidast med "aa verja og fremja norskt maal i Norig". Dette innlegget kjem rett etter Bjørnson sitt åtak på landsmålet og bondekulturen som tok til med talen i Logen <sup>23</sup>/11 1899. Han skriv:

Det kan vera forvitnelegt aa gjera seg eit kring-sjaa yver korleis maalmanslyden no stend. For meg greiner han seg ut paa fem vengjer:

- I. Maalstræv i politikken
  - A. Rikspolitikken og B. Bygdepolitikken
- II. Pengar
- III. Lesnad
  - A. Skulebøker av alle slag og rettleidingsbøker
  - B. Folkelesnad i bøker og blad
- IV. Ein nynorsk bokheim i jamhøgd med andre folks bokheim
- V. Ein heil norsk kultur

Som vi ser, er nynorsk litteratur i vid tyding eit viktig element i styrkinga av målrørsla.

Kravet om å støtta nynorsk litteraturen ved å kjøpa han, kan gi seg morosame utslag som til dømes i denne oppmødinga "Til jol!" underteikna "maatehaldsmann" som stod i avisas 20. desember:

Etter kvar jol spørst det leide ting. Slaasting, knivstikk, ihelfrosne elder fordervakfyrde. Slike tidender er lite hyggjelege. Og ofte hev brennevinet skuldi. Det vore betre for mange um ein kjøpte i minste laget av det, og holder kjøpte eitkvart anna. T.d. ei god bok. Det kunde vera likso trøysamt.  
(D17M, nr. 295.)

Men vanlegvis er det ikkje brennevinet som vert sett opp mot ei god bok. Langt oftare går oppmodinga om å kjøpa nynorske bøker framom dansk-norske bøker som her hos Thorleif Homme:

Difyre synest det meg at alle maalfolk burde  
taka det so, at det er dei nynorske bøkerne dei  
fyrst maa faa fat i baade aat seg sjølv og andre.  
Dei dansk-norske fekk daa koma ettersom det  
kunde falla seg.  
(D17M, nr. 41.)

Grunnen til at målfolka bør handla slik er sittet tidlegare (sjå s. 60). Han kjem òg inn på den kunstnarlege sida ved litteraturen:

At dei paa den dansk-norske sia enno kan henda  
hev vælso sterke og heil kunst som paa den ny-  
norske sia, hev ikkje fyr folk flest so mykje  
paa seg at me av den grunn skulde taka den  
dansk-norske fyst.  
(S.st.)

Elles er det svært mange meldingar som sluttar med ord som "Kjøp og les, bondeungdom!" eller "Tak og les! Du tregar ikkje paa det".

Fleire er opptekne av at prisen må vera overkommeleg. Thorleif Homme (i nr. 41) er inne på spørsmålet om ikkje bøkene etter kvart burde bli billegare slik blada har blitt det dei siste åra. Han meiner "dei store" burde gå føre med eit godt eksempel og setja ned prisane på bøkene sine, så måtte dei andre følgja med. I diskusjonen om Blix-salmane går dei politiske og økonomiske argumenta om ein annan. Landstad salmebok som kom ut og vart autorisert til kyrkjebruk i 1869, fekk i 1892 "Nokre Salmar" av Elias Blix som nynorsk tillegg<sup>37)</sup>.

37) Diskusjonen gjeld "Huseby-utgåva" som kom i 1896. Dette var eit særskilt fint eksemplar som ved sida av tillegget "Nokre Salmar" òg inneholdt tillegga "Kirkesalmebøger og Salmedigtere" av biskop Skaar, med 82 portrett, "Kirke-musikere og Kirkemusikk" av biskop Bang, med 12 portrett og "Norsk Kirkebygningskunst" av professor Dietrichson med med 136 biletar av norske kyrkjer.

I 1899 er situasjonen enno den at heller få har tatt den nye salmeboka i bruk, og i dei kyrkjelydane som har røysta boka inn, er ho ofte lite brukt. Hans Seland meiner det kjem av at folk som har Landstad salmebok i huset frå før, er redde for at "røystar dei Blix-salmarne inn er det so fullt som dei røysta for heilt salmebok-byte - i pengevegen". Og han held fram:

Onnorleis vilde det vera, hadde me havt ei billeg særutgaava av Nokre Salmar. Daa var det vandelauft for 2-3 mann, som hadde hjartelag for saki og forstand paa kva gudsordi paa morsmaale tyder for kristenlive, - det var snart gjort for dei aa skjota i hop pengarne som trengst og gjeva kyrkjelyden bøker. Og de kan tru meg: naar pengespursmaale skipa seg paa denne maaten, daa vilde ikkje mange røysta i mot dei norske salmarne.  
(D17M, nr. 179.)

Argumentasjonen går på at pengespørsmålet ikkje må få hindra bruken av salmane. Når Olaf Huseby er skeptisk til ei særutgåve, kjem det av at

Nokre salmar i eit slikt hefte taper rang av kyrkjebok. Det vert ein grand simplare enn sjølv kyrkjeboki, og det er korkje norskmalet eller Nokre salmar tente med.  
(D17M, nr. 186.)

Sett på spissen kan ein seia at medan Seland strir for utbreininga til flest mogeleg, så strir Huseby for statusen. I praksis er dei nok samde i at det gjeld både å få Landstad si utgåve med Blix sitt tillegg ut til så mange som råd er, og å gi nynorsken status som kulturmål. Huseby held vidare fram at dei no sel ei skuleutgåve for kr. 0,60, og at dei dessutan gir høg rabatt til handlarar. Den store utgåva av Landstad med Nokre Salmar vil dei selja for ei krone. Klaus Sletten (D17M, nr. 198) støttar Huseby og meiner at når Norsk-salmebok-samlag har sett prisane så ned at dei lite eller ingenting tener på boka, må målfolk kunna hjelpa til å få bøkene ut. Johs. Helleland (D17M, nr. 203) derimot, kjem Seland til hjelp.

Han tenkjer på dei eldre som alt har kjøpt seg ei salmebok "dei er like naudhjelpne um dei yngre før billege bøker. Lat oss difyre faa ei billeg utgaava av Nokre salmar snart" (S.st., forf. si understrekning). I det neste innleget sitt stila til Huseby er Seland enno ivrig etter å få ei "billeg særutgaava av Nokre Salmar.

Berre paa den maaten kan ein faa salmarne spreidde i kyrkjelydarne dei fyrste aari.  
Berre paa den visi kan einskildmannen sjaa seg syn med aa gjeva burt so mange bøker at kyrkjelyden ikkje faar pengespursmaal aa rida paa naar dei skal røysta. Og naar me veit kor mykje fordom og likesæla - ikkje aa tala um beintfram mothug - mot maale. her er aa yvervinna fyrr me før ein kyrkjelyd til aa taka salmarne so ser du: me orkar ikkje meir med ord og grunnar.  
(D17M, nr. 205.)

Seland som sjølv arbeidde for målsaka på det lokale plan, kjende nok problemet på kroppen. N.R. Heyerdahl frå Sandherad seier seg einig med Seland. Han meiner at mange prestar ville kosta seg nokre slike utgåver, og så låna dei ut til "lesarborni" som nok så i neste omgang ville velja "Huseby-utgaava" til konfirmasjonen. På same måten ville nok fleire ungdomslag kosta på seg nokre eksemplar og låna dei ut på møta.

Kjem salmarne inn i heimen og vert brukte av dei unge, kan dei eldre koma etter. Men her krevst paa fleire stelle aars, kanskje ti-aars arbeid! Det nyttar ikkje aa vilja storma Blix-salmarne inn i kyrkja. Men finn dei veg til ungdomen, vil dei med tidi veksa inn i kyrkja saman med han. - Dette var daa um serutgaava si nytte, der Nokre salmar enno ikkje er i kyrkjebruk.  
(D17M, nr. 212.)

Heyerdahl held fram med argumentasjonen for ei særutgåve, og der boka alt er tatt i bruk:

Men ho trengst, der slage er vunne og!  
Pengarne er faae og smaae paa flestalle stelle

kring strender og dalar - og folke fer var-  
samt med kyrkjeboki, ho varer ein halv manns-  
alder (---) Det vil koma væl med um gamle-  
folke paa garden kan sleppa aa kjøpa ny bok.  
(S.st.)

Det er sosiale grunnar han gir for å få ei særutgåve. For folk  
på landsbygda er ei krone frå eller til viktig og ofte viktig  
nok til å hindra utbreiinga av nynorsken i praksis<sup>38)</sup>.

Fleire stader kjem det fram kor viktig det er å få spreidd  
nynorsk litteraturen slik at i det minste dei som ønskjer det,  
kan få tak i han. Ein av måtane å spreia han på, er å arbeida  
for å få han inn i folkeboksamlingane. Klaus Sletten har i  
nr. 54 eit innlegg han har kalla "Folkeboksamlingarne" som  
han meiner er ei utfordring särleg for målmennene rundt om  
i landet. Dei må arbeida for å få heradstyra til å yta meir  
til folkeboksamlingane, og for å få frilynde, bokkunnige menn  
til å styra dei. Grunnen han gir er at

Folk utover landsbygdene hev so altfor lite  
raad til aa kjøpa seg bøker. (---) Eg tykkjer  
folk maa hava rett til aa faa lut i den aands-  
daning, som gode bøker kan gjeva, um dei ikkje  
kvar for seg hev raad til aa kosta dei. Og den  
norske bokavlen som no stend paa høgd med og  
framum bokavlen i mange andre land, maa meir  
en fyrr verta heile folke si eiga.  
(S.st.)

Grunnen til at det er så viktig å få målmenn med i arbeidet,  
er at dei vil velja målbøker og

Storparten av maalbøkerne er sars høvelege til  
folkelesnad - ikkje berre paa grunn av maale -,  
og skal me nokon gong vinna fram med maalstræve,  
so maa folk faa høve til aa læra aa kjenna og  
hugleggja den fullnorske bokavlen.  
(S.st.)

38) Når eg har gitt att denne debatten så omstendeleg som eg  
har, kjem det av at han samstundes er med og karakteriserer  
Seland og hans syn på målsaka.

Han nemner ikkje andre grunnar enn målet til at desse bøkene var så høvelege til folkelesnad, men for lesarane av Den 17de Mai var vel det unødvendig!

I avisar vert det fleire gonger klaga over kor vanskeleg det ofte kan vera å få fatt i målbøker. Johs. Helleland i innleggsett sitt om "Salmeboki" skriv:

Kvar vert det av bøkerne? Den eine etter hin klagar! Kjem dei til handelsmannen i bygdi og spør etter salmebok med Blix-salmar i, so hev han henne ikkje og kjem dei til Bergen, so kan dei gaa fraa gate til gate, fraa bokhandel til bokhandel, og same svaret får dei. Den boki er ikkje aa faa, kor hev det seg? Og kan der gjerast noko fyre, at det vert onnorleids?  
(D17M, nr. 203.)

Torleif Homme harmar seg òg over bokreiarane:

Dei burde ogso senda dei nynorske bøkarne meir ikring te dei ymse byarne en dei gjere. Dei er mest aldri aa faa andre staer en anten i Oslo eller Bjørgvin. Det er dei som gjerne kaupte ei bok, um ho var aa faa i den byen dei bur i eller handlar i, men aa senda te dei two byarne og faa dei me posten, er herle brysamt. Eg hev tidt vorte harm og lei, naar eg hev vore i Kristiansand og ville havt ei eller fleire av dei nyaste bøkar, og so ingi av dei hev vore aa faa der.  
(D17M, nr. 235.)

Elles er ikkje dette det punktet det blir klaga mest over. Det kjem truleg av at avisar heile tida har bokannonssar der dei averterer bøker til sal og oppmodar folk aa skriva etter bøker.

Thorleif Homme (D17M, nr. 235) er òg ute og krev greiare kjøpeordningar for lærarar av nynorske skulebøker. Han hevdar at for danske skulebøker har lærarane høve til å senda attende dei bøkene som ikkje blir selde, medan dei som gir ut bøker på nynorsk ikkje tar tilbake uselde bøker. Ei slik

kjøpeordning meiner han kan verta til hindring for bruken av nynorsken på høgskulane, og han skriv at "det vilde vera syrgjelegt, daa me er komne so godt paa veg med nynorsken paa amtskulen her i indre Nedenes". (S.st.) Kor vidt denne klaga har noko i seg eller ikkje, erva vanskeleg å seia, men litt utruleg verkar det. Klaus Sletten skriv til dømes om Bertrand Jensen at

Bertrand Jensen gjev 30% avslag i prisen paa bøker til folkeboksamlingar, medan dei andre bokhandlarar berre gjev 8 1/3%. Og han sender bøker til utval - baade maalbøker og andre.  
(D17M, nr. 54.)

Ein skulle tru at dei som gav ut bøker på nynorsk ikkje var vanskelegare enn dei andre - heller tvert i mot!

#### 6. Kva slag litteratur ønskjer den alternative nynorske litterære institusjonen?

Det fjerde punktet eg nemnde i kapittelet før, var at det var viktig å skaffa ein variert litteratur på nynorsk. Eg nemnde tidlegare at på to område fann eg at norma i Den 17de Mai sprikte i ulike retningar. Det første området galdt samanvevinga av eit kristeleg-nasjonalt krav i høve til eit reint nasjonalt krav. Det andre området gjeld synet på kva slag litteratur dei skal ha på nynorsk. Når det gjeld faglitteratur, verkar det som om dei fleste er einige om at det er viktig å skaffa seg dei sentrale lærebøkene raskast mogeleg. Oppmoding om å få visse bøker omsette til nynorsk går att. Eit typisk

innlegg av denne typen er "Skulebøker paa norsk":

No kjem snart Horns geografi paa landsmaal.  
So er den steinen av vegen. (---) Men her er  
fleire steinar som maa or vegen. Nikolaisens  
reknebok maa me ha paa landsmaal. Like eins  
Rølfssens lesebok med mesteparten paa lands-  
maal.  
(D17M, nr. 121.)

I nr. 273 etterlyser Anders Vassbotn Andreas Austlid sitt  
leseverk (som kom 1902-06) og Sverdrup si forklaring under  
overskrifta "Kvar vert skulebøkerne av?" Desse bøkene må ha  
vore etterlyste før òg, for alt i nr. 191 under overskrifta  
"Det norske samlaget og skulebøkerne" blir det gitt forklaring  
på hvilfor Sverdrup si forklaringsbok, omsett av Per Riste, og  
Austlid si lesebok ikkje er komme enno. Også Andreas Austlid  
kjem med ei bøn til Det norske samlaget. Han vil ha Bangs for-  
klaring omsett til landsmål "snart". Han er klar over at det  
ikkje er så lett å finna ein høveleg omsetjar og kjem difor  
med eit forslag:

Men her hev me Eskaland, bed honom; naar me  
les hans umsetjing av Klaveness, maa me sanna  
at han hev greitt vanskarne paa ein maate, so  
me lyt segja: han er mannen. Det vesle arbeide  
er for meg eit nytt vitne um kor langt det  
norske maale alt rekk, paa den kanten og -  
naar me berre ikkje flyg yver bekken etter  
vatn, men tek det der det er.  
(D17M, nr. 89.)

Dette at skulebøkene er så viktige, og at kravet går på om-  
setjing av kjende læreverk og ikkje på originale nynorske  
verk, kjem nok av at det hastar. Nynorskørsla satsar medvete  
på borna og ungdommen - det er her dei må byrja om dei skal  
nå fram. Difor er det om å gjera å få nynorske bøker inn i  
skulen snarast mogeleg.

Det er særleg i synet på fiksjonslitteraturen at det verkar  
som om der er ei lita usemje ute og går. Vi meir anar det enn

vi kan sjå det klart. Nokre hevdar at det er svært viktig at det finst litteratur for ein kvar smak på nynorsk, slik at alle kan få den litteraturen dei ønskjer på "maalet". Andre er meir tvilande - dei er først og fremst opptekne av kvalitet, at det nynorske målet i seg sjølv borgar for ein viss kvalitet.

I første nummeret av 1899-årgangen, er Rasmus Løland ute og uttalar seg i eit stykke han har kalla "Vestlandsposten". Sjølv har han tidlegare hatt eit innlegg i Unge Skud om den store auken av julehefte som han meiner har tatt overhand. Vestlandsposten har så reagert på innlegget og tildels tillagt han meininger han ikkje har hatt. Dette stykket er eit svar/forsvar for det han skreiv i Unge Skud. Løland hevdar at "jolehefteflaumen er til meink for avsetnaden av "digternes böger"." Men han meiner ikkje at folk av den grunn skal slutta å kjøpa julehefte. Nei, av omsyn til seg sjølve bør dei heller lesa böker med meir innhald i enn all denne "lettan kosten i jolehefti". Han nyttar kvalitative grunnar til å underbyggja haldninga si:

Eg sagde, at det sjølv sagt kunde koma gode ting i jolehefti og, og me veit alle at der av og til kjem gode ting. Der er kome ikkje so lite gode ting i aar. Men eg torer likevel seia upp att som eg sagde daa: dei beste arbeidi sine spreier bokfolki ikkje ut i jolehefti. Det likaste som bokheimen hev aa ljoda - av sogeskriwing, "dikting", reiseskildringar, böker um ymse greiner av naturvitenskap elder kva ein vil nemna - vert soleis minder og minder lese, naar folk ikkje kjøper stort anna en jolehefte. Og det skulde vel ikkje vera det beste?  
(S.st.)

Er julehefta triviallitteratur<sup>39)</sup> for Løland? Dei er i alle fall mindre verdfull litteratur som ikkje må få ta overhand slik dei no har gjort. Men han er ikkje heilt avvisande til

39) Omgrepet "triviallitteratur" er her brukt i vanleg tyding av ordet, nemleg mindre verdfull litteratur.

denne litteraturen.

Eg er ikkje imot at det kjem eit par jolehefte  
elder so til aaret, elder at det kjem nokre  
jolehefte for born. Men naar det som i aar kjem  
eit heilt sneis - elder kanskje væl det - daa  
kallar eg det avveg.  
(S.st.)

Frå nr. 94 til og med nr. 113 kjem der 6 innlegg i ein ord-  
strid om barnebladet Næmingen i Den 17de Mai. Diskusjonen  
byrjar med at Halvdan Koht (nr. 94) reagerer på eit stykke  
skrive av ein 10 års gamal gut (det syner seg seinare at han  
var 16 år, trykkfeil - djevelen var inne i biletet), og som  
han syntest var altfor "vakse" skrive av den aldersgruppa.  
Han angrip så den skrivesjuka som breier seg - ho herjar alt  
mellan ungdommen og no byrjar ho blant ungane og.

Me har høyrt om at baade by- og landsungdommen  
vaar tenkjer meir paa aa skriva bladstykke og  
bøker en paa aa gjera gagns arbeid, og vetuge  
folk fraa Garborg og nedetter har vore sams  
um at denne skrivesykja var kje til bate for  
framgangen.  
(S.st.)

Kva for framgang? Framgang for målet, for litteraturen, for  
landet? Det går ikkje fram kva han meiner, men etter å ha  
uttalt seg om "denne skrivesykja" mellom borna så spør han:  
"Kva er det for eit folk me skal ala upp paa denne maaten?"  
Mest truleg meiner han at "skrivesykja" ikkje gagnar nokon av  
områda og aller minst landet og folket. Anders Fosvold kjem  
så med eit forsvar for landsmålet og landsmåls litteraturen:

Det er ikkje gjennom landsmaalet - mor sit  
maal - at dei "for vaksne" ungarne hev soge i  
seg sjuke draumar og ureine tankar. Det hev  
dei fenge, som Koht ogsaa seier, fraa "skire  
romanbøker". Og paa kva maal er det, me hev  
mest av slike bøker? Er det paa landsmaalet.  
Elder er det paa det vanlege bokmaalet i dei  
two kongerike Norig og Danmark? Svaret gir seg  
sjølv.  
(D17M, nr. 99.)

Dei sjuke draumane og ureine tankane som kjem fram i stykket av den "10 års gamle guten" (i nr. 83 under overskrifta "Den som vaagar, han vinn") erkjensla av og medvetet om gryande pubertet. Det er dette emnet Anders Fosvold fordømmer. Når ein tek omsyn til kva gruppe meldarane og forfattarane på nynorsk-sida først og fremst skriv for, nemleg ungdomen, vert bodskapen klar for forfattarane på nynorsk-sida: Slike emne tar ikkje vår litteratur opp! Halvdan Koht svarar Anders Fosvold at han ikkje ville stoppa landsmålsopplæringa. Nei, det han vart så sint for var at læraren "ville taka landsmaalsupplæringa til reiskap for den aandelege skakk-køyringa".  
(D17M, nr. 108.)

Mot dette synet har vi så den andre retninga som mellom andre Lars A. Havstad representerer. Han talar om korleis målarbeidet må bli drive:

Arbeidet maa begynde fraa neden. (---) Man maa henvende sig til børnene, til den opvoxende slægt og til de brede lag af hverdagsmennesker. Derfor først og fremst landsmalet i skolen og som tillægg dertil en righoldig og afvexlende litteratur for børn og ungdom paa samme maal, original og oversat. Videre interessant og spændende romanlitteratur og lignende, saa enhver, (---) kan finde den læsning, han bryder sig om, paa dette sprog. Fremgangens farligste fiende er den kjendsgjerning, at alle, baade smaa og store, baade hverdagsmennesker og litterært interesserede simpelthen er henvis til et andet sprog end landsmalet, om de vil have fat i den læsning, som falder enhver bekvemmest.  
(D17M, nr. 252.)

Det er tydeleg at han ser det som viktig å få ein variert litteratur på nynorsk - ein litteratur som vender seg til fleire grupper enn akkurat ungdommen. Om sin eigen smak, seier han "at han med hensyn til maallitteratur legger mere vægt paa Maren kokkepiges smag end paa den idealt udviklede bonde-students". Dette synet siterer Ivar Mortensson i innlegget sitt "Maalmansflokkarne" (D17M, nr. 268) under punktet "Folkeslesnad". Han gjer her eit interessant skilje mellom Lesnad som

han meiner er både skulebøker og rettleiingsbøker av alle slag og folkelesnad i bøker og blad, og ein nynorsk bokheim i jam-høgd med andre folks bokheim. Her vert det i alle fall direkte uttrykt at nynorsksida treng ein variert litteratur og ikkje berre den litteraturen som høver inn i den nynorske bokheimen med dei grensene ein ofte kan få inntrykk av at han set.

I det heile verkar det som om tanken på at målrørsla må bli sjølvhjelpen, er i ferd med å gripa om seg. Når Svein Folkestad etterlyser stykke på nynorsk i Kringsjaa, ber bladstyret han lesa Syn og Segn, og dei skriv om bladet:

der er ikkje so mykje lesnad, men kom fleire med, kunne det verta større en det er; betre en det er, kan det ikkje godt verta. Me lyt ha til maal no heretter aa verta sjølvhjelpne. Eit norsk stykke ein hende gong i eit dansk blad elder skrift er det so altfor liten mun i.  
(D17M, nr 81.)

Eg har til denne tid ikkje nemnt skjønnlitterære bøker på dansk-norsk. Det tyder ikkje at det ikkje finst slike. I alt fann eg tre meldingar av kjende skjønnlitterære bøker på dansk-norsk: dramaet Harald Svans Mor av Gunnar Heiberg (D17M, nr. 223), dramaet Naar vi døde vaagner av Henrik Ibsen (D17M, nr. 294) og romanen Faste Forland av Jonas Lie (D17M, nr. 296)<sup>40</sup>). Når eg ikkje har brydd meg med å sjå på desse stykka tidlegare, kjem det av at meldingane er heilt i tråd med norma i avis.

Omtalen av Faste Forland er mest positiv. Han byrjar med at sjeleskildringar ofte ikkje er særleg forvitnelege dersom det då ikkje er sjølvrøysle som kjem fram, og det er ein verkeleg forfattar som har "fenge diktargløggsynet i voggeskjenk" som har skrive det. Dette kravet fyller Jonas Lie. Dessutan er "Faste Forland forteljingi um diktaren sjølv, slik han minnest seg fraa den tid, han var ung". Sjølv om

40) Alle desse tre bøkene kom ut i 1899.

det ikkje akkurat er folkelivsskildring han skriv, har han likevel så mange positive sider, mellom anna det at det er sjølvrygnt det han skriv, at han vert positivt vurdert.

Omtalen av Ibsen sitt stykke er stort sett eit kort innhaltsreferat utan dei store orda, og det endar med at "Det er ikkje greidt aa seia, kva han hev "meint" med det, og mang ein stakkars bokdomar kjem til aa sprengja hovudet sitt".

Gunnar Heiberg sitt stykke Harald Svans Mor får ikkje særleg betre handsaming. Om han heiter det.

Heiberg kan slaa med svipa; men det vert svipeslag i lufti: det vert smell og knitring, ikkje slag som rispar i rauda kjøtet. Det ser daa og ut til, at han slør helst for aa faa det til aa smella.  
(D17M, nr. 223.)

Omtalen sluttar med at

Stykket er ein god og viktig komedie. Der er mange løglege sellar, so som det skal vera i eit teaterstykke. Men so mykje meir er det holder ikkje.  
(S.st.)

Når ein ser bort frå meldinga av Jonas Lie si bok er meldingane av dei to dramastykka berre måtelege. Ikkje nokon av dei eigenskapane som har fått høg verdi elles i bokomtalane i avisa, er nemnde i samband med desse to drama. Hovudgrunnen er truleg målforma - sjølv om det ikkje kjem fram direkte. På grunn av nynorsk litteraturen si vanskelege stode - i ferd med å etablera seg som ein alternativ nynorsk litterær institusjon, hadde han bruk for å leggja vekt på det som skilde han frå den dansk-norske litteraturen.

### 7. Oppsummering

Tyder dei resultata eg har kome fram til at vi har å gjera med ein alternativ nynorsk litterær institusjon ved hundreårsskiftet? Mykje tyder på det. Om vi ikkje akkurat hadde ein heilt ferdig utbygd institusjon, er der trekk som tyder på ein institusjon i ferd med å etablera seg. Det kjem til dømes direkte til uttrykk i Den 17de Mai sitt svar til Svein Folkestad når han etterlyser stykke på nynorsk i Kringsjaa og får til svar: "Me lyt ha til maal no heretter aa verta sjølv-hjelpane" (D17M, nr. 81). På same måten kjem det indirekte til uttrykk i framhevinga av nynorsk litteraturen og den tilsvarande nedvurderinga av bokmållitteraturen (sjå til dømes Peter Hognestads omtale av Bjørnson og Ibsen i D17M, nr. 1, ovanforsidert). Det er tydeleg at det innanfor målrørsla var eit ønskje om å skilja seg ut frå den etablerte litterære institusjonen og danna ein alternativ institusjon. Dette intrykket vart forsterka om vi les Rasmus Flo sine "Boksjaa" i Syn og Segn utover 90-åra. Der er bruken av 1.person pluralis-forma påfallande.

Eg valde å ta utgangspunkt i Arne Melberg si utgreiing om den litterære institusjonen, ikkje minst på grunn av hans skilje mellom materielle og immaterielle produksjonsforhold (Melberg 1975:22). Sjølvsagt kunne eg ha halde meg til dei reint litterære krava og sett bort frå dei politiske og økonomiske, men det syntest for meg å vera det same som å oversjå ein viktig del av den litterære røyndommen på den tida det her er tale om. Det syntet seg då òg at materielle så vel som immaterielle krav kom til uttrykk i avisas Den 17de Mai.

Når det gjeld den materielle sida, synest biletet å vera noko lunde klart. Nokre av vilkåra var ulike for den dansk-norske litteraturen og nynorsk litteraturen med omsyn til val av forlag, kvar bøkene vart melde, forfattarane si tilknyting til publikum og sjansane bøkene hadde til å verta spreidde. Men desse tilhøva er ikkje tilstrekkelege til å slå fast om vi

har å gjera med ein alternativ nynorsk litterær institusjon. For å avgjera det, kunne vi sjå på dei reint litterære krava, og eg har valt å undersøkja desse krava slik dei kjem til uttrykk i avisas Den 17de Mai, 1899-årgangen.

Det var fleire krav som gjorde seg gjeldande. Eitt av dei var at litteraturen burde vera til nytte og gagn. For skjønnlitteraturen galdt det helst som gode føredøme. Det var ein slags oppseidigstanke som ein kunne finna att både på det politiske, det moralske og det religiøse plan. Når det galdt faglitteraturen, burde bøkene vera til praktisk nytte.

Kravet om ein variert litteratur på nynorsk var sterkt, så sterkt at det vart sett positivt på omsette bøker. Likevel var det her ei viss spriking<sup>41)</sup> i norma. Spørsmålet galdt om vi skulle ha ein litteratur for kvar smak på nynorsk slik at det vart teke omsyn til andre lesargrupper enn ungdommen, eller om nynorsk litteraturen i seg sjølv skulle borga for kvalitet.

Hovudtendensen i meldingane gjekk i retning av at ungdommen var den viktigaste lesargruppa, (om det var slik i røynda, er eg ikkje så sikker på,) og til dømes ymt om seksuelle forhold eller kjensler vart negativt vurdert. Det er i det heile viktig å ha klart føre seg at landsungdommen var viktigaste målgruppa for litteraturen. Det forklarer delvis kvifor rammene vart så strange som dei vart.

Med omsyn til genre stod folkelivsskildringa i sentrum - ikkje nødvendigvis som roman, men gjerne òg i form av segner. Det å skildra det norske folkelivet, helst då bygde-Noreg, var viktig. Legg til dømes merke til ymta om at Garborg endeleg var komen heim, og at først då nådde forfattarverksemda hans toppen. Det verdifulle ved å skildra folkelivet var at det

Dette var ikke noe av det som ble sagt.

Det var ikke noe av det som ble sagt.

41) Etter som det innanfor den alternative nynorske litterære institusjonen var fleire sosiale sjikt, er det rimeleg at norma måtte sprika på enkelte punkt.

styrkte nasjonalkjensla og auka kjennskapen til landet. Ved det nasjonale aspektet fann vi òg ei viss spriking i norma. Det var dei som framheva det nasjonale aspektet aleine, og det var dei som såg det nasjonale- og det kristelege aspektet som to sider av same sak, og som difor gjerne såg at der kom fram ei sunn haldning til kristendommen i bøkene - dvs., ein lys og glad kristendom og ikkje ein pietistisk. Med omsyn til det nasjonale og det kristeleg-nasjonale aspektet, såg det sist nemnde ut til å dominera. I tillegg til folkelivsskildringa, hadde dramaet ein sentral posisjon, helst på grunn av bruksverdien sin.

Elles var kravet at diktinga skulle vera sann, sannferdig og ekte. Eit realismekrav om at det vart fortalt om skulle kunna ha skjedd, det skulle vera sannsynleg, gjorde seg gjeldande, og det vart positivt vurdert når boka hadde denne eigenskapen, og tilsvarande negativt når han mangla. Det vart ikkje teke omsyn til at røyndommen ikkje alltid er like realistisk. Verdifullt var det òg når boka var ekte norsk, runnen av norsk rot - dvs. bonde-Noreg.

Ein må heller ikkje gløyma målforma. Målet vart nesten alltid kommentert og så sant forfattaren skreiv god nynorsk, gav det nest alltid bøkene ein positiv tilleggsverdi.

Dei normene eg har kome fram til på grunnlag av 1899-årgangen av Den 17de Mai tyder på at det både materielt og immaterielt sett dreier seg om ein alternativ nynorsk litterær institusjon i verting . På fleire punkt skil desse krava seg frå dei normene den etablerte litteraturen vart vurdert etter. I litteraturhistoria står det ingen ting om at desse eigenskapane ved litteraturen vart positivt vurderte på nynorsk-sida.

Det kan vera problematisk å trekkja grensene mellom ein nynorsk litterær institusjon og den etablerte litterære institusjonen. Grunnane til det er fleire. Ein del forfattarar

stod med ein fot i kvar leir som til dømes Garborg. Det galdt ikkje berre forfattarar, men truleg i endå større grad publikum, særleg blant den delen av publikumet som las nynorske bøker. I og med at målrørsla var så ung, må vi òg rekna med at ein del av dei litteratutkritikarane som skreiv på bokmål, identifiserte seg med den nynorske litterære institusjonen. Dei fleste forlaga gav dessutan ut bøker på begge mål slik at dei ikkje eintydig kan plasserast innanfor den eine eller den andre institusjonen.

Når nynorskfolket gjekk så aktivt inn for å skapa ein alternativ nynorsk litterær institusjon, trass i mange felles trekk, må det forståast som eit ønske om og eit forsøk på å legitimerha språket og kulturen sin.

Aller helst skulle ein hatt høve til å gå gjennom ei avis på dansk-norsk òg, slik at ein hadde eit konkret samanlikningsgrunnlag. Når ein ikkje har det, får ein nøya seg med litteraturhistoria. Det vert tydeleg då, at dersom dei normene eg har kome fram til hadde vorte lagde til grunn for litteraturhistoria, ville ho ha sett ein del annleis ut. I alle fall har eg funne eit interessant grunnlag å sjå Seland sin litteratur ut frå.

DEL III

A. HANS SELAND SI FORFATTARVERKSEMD I LYS  
AV NORMA I DEN 17de MAI, 1899-ÅRGANGEN

Nokre av dei krava eg fann fram til i 1899-årgangen av Den 17de Mai, var venta. Mykje av den sekundær litteraturen eg las før eg gav meg i kast med undersøkinga, gjorde at eg til dømes venta å finna kravet om at litteraturen skulle vera eit godt føredøme for ungdommen. Det er likevel ikkje slik at oppfatninga mi på førehand var så fastlåst at ho ikkje let seg korrigera av innhaldet i materialet. Eg hadde til dømes ikkje venta at samanvevinga av det kristelege - og det nasjonale aspektet skulle vera så tydeleg og dominerande innanfor nynorsk litteraturen som det synte seg å vera. Sjølv om eg tok utgangspunkt i 1800-talets siste årgang, hadde eg trudd vi måtte byrja på 1900-talet før dette draget gjorde seg gjeldande for alvor.

Ein av grunnane til at eg var interessert i å undersøkja kva litterære krav som galldt innanfor nynorskleiren, var for å finna ut om dei skilde seg ut frå dei krava den etablerte litteraturen sette. Midttun si nedvurdering av Seland sine bøker bygde i hovudsak på dei to kriteria manglande psykologisk innleiving og "pedagogiske" tendensar. Så langt eg kunne sjå, var kravet om psykologisk innleiving ikkje sentralt i 1899-årgangen av Den 17de Mai<sup>42)</sup>. Det andre kravet derimot om "pedagogiske" tendensar, var like sentralt innanfor nynorsk litteraturen som innanfor den etablerte litteraturen. Skilnaden var berre at dette kriteriet syntest å ha motsett føreteikn i dei to leirane. Medan det vart sett på som negativt at

42) Det kan koma av at der var få bøker melde der dette kriteriet var aktuelt å trekka fram. Idar Stegane peikar på at "Bokmeldaren i Nora er nok interessert i menneskeskildring i forteljingane, men berre når bøkene sjølv innbyr til det, legg han vekt på psykologi, på kjensle- og tankelivet til dei litterære personane" (Stegane 1982:15).

litteraturen hadde "pedagogiske" tendensar innanfor den etablerte litteraturen, vart det faktisk framheva på nynorsk-sida. Kravet der om at såvel skjønnlitteraturen som fag-litteraturen skulle vera til nytte og gagn, stod sentralt, og bak dette kravet skimtar vi oppsedingstanken. Det er ikkje noko nytt at ei rørsle som er i ferd med å etablira seg, først konsentrerer seg om å skildra tilhøva slik dei er, for så i neste omgang å krevja verk som peikar framover, som kan brukast som føredøme, som tenlege identifikasjonsobjekt. Denne utviklinga har vi sett innanfor kvinnelitteraturen og debatten rundt han på 1970-talet. Truleg er det same mekanisme som ligg bak dette kravet til nynorsk litteraturen rundt hundreårs-skiftet, og som nettopp understrekar at vi har å gjera med ein litteratur som er i ferd med å skapa seg ein posisjon.

Kravet om at litteraturen skulle fungera som eit godt føredøme for ungdommen, kunne i sin ytterste konsekvens føra til at ikkje berre indirekte, men òg direkte agitasjon i bøker vart akseptert. Eg fann ikkje noka melding i 1899-årgangen av Den 17de Mai som avviste rein agitasjon i romanar, men truleg var ikkje noka slik bok meld heller. Det er etter hundreårs-skiftet litteraturhistoriene peikar på at mållitteraturen blir svekka på grunn av for sterk tendens, eller som Bjarte Birke-land skriv om til dømes Jens Tvedt:

I dei seinare bøkene sine hadde Tvedt ofte ærend å gå. Kulturprogrammet hans skil seg lite ut frå det vi finn hos andre bondefødde diktarar og opplysningsmenn som stod folkehøg-skulen og den frilynde ungdomsrørsla nær.  
(---) Med åra har det kome eit lett idealiserande drag over diktinga hans og ei veikare indre spenning.  
Birkeland 1975:485.)

Det kan difor vera nyttig å trekka inn debatten om Selands Høgsumar, som gjekk i ungdomsbladet Unglyden rundt årsskiftet 1903/04. Denne boka er rekna for å vera den mest utprega tendensromanen Seland skreiv.

Høgsumar handlar om ei lærarinne og ein bladmann som vert glade i kvarandre, gifter seg og slår seg ned på farsgarden hans. Boka er ei skildring av det lykkelege ekteskapet deira. Dei kranglar aldri, men hjelper kvarandre og respekterer kvarandre. Saman gler dei seg over borna som kjem, og dei gløymer aldri syna kor glade dei er i kvarandre. Mannen er ikkje verre enn at han tek eit tak med ungane og passar dei ein dag innimellom når kona har det travelt. Han sannar at arbeidet hennar ikkje er lettare enn hans i åkeren. Største sorga dei opplever, er at mannen på nabogarden døyr, man då står heile bygda samla om å hjelpe den unge enka slik at ho og borna kan sitja med garden. Einar Arne har summert opp kritikken av boka på følgjande måte:

Ho er for ljós og lett og menneska for lyteleause. Difor er ho usann. Livet er ikkje slik.  
- Og ho er for erotisk open og skildrar samlivet mellom egtefolk for ublygt.  
(Arne 1967:72.)

Ein av kritikarane, Olav Eide, som slakta boka på begge desse premissane (mange slakta boka berre på det eine punktet, og roste det andre), han roste faktisk den delen av boka der forfattaren tydeleg let hovudpersonen Sigmund vera talerøyret sitt:

Og at ikkje Seland sjølv hev godt samvit, tykkjer eg skyna av den bolken i boki, der han poiemiserar so sterkt og paa ein maate so raakande mot Karl Johan-kunstnarklikarne. Denne bolken er den beste i heile boki, frisk raaamande og gløgg. Etter alt det andre søte og saltlause, var det beint fram ei gleda aa lesa denne røda, Sigmund hadde med kona si hin kvelden. Det er den litterære forsvarstalen forfattaren held.  
(Unglyden nr. 3.)

Sjølv reagerte eg på forfattaren sin bruk av hovudpersonen som talerøyrr, men det gjorde tydelegvis ikkje dei som diskuterte boka i Unglyden. Dette punktet kom heilt i bakgrunnen for dei to tidlegare nemnde kriteria som Einar Arne peika på.

Nokre meldarar var inne på at samtalane mellom mann og kone hadde ein tendens til å bli forfattaren sitt høve til å leggja fram eige livs- og samfunnssyn, men det vart ikkje alltid sett på som ein veikskap ved boka. Som døme kan eg nemna ei melding i Bergens Tidende underteikna A.B.: "Ein liten grand preiking er det i Høgsumar, men ho kjem paa ein god og harmlaus maate, so ein gjerne tek henne med og." Og ei i Stavanger Avis underteikna I.H.: "Soleis vil ein segja, at boki vert uheil, ikkje Forteljing og ikkje Filosifi. Aa ja, kan so vera, men ikkje er det so gale i mine augo." Denne meldinga sluttar med: "Berre mange vilde lesa og læra av henne, for der er noko aa læra." Desse to siste sitata (og dei to følgjande) er henta frå Seland si eiga "Avis-Udklips bog"<sup>43)</sup> med meldingar han sjølv har samla. I alt er der 30 omtalar av Høgsumar. 3 som har stått i amerikanske aviser (han for til Amerika rett etter at boka kom ut), og av dei 27 resterande er 8 på bokmål og 19 på nynorsk. Etter som ein finn både ros og ris i desse meldingane, er det truleg at Seland har limt inn det han har kome over. Talet på omtalar er òg så høgt at ein kan gå ut frå at han har fått med seg det meste.

Samanlikna med den haldninga til "preiking" eg fann hos nynorskmeldarane - i den grad ho var kommentert i det heile, er fleire av bokmålsmeldingane eintydig negative til henne. Som døme kan eg nemna Toralf Klaveness i Vestfold <sup>31</sup>/5 -04:

Helt vællykket er bogen ikke. Den trænger sig nu og da frem med et polemisk ærind, som virker brutal. En hengjemi replik her og der vilde gjort en bedre tjeneste, rammet sikrere. Eller bogen behøvde ingen som helst polemik at føre.

Medan Klaveness i det minste kan seia om boka at ho er sann, har Tomas Torsvik i Kristiansands Dagblad lite positivt å nemna:

Men en bog, hvori ikke alene hovedpersonerne paa Liv og Død skal gis ud for at være ligesaa

<sup>43)</sup> Ei ulempe med denne boka er at mange meldingar manglar dato.

fuldkommne som de hellige Engle i himlen,  
blir gjerne en smule kjedelig. Om man staser  
den op med Kys og Kjæleord slaar ikke til.  
(- - -) Bogen vinder heller ikke i Interesse  
ved de brede moralske Taler om snart sagt  
alle Ting mellem Himmel og Jord, der fylder  
saa mange av dens Blade.

Mykje tyder på at norma om at litteraturen skulle  
fungera som eit godt føredøme for ungdommen, faktisk stod så  
sterk på nynorsksida at rein agitasjon til ei viss grad vart  
tolerert. No er ikkje Selands "Udklips bog" det sikraste  
materialet, men ettersom dette materialet peikar i same  
retning som 1899-årgangen av Den 17de Mai, skulle det ikkje  
vera noko i vegen for å visa til det.

Kravet om at bøkene skulle vera sanne stod sterkt, og akkurat  
dette punktet var eit av dei som vart mest diskutert i  
samband med Høgsumar. Både i bøkene før og i dei fleste av dei  
som kom etter, heldt Seland seg til det han og dei fleste  
andre meinte var sant i tydinga "det var skore utor livet  
sjølv". Sjølv meinte han at Høgsumar var like sann som dei  
bøkene som fortalte om ekteskapsbrot og det som verre var, men  
på det punktet var ikkje alle einige med han.

Eg kan langt på veg vera einig med Midttun når han seier om  
Seland at "Dei innfløkte livsvanskane teiknar han vonde og  
vrangle, men han løyser dei sumtid noko lett, og ofte med ein  
godlidande smil eller lått" (Midttun 1955:192). Seland ville  
gjerne at det skulle gå personane sine godt, og i staden for å  
laga ein open slutt der lesaren kunne tenkja seg til korleis  
det heile enda, skildra han like godt korleis det gjekk. Dette  
gjeld til dømes for ellers gode böker som Eikeli-folket og  
Steinar Aasland. Same draget kan vi finna att hos Jens Tvedt.  
Boka hans Madli und' Apalen (1900) hadde ikkje teke skade  
av om ikkje framhaldet Guds løn (1905) hadde kome. No verkar  
det ikkje som om samtida kritiserte dei på dette punktet, i  
alle høve ikkje innanfor målrørsla. Forståeleg nok, dei fleste

av oss vil gjerne det skal gå godt til slutt, då som no. Denne haldninga høver dessutan godt med det synet på tilveret desse to hadde. Både hos Seland og Tvedt kan ein finna ei slags nøktern, positiv livshaldning om at det lagar seg nok når ein berre tek tida til hjelp, om ikkje til det beste alltid, så i alle høve slik at livet er vel verdt å leva.

Seland si haldning til kristendommen var mykje den same før hundreårsskiftet som etter. Nokre vil kanskje hevda at Ein liten gut med si intense skildring av korleis eit barn kjende seg kua av eit pietisktisk livssyn, var eit innlegg mot kristendommen. Slik var nok ikkje boka meint. Ho var snarare meint som eit døme på korleis ei altfor streng og uforstandig kristendomsoppseding kunne verka mot sin intensjon. I boka som kom etter, I straumen, tok hovudpersonen avstand frå kristendommen, men sjølv om forfattaren forstår hovudpersonen sin, er han ikkje einig med han. I Bergpreike (1893), i stykket med same namnet, let forfattaren oss få innsyn i livssynet hans: "Du trur aa ha funne feil og brest i barnelærdomen. Kva kann du døma av det? I høgda at der er brest i barnelærdomen." (Seland 1893:64.) Og han meiner at dermed har dei ikkje sagt alt som er å seia om denne læra. Han har òg ei tru på enkeltmennesket: "Verda er, som du sjølv tek henne. Der er ljostunder yver alleslags tilvære, og fleire kunde ein faa, naar ein berre vilde sterkt nok." (Seland 1893:74.)

Det er ei enkel kristendomstru som kjem til uttrykk i Seland sine bøker - ei tru på at Gud er god og vil oss det beste. Som oftast er gudstrua ein integrert del av bøkene, nærmast ein del av miljøskildringa, men av og til kan ho vera hovedtemaet slik som i Ein liten gut og Steinar Aasland. I denne siste har Seland vist oss kva for utslag ei bokstavtru kristendomsoppfatning kunne gi. I samsvar med det bygdemiljøet han skildra, er gudstrua med som ein del av kvardagen. Dette gjeld òg bygdelivsskildraren Jens Tvedt. Han kan ha ei sympatisk skildring av den folkelege, naive gudstrua og ei like usympatisk, utleverande skildring av dei såkalla "frelste".

Når eit kristeleg-nasjonaltaspekt vert dominerande rundt hundreårsskiftet, vert berre institusjonens normkrav på dette punktet i samsvar med Seland sine bøker.

Eg nemnde som ein av grunnane til å velja 1899-årgangen at Seland etter hundreårsskiftet synest å kasta seg ut i så mange ulike typar litteratur. Etter å ha sett på norma i Den 17de Mai, verkar ikkje det så rart. Kravet om ein så allsidig litteratur som mogeleg stod sentralt. Det var snakk om å få nynorsken i bruk på så mange område som råd var. Skjønnlitteraturen var det første området han vert tatt i bruk på. Seinare kom ulike bladtiltak med, og til slutt kom faglitteraturen. Seland var ein praktisk mann (sjå til dømes diskusjonen om salmeboka), og skjøna meir enn mange andre kor viktig dette var for å fremja det nynorske skriftspråket. Truleg finn vi her forklaringa på hans omfattande litterære verksemd, som svar på eit krav og ei problemstilling han hadde forståing for.

Seland kan ikkje ha vore den einaste som tok kravet om ein allsidig litteratur alvorleg. Ser vi på tabellen (s.126) over nynorsk bokutgiving 1880-1915 (skjønnlitteratur og faglitteratur), ser vi at utgivinga av skjønnlitteratur stagnerer rundt hundreårsskiftet. Frå perioden 1895-99 til perioden 1900-1904 er det inga auke i talet på utkomne skjønnlitterære bøker. Talet på utkomne fagbøker derimot, meir enn doblar seg i same tidsrommet. Sjølv sagt er det fleire grunnar til at dette skjedde akkurat då, men ei av forklaringane finn vi truleg i det sterke kravet om ein allsidig litteratur som kom fram i 1899-årgangen av Den 17de Mai.

At han byrja å skriva barnebøker, var mykje kona å takka. Etter kvart som eldste jenta voks til, fann han snart ut at der var "lite og inkje som slike smaa fireaaringar kunne fylgja med i". (Seland 1931:164.) Han måtte difor finna på soger sjølv. Kona rådde han til å skriva dei ned, og slik vart boka Prinsesse Gullsko og systrene hennar til. Med den gav

Seland to tiltrengde tilskot til den nynorske barnelitteraturen - det var ei bok som høvde for dei aller yngste, og det var ei bok med ei jente som hovudperson.

I det første tiåret av dette hundreåret skreiv han faktisk tre av dei fire barnebøkene han laga, og i same perioden kom Stavebok for skule og heim. Fyrste boki åt barnet. I føreordet til boka seier han:

Denne boki er aa rekna for ei landsmaalsutgaava av fru Hedwig Rosings Barnets første bok. Det er hennar system og maate i alt som hev noko paa seg, men dei fleste lesestykke og vers er nye. Professor Moltke Moe og prestelærar Bernt Støylen hev set gjennom tilfanget til boki og gjeve raad og rettleidningar som eg hermed takkar for.  
(Seland 1908, -mine understrekningar.)

Ved sida av å omsetja boka, har han altså funne fram til anna og høvelegare stoff. Dette var ei lærebok, og same året kom enno ei lærebok av han, nemleg Frukthagen saman med H. Nordby-Olsen. Kor vidt det var eit medvete prosjekt om å få nynorsken i bruk på så mange område som råd var, som låg bak, er ikkje godt å vita. men heilt utruleg er det ikkje. Han arbeidde som nemnt aktivt innan målrørsla på den tida, og ein strategikar var han på mange måtar. Truleg tydde desse bøkene lite for han personeleg, han nemner dei i alle høve ikkje i sjølvbiografien sin.

Det normsystemet eg fann fram til i avisu Den 17de Mai, 1899-årgangen, kastar på mange måtar eit nytt lys over Seland og til dels andre av dei nynorske heimstaddiktarane si litterære verksemnd. Dermed har eg oppnådd det eg ville, nemleg å sjå dei i høve til deira institusjonelle føresetnader. På den måten får dei ei meir rettferdig handsaming. Særleg vert det lettare å skjøna kvifor ei viss moralisering ser ut til å ta overhand etter hundreårsskiftet. Litteraturen går på mange måtar inn i eit folkeopplysande og folkeoppsedande program i den intensjon å legitimera eit språk og ein kultur andsynes eit embetsmannsmiljø.

Å setja i gang å vurdera Hans Selands dikting kvalitativt i høve til dette normsystemet, synest eg ikkje er særleg interessant. Det ville verta å slå fast at han stort sett kan reknast som ein "god" diktar innanfor den institusjonen han var ein del av. Likevel vil eg sjå litt nærare på forfattarverksemda hans, særleg på dei bøkene som ikkje er trekte fram i litteraturhistoriene, men som med fordel kunne ha vore det.

B. MISKJENDE DELAR AV FORFATTARVERKSEMDA  
- SETT FRÅ LITTERATURHISTORISK SYNSTAD.

Under presentasjonen av Seland si forfattarverksemd, tok eg utgangspunkt i tre av dei større litteraturhistoriene våre (sjå s. 28), og fann ut at heller få av folkelivsskildringane eller romanane hans var nemnde, og at ingen av dei som var skrivne etter hundreårsskiftet, var komne med - med unntak av Høgsumar. No er rett nok dei tre som er nemnde Trældomskaar. Ei kvardagssoge, Andror og Eikeli mellom dei mest interessante bøkene han har skrive.

Om Trældomskaar. Ei kvardagssoge seier Seland sjølv at "Eg tok ei sannsoga fraa grannelaget. Ho kunde samstundes gjeva eit innsyn i slik tragedie som kaarsystemet tida førde upp i." (Seland 1931:162.) Her har Seland synt fram eit problem som mange gardar, både små og store, men særleg dei små hadde å stri med. Når garden vanskeleg kunne syta for ein familie, vart det lett kiving om det vesle som var, særleg når det skulle rekka til to hushald. Denne boka gir eit heilt anna biletet av fleire generasjonar under same tak enn den nostalgitiske idylliseringa av denne buforma vi har sett tendensar til den seinare tida. Einar Arne seier om henne at

Mange ser på boka som eit soialt stridsskrift, der først og fremst den gamle kår-skipnaden på bygdene vert synt fram som den tyngsle han verkeleg var for mang ein liten gard.  
(Arne 1967:72.)

Bøkene Andror og Eikeli, til saman Eikeli-folket er òg ei svært nøktern skildring av livet og strevet på ein heiegard. Skattane som tynger, skulda hos handelsmannen som veks, ut pantinga som lurer i bakgrunnen, ungeflokken som aukar og treng mat og klede, alle desse sidene ved tilveret er med i

Eikeli-folket. Likevel er det ikkje ei trist soge. På det vis det er klarer dei seg i fellesskap over den eine kneiken etter den andre. Borna nektar å slita som foreldra og dreg til Amerika, eit stort vonbrot for dei gamle. Kva har dei slite og dyrka opp ny jord for? Men det lagar seg til slutt. Ei enke etter eine sonen kjem att og slår seg ned på garden med borna sine. Soga endar med ei tru på ei framtid på garden.

Sjølv synest eg alle desse tre bøkene er interessante, særleg på grunn av dei realistiske tidsbileta dei gir, men òg fordi dei syner at enkeltindividet ikkje kan sjåast isolert. Den einskilde si handling er ikkje berre hans eiga sak. Ho får følgjer for dei han lever saman med og er glade i. Hjelp, støtte og forståing frå grannar er sjølvsagde verdiar i det bondesamfunnet som vert synt fram i desse bøkene. Mann og kone og grannar seg i mellom tek del i kvarandre sitt liv på godt og vondt.

Ved sida av desse nemnde bøkene er der etter mi meining andre bøker som òg fortener omtale. Ei av dei er boka Ein liten gut, som på mange måtar kan reknast som den første boka han skreiv ettersom ho var den første han gav ut under eige namn. Kan henda fordi framhaldet I straumen er vorte skulda for å minna mykje om Arne Garborg si bok Bondestudentar, har denne boka urettmessig kome i bakgrunnen. Sonja Hagemann er ei av dei få som har trekt henne fram. I presentasjonen av Seland sine barnebøker i litteraturhistoria Barnelitteratur i Norge 1850-1914 (Hagemann 1974:136) peikar ho på at det "kanskje kan diskuteres om dette er en fortelling for barn eller om det bare er en fortelling om barn" (S.st., mine understrekningar). Sjølv seier Seland om denne boka at

Ein liten gut er mykje mi eigi soga fraa barne-dagane. Smaae kaar og domedagsredsla hev sett sitt merke paa foreldre og born. Og born kan bera so mange slag tankar.  
(Seland 1931:161.)

Boka har tydelegvis engasjert Sonja Hagmann, og ho seier om

henne at

Sjeldent er et barns religiøse anfektelser og kampen for å komme til rette med Gud blitt skildret så intenst og så skremmende. (---) Boken gir et barns religiøse utvikling under pietismens harde trykk. Det er en utviklingsroman med religionen som det sentrum alt dreier seg om. Utfra slike erfaringer i barndommen blir det klart hvorfor barnebokforfattere enten blir ateister eller tillengere av Grundtvigs lyse og tillitsfulle gudstro. Det blir et program for dem å skåne den neste generasjons barn for helvetes frykt og syndeskylde, viske ut bilde av den straffende guddom og fremstille Gud som den allgode fader.

(Hagemann 1974:136-137.)

I hovudsak vil eg nok seia at dette er ei bok for vaksne, men fleire av Seland sine bøker er slik at dei kan lesast både av vaksne og born. Sonja Hagemann reknar ikkje med Eikeli-folket til Seland sin barnelitteratur, men denne boka kom rett over hundreårsskiftet med i Centralsyret sitt landsmålsutval til spreiling i skuleboksamlingane. Fleire kapittel frå denne boka er dessutan teke med i Nordal Rolfsens leseverk.

Ein av grunnane til at både vaksne og born kan ha glede av å lesa same boka, kjem nok av at forfattaren ofte gir oss innsyn i korleis dei ulike familiemedlemmene tenkjer og reagerer, og ikkje minst i samspelet dei i mellom. Ein annan grunn kan vera at generasjonsmotsetningane er eit motiv som ofte er med i Seland sine bøker. På landsbygda med kårordning og gjerne 3 generasjonar under same tak, var nok dette ei reell problemstilling - særleg ettersom bygdesamfunnet på den tida var inne i ein sterk omformingsfase.

Det er i det heile fleire av nynorsk diktarane rundt hundreårs-skiftet som skriv bøker som høver både for vaksne og born. I følgje Sonja Hagemann hadde Rasmus Løland tenkt at dei to bøkene Det store nasehorne (1900) og Kvitebjørnen (1906) også skulle vera for vakse folk, og sjølv meiner ho at Løland med Kvitebjørnen "netttopp har skapt den lykkelige forening hvor

barna får sitt ut av boken og de voksne sitt." (Hagemann 1974:130.) Sivles Soger (1887) var ikkje opphavelege tenkte som barnelesnad. Likevel kom denne boka til å "skapa eit vende i barnelitteraturen" som Olav Midttun skriv i Norsk biografisk leksikon.

Severin Eskeland (stykket er berre underteikna S.E., men opplysningane han gir om seg sjølv, høver på han) fortel om kva for inntrykk boka Ein liten gut gjorde på han då han las henne første gongen. Han var då 12 år gamal og boka var nett kome ut. (Eskeland 1916 (For Bygd og By nr. 22, årg. 1916):337) Denne boka hadde òg indirekte skulda for at han miste trua på bokkunnige menn, fortel han. Ein bokkunnig mann avdømde henne nemleg med at det var så meiningslaust at denne vesle guten arbeidde så sterkt med religiøse tankar og jamvel tvil. Han lurte på om ikkje forfattaren hadde lånt den vesle guten for mykje av sine eigne vaksne mannstankar. Eskeland sjølv derimot visste at den vesle guten "ikkje aatte ein tanke eller eit hugsiv som ikkje høvde til alderen." (S.st.:337.) Sjølv meiner eg denne boka har allmenn interesse. Samstundes som ho seier mykje om den spesielle guten sine religiøse funderingar på eit gitt tidspunkt, er ho så univerSELL i dei reaksjonane og tankane ho syner fram, at ein også idag skulle kunna kjenna seg att.

Merkeleg nok er heller ikkje Tore Herdal - trilogien nemnd i dei tre litteraturhistoriene eg såg på. Seland brukta lang tid på denne trilogien. Den første boka Synkveryd kom i 1902, den andre Two Herrar i 1911 og den tredje Vegvill i 1917. Det gjekk altså 15 år frå første boka kom til trilogien var fullført. Bøkene vart heller ikkje gjevne ut samla før til hundredeårsminnet i 1967. Einar Arne seier om trilogien at "Alle tri bøker er leder i ei forteljing. Ein må sjå på dei som ei bok i tri bolkar, livslagnaden til Tore Herdal" (Arne 1967:81). For Seland sjølv som rekna dette verket som sitt største, var det nok ei stor sorg at akkurat desse bøkene ikkje vart nemnde. Sjølv synest eg ikkje dei er dei mest interessante

han har skrive, men eg kan godt forstå Seland si haldning til dei etter å ha lese gjennom forfattarskapen hans. Det må nemleg ha kosta han utruleg mykje å skriva soga om Tore Herdal. Han seier då òg sjølv at "Ikkje nokon person i bøkene mine hev eg livt so heilt og sterkt i hop med som Tore Herdal dei 3 vintrane eg skreiv soga hans" (Seland 1931:169). I ei melding av boka Synkvervd heiter det: "Kor ofte maa ikkje forfattaren ha vore hardt freista til aa fylgja sin eigen hjartetrong og lete det verta godt mellom Tore og Johanna!" (Unglyden 20/11-02) Når ein tek omsyn til Seland si lyse og glade livshaldning (sjå sitat s. 97 frå Ei Bergpreike) er det klart denne boka må ha kosta han mykje. Olav Midttun tolkar elles dei problem som vert tekne opp i boka som problem Seland sjølv har stridd med:

Seland rekna dette for beste verket sitt, og det er rimeleg; for her finn ein mest av det indre livet hans, alle slag tvilsmål og problem i religion og moral, dei motstridande dragnader som brygst i hugen, endå um han er aldri so aktiv og vend utetter, og prøver å halda seg undan dei med ein positiv livsvilje.  
(Midttun 1949:396.)

Når eg nemner desse bøkene her, trass i at eg ikkje synest dei er av dei beste han har skrive, kjem det av at eg meiner boka Synkvervd er viktig, mellom anna for å forstå boka som følgde etter, Høgsumar.

A.M.St. Arctander refsar dei nynorske bokdommarane i Unglyden. Han skriv:

Det hev i fleire av vaare ungdomsblad kome fram ein trøngsynt kritik yver sume av desse bøker, som eg i eit og alt maa avsanna. (---) Det vert m.a. gløymt, at ein alltid maa sjaa ein diktar sitt arbeid i si samanheng, og at ei einskild bok oftast berre gjev tanken hans stykkjom til eller skoda fraa ei sers sida.  
(Unglyden nr. 13, 30/5 -04.)

I neste nummer av Unglyden heldt han fram stykket sitt og

tok føre seg mellom anna Seland si bok Høgsumar:

Vil ein gjera rett og skil mot Hans Selands siste bok, Høgsumar, lyt ein minnast, at han fyrre aaret gav ut ei forteljing, Synkvervd. Dei er baae two forteljingar um eit egteskap; men dei er motstykke; dei syner, den første, kva det er som øyder eit samliv, den andre kva det er som byggjer det upp.  
(Unglyden nr. 14 14/4 -04.)

Arctander meiner at Seland med Synkvervd har "raama two av vaare verste udygder: den andsvarslause tale og den avdsvarslause tagnad" (S.st.), og at han med Høgsumar har vist kor viktig det er i eit ekteskap å tala også om småting. Dette er ein mogeleg måte å sjå Høgsumar på. Likevel synest eg ikkje han gir fullgod forklaring på kvifor Seland skreiv denne boka som han gjorde. Eg vil difor koma attende til henné i neste kapittel.

Ei anna av bøkene til Seland som eg synest fortener å verta nemnd, er Steinar Aasland, ei soga fraa fyrste helvti av fyrre hundradaaret, som kom ut i 1906. Som i Ein liten gut, er det kva verknader ei pietistisk gudstru kan føra til som er emnet. Det er tydeleg at Seland har god kjennskap til dei tilhøva han skildrar, for det er ikkje noka svart-kvit-måling han har laga. Samstundes som han utleverer hovudpersonen Steinar Aasland på godt og vondt, let han oss få innsyn imannens naive tenkjemåte slik at harmen ofte blandar seg med medkjensle. Like dyktig som han har skildra Steinar Aasland, har han skildra kona Ingebjørg, sjølv om denne skildringa er kvenn litt i bakgrunnen for den første. Boka er like mykje hennar lidingssøge som ho er soga om den særmerkte, sjølvvlærde og pietistiske Steinar Aasland. Sjølv om soga er lagt til "fyrste helvti av fyrre hundradaaret", er det fleire meldarar som peikar på det allmenne draget ved menneskeskildringa:

Her liver visst enno rundt på bygderne mang ein Steinar Aasland, som i trøngsynt pietisme gjer livet svart og gledelaust ikring seg, og mang ei Ingebjørg med, som stilltegjande so altfor

tidleg slit seg ut i uoppofrande stræv for  
heim og born, ---.  
(Unglyden 15/11 -06.)

Sjølv synest eg der er minst to gode grunnar til å lesa denne boka. Ved sida av at ho er interessant i seg sjølv som menneskeskildring, kjem det kulturhistoriske aspektet inn. Boka gir eit tidsbilete frå landsbygda i Noreg i første halvdelen av siste hundreåret. Forfattaren skildrar salmebokstrid, det galdt Guldbergboka kontra den evangeliske<sup>44)</sup>, han skildrar lekpreikaren korleis han kunne ta seg ut i Knut Spøtervolds skapnad, vi får innsyn i korleis det kunne gå føre seg i skulestova, og ikkje minst i korleis kvinnene si stilling var i eit samfunn der dei lite eller ingen ting hadde å seia. Der er ikkje teikn til opprør i Ingebjørg-figuren, berre stille resignasjon og av og til når ho ikkje er for trøytt, eit forsøk på å forstå Vor Herre og "Sin Manns" meining med dette og hitt. Seland si varme skildring av Ingebjørg og hennar strid, gjer det ikkje vanskeleg å ta parti for denne kloke, men makteslause kvinna mot mannen hennar.

I fleire av Seland sine bøker er kvinnene skildra som kloke, sjølvstendige skapnader, ofte klokare enn ein brålyndt ektemann, og borna sin respekt for mora er difor som oftast større enn for faren. I Eikeli-folket tek Tora på seg å gå til handelsmannen uten pengar då dei slepp opp for mat, og å snakka med lensmannen om å få utsett pantinga, noko som vanlegvis var mannen si oppgåve. Særleg i denne boka kjem det fram at samarbeid mellom mann og kone gjer tilveret lettare for begge

44) I første halvdelen av 1800-talet kjempa 3 salmebøker om herredømmet. Det var Guldbergs Salmebok, autorisert til kyrkjebruk i 1778, Evangelisk-kristelig Salmebok som var ferdig i 1797 og så var det Kingos Salmebok som stadig var like populær. Biskop Skaar skildrar situasjonen: "Men Bogen (Evangelisk-kristelig Salmebok) mødte megen Modstand. Man vilde ikke give Slip paa Køngos, og skulde der byttes wilde man ikke have den evangeliske, men Guldbergs Salmebog." (Biskop Skaar 1896:8.)

partar.

I det heile vil eg hevda at dei fleste av Selands bøker i dag vil ha kulturhistorisk verdi på grunn av tidsbileta dei gir. Det gjeld både Ein liten gut, Trældomskår, Eikeli-folket, Steinar Aasland og Eirik Jonsvoll som eg ikkje har nemnt tidlegare. Denne boka kom i 1914 og i motsetnad til dei tidlegare nemnde bøkene, har ho i hovudsak verdi som kulturhistorisk dokument. Med denne boka hadde Seland eit klart siktemål. Han fortel i Aar og dagar om grunnen til at han skreiv henne:

Me hadde ein flokk av unge lærarar i 80-aari og framryver. Dei var idealistar paa sin hals og brann for sine hugmaal. Det kunde vera maalsak eller fraahaldssak eller song og skogplanting, eller helst alle desse sakene. Dei var saamenn av dei beste: skydde ingi møda naar dei kunde faa missionera for det dei hadde kjært. No saag du dei sjeldnare og sjeldnare. Kom eg paa eit lærarmøte so dryfte dei ikkje skulespørsmaal meir - berre lønsspørsmaal. Eg tykte dei trugne av min aargang skulde ha eit minne.  
(Seland 1931:167.)

Det var læraridealisten han ville skildra, og det var han han skildra. I følgje Einar Arne har soga i Eirik Jonsvoll røynleg bakgrunn i diktaren sin kjenningskrins. (Arne 1967:67.) Det er ikkje noka solskinssoge han har laga. Tvert i mot har han lagt vekt på å få fram kor aleine ein slik lærar ofte kunne stå fordi han stridde for så mange ulike saker. Om bygdefolket hadde sans for ei eller fleire av sakene, var det alltid minst ei dei ikkje var einige i, og då vart helst den avgjerande for synet på læraren.

C. EI BREVVEKSLING ARNE GARBORG - HANS SELAND, EI FORKLARING PÅ BOKA HØGSUMAR?

Eg har fleire gonger tidlegare vore inne på denne boka og prøvt å forklara henne både som svar på den "dekadente" litteraturen slik Seland sjølv meiner, og som ein lekk i forfattarprogrammet hans når ein ser forfattarskapet under eitt slik Arctander hevdar. Ei tredje forklaring finn vi kan henda i tilhøvet mellom Hans Seland og Arne Garborg.

Seland lærde Garborg å kjenna sommaren 1892, og då han utpå nyåret 1893 flytta til Oslo for å styra Normanden, nya han opp att kjennskapen med Garborg-folket. Våren 1893 for han med Garborg til Kolbotn for å dyrka opp jord for han. Mellom Seland sine papir finst der ei kort- og brevsamling<sup>45)</sup> på ca. 30 skrivne av Arne Garborg til Hans Seland. Det første brevet er datert 1/10 -1892 og det siste 23/12 -1923. Desse breva kom med ujamne mellomrom, men brevbytet synest å ha vore mest intenst i tidsrommet 1900 til 1905. Då kom der 13 brev i alt.

At Seland på eit tidleg tidspunkt hadde stor respekt for Garborg som forfattar, går fram av sjølvbiografien hans. Han fortel at

Daa Bondestudentar kom i 1883 kunde eg ikkje halda meg, eg borga boki hjaa bokhandlaren og bror Johan var snild og betala daa han kom heim. Eg las i stor såla, eg lo og gret, det var makelaust alt. Kor mange gonger eg las um att, det veit eg ikkje, men det var mange, ja! Det var no sjølve soga, so var det tekniken, stilten, ordleggjungi, rettskrivingi, alt!  
(Seland 1931:25)

<sup>45)</sup> Denne kort- og brevsamlinga er idag i privat eige hos etterkomarane til Solveig og Einar Arne. Kor vidt dette er alle breva Garborg har skrive til Seland, er usikkert, men truleg er det mesteparten.

Litt lenger ute i Aar og dagar fortel han at "Det var no han (Arne Garborg) og Jonas Lie som var mine store fyrebilåte i forteljekunst". (Seland 1931:161.) Det er difor forståeleg at Seland vart glad då Garborg i stykket "To nye navne" melde Ein liten gut i Verdens Gang. Seland fortel at "so säl hev nok ingi bokmelding gjort meg sidan. Det var som eg hadde fenge mitt adelsbrev." (S.st.:47.)

Så langt eg kan döma, verkar brevbytet mellom Seland og Garborg som eit brevbyte mellom to venner der den eine er "læraren" i jordbruksspørsmål og den andre "læraren" i bokspørsmål. Jamt over kommenterer Garborg den siste boka til Seland, og som regel på ein positiv måte.

Boka Høgsumar kom ut tidleg på hausten i 1903, og utover våren dette året går breva jamt mellom Garborg og Seland. I eit brev datert Hvalstad 27/1 -03 reflekterer Garborg over bokheimen generelt og ikkje meinst over Seland som forfattar:

Men no hev me so lengi lesi og fortalt um alt dette vonde, at eg fær som ein Tanke um at Folk vel snart teke til aa lengta etter ljose, glade Bøker att. Og eg hev tenkt, at dette nye denne Gongen burde koma fraa vaar kant, um der elles er Livsvon i oss. Dette hev eg no gjengi og tenkt paa til ymse Tidir, og so kom eg til aa nemna det. Og det til Deg, som hev vist at du kan læ so vel som graate, og som daa kan hende, naar du fekk skrive av Deg det tyngste fraa Live der burte, kunde arbeide Deg upp i ljosare Luft, uppi det i høgare Meining humoristiske. Og enno undrast eg paa um ikkje noko slikt skulde arbeide seg fram i Deg, og kann Du no skrive ei Bok um "eit godt Samliv" - ikkje bjørnsonsk - presteleig sansut, men lett og frisk og fri - ja kven veit? Du fekk no "sjaa" daa!

Truleg må det ha vore eit brev før dette (og som manglar i brevsamlinga) som Seland har reagert på. Kan henda har ikkje Garborg vore så begeistra for Synkvervd som kom hausten 1902 (eg har ikkje funne noka melding av denne boka frå Garborg),

og at dette brevet nærmast er å forstå som ei presisering av eit tidlegare brev. I alle høve verkar det for meg som om her ligg ei klar oppmoding til Seland om å skriva ei bok om eit godt samliv. Garborg grunngir ideen sin med at han trur folk tek til å lengta etter meir optimistiske bøker, og at det ville vore fint om det var den nynorske bokheimen som var først ute. Samstundes let han det skina gjennom at han trur Seland er den rette mannen for oppgåva. Det ville vore rart om Seland ikkje svara på ei slik oppmoding frå den han rekna som sitt store "fyrebilæte i forteljekunst". Neste brev frå Garborg datert Oslo <sup>6</sup>/3 -03 tyder på at han har tatt oppmodinga alvorleg.

Meir enn vanleg gildt var det siste Brevet Ditt, og eg kann ikkje tru anna enn at Du får glede av Boki naar ho kjem ut og. Det plar vera eit godt Merke det: naar eit Arbeid vert gjort med Glede.

Men han finn det tydelegvis naudsynt å dempa litt på Seland sine forventningar og minner om at folk ikkje er så vande med slike "glade" bøker, sjølv om han personleg skulle undrast om ikkje folk "fær Mod til aa bli glade straks (av boka)". Garborg finn det elles rimeleg at Seland har vore inne på tanken om å skriva ei slik bok før, og han understrekar at det

ikkje minst i ei Tid som denne, skal meir til aa skriva ei ljos Bok enn ei av desse myrke som ein desverre so altfor lett kann "taka beint utor Live" i slike huglause og modlause Tidir.

Han sluttar brevet med å vona at boka kan koma alt denne våren.

Om Seland ikkje makta få ut boka om våren, så kom ho likevel tidleg, for alt <sup>16</sup>/8 -1903 kjem der takkebrev frå Garborg der han let vel:

Daa eg var komen utsyvi det fyrste, der eg banna litegrand for alle desse innur (---), -so var eg heilt med, og las sidan med store Glede, og ofte vaate Augo, Boki ut, og tenkte med meg

sjølv: ho er fager og likevel frisk, ho er,  
og ho maa visseleg spaa, Høgsumar. Takk maa  
Du hava for den Boki, og ei hjartans Lukke-  
ynskjing.

Det manglar i det heile ikkje godord om boka og arbeidet.  
Brevet held fram med å ønskja Seland god tur til Amerika. Han  
reknar med at Seland vil læra "um Nordmennane der og Deira  
Livsvilkaar" slik at han kan skriva om dei når han kjem att.

og ei slike Bok av Deg vert lesi. Og der kann Du  
daa faa segja den norske Bonden fraa i Dag  
mange nyttige Sanningar.

Desse breva tyder på at Garborg ikkje har mykje i mot tendens  
i bøker, i alle høve ikkje når tendensen peikar i rett lei.

På ein måte synest eg brevvekslinga er avklarande. Ho gir  
svaret på kvifor Garborg skreiv ei så positiv melding om  
Høgsumar i Den 17de Mai (<sup>25/10 -1903</sup>), at fleire innanfor den  
alternative nynorske litterære institusjonen reagerte, trass  
i at Garborg, den store leiaren, hadde rosa henne (sjå  
debatten i Unglyden ved årsskiftet 1903/04). Han hadde vel  
ikkje store valet, ettersom boka nærmast var "tinga" av han.  
Men han må truleg ha meint det han skreiv, for han uttala seg  
positivt då Øygarden kom i 1905 og nesten entusiastisk då  
Bureising kom i 1909. Om Øygarden skriv han frå Dresden  
10/11 -05:

Takk for Øygarden som eg vart reint glad i. Og  
det var just den Boki me trong no, - no meir  
enn nokon Gong. Eg skriv litevetta um ho i  
D.17de; gjev all norsk Ungdom kom til aa lesa ho.

Om Bureising skriv han i brev datert 14/12 -09:

Det er ein "Bonderoman" av det gode slag. Ein  
av dei som kveikjer sin lesar og gjev han Mod.  
Og slike Bøker trengst, ikkje minst i desse  
Tidir.  
Og her hev du.. fengi di Gaave og livsgjerning.

For det fyrste er du sterk og livsmodig, og for  
det andre liver Du sjølv Bondens Liv, so du veit  
kva som trengst, og veit koss ein skal taka det  
naar ein vil fortelja for Folke: rolegt og lognt  
og med ei høveleg Blanding av Aalvor og Skjemt,  
dertil hev Du Emne aa taka av som det trengst no:  
det trugne og truverdige og smaanøgde og  
arbeidssame og aldri modlause Folkelive i Agder,  
paa Egdesida.

Naar eg ikkje har nemnt desse bøkene i kapittelet før, kjem  
det av at dei på same måte som Høgsumar, meir eller mindre er  
reine tendensromanar. Dei heng saman og handlar om Asbjørn  
Høyland sitt liv. Som ung bestemmer han seg for å rydda seg  
ein gard i utmarka heime. Bøkene dreier seg mest om arbeidet  
hans med å leggja seg opp pengar til å realisera planane og  
realiseringa av dei. Einar Arne slår fast at "Soga om Asbjørn  
og Sigvor er litt av ei solskinssoge, der alt lagar seg til  
slutt" (Arne 1967:66), og det er eg einig med han i.

Kvífor roser Garborg så ivrig akkurat desse bøkene, og kvífor  
oppmuntrar han Seland til å skriva slike bøker? Eg trur eg  
har rett når eg meiner at Garborg truleg var den viktigaste  
grunnen til at Seland skreiv dei tre bøkene Høgsumar, Øygarden  
og Bureising, sjølv om dei tidlegare nemnde forklaringane ðg  
har spela inn.

Indirekte finn vi kanskje forklaringa i det normsystemet eg  
fann i Den 17de Mai. Kravet om ein variert litteratur, noko  
for ein kvar smak, hadde nok Garborg registrert, og han var  
nok ðg klar over at dette var naudsynt skulle den nye lands-  
målslitteraturen nå ut til det han kalla "Folke". Seland  
hadde eit kjent namn, først og fremst som humorist. Folk  
forbandt han altså med noko "lyst og lett". Han var på alle  
måtar ein offentleg person innanfor nynorskprørsla, truleg i  
større grad enn til dømes Løland og Tvedt, ettersom han hadde  
reist så mykje rundt. Dessutan selde han etter måten godt -  
"bøkene hans vart relativt mykje lesne, og han var ein av dei  
få skjønnlitterære forfattarane som vi med visse kan slå fast  
at forlaget (Norli) hadde forteneste på" (Nistad 1979:71).

I motsetnad til fleire av dei andre landsmålsforfattarane vart Seland aldri "akademisk". Han både var og vart verande bonde heile sitt liv, noko han var stolt av. Å seia at Garborg medvete valde ut Seland til å skriva slike "inspirerande bøker for bondesøner" på grunn av dei nemnde tilhøva, er vel å gå for langt. Det han gjorde var vel eigenleg å nøra opp under idéar og tankar han visste Seland sjølv hadde, nemleg å skapa det Garborg karakteriserte som trugne, truverdige, smånøgde, arbeidssame og aldri motlause bønder som nasjonen kunne vera stolt av og tent med!

Ein kan sjølv sagt finna andre forklaringar på kvifor Garborg oppmuntra Seland til å skriva slike bøker om ein vil. Kan henda hadde det samanheng med at Garborg midt i 90-åra kastar seg ut i politisk strid att. Edvard Beyer forklarer den nye aktiviteten på følgjande måte:

Etter Fred (1882) hadde Garborg til en viss grad og før en tid diktet seg fri fra det som tyngte ham mest. (---) Det han nå setter aller høyest er "det stolte ord, at om livet er meiningslaust, so lat oss sjølve gjeva det meining".  
(---) Same året (1894) bekjenner han seg i Samtiden til "troen på livet"  
(Beyer 1975:539-540.)

Hans politiske aktivitet der han er med og får i gang avis Den 17de Mai og tidsskriftet Syn og Segn, tyder på at han har tru på målsaka og på at ho skal nå ut til breiare krinsar. Såleis skriv han i eit brev til Seland datert Kolbotn 10/5 -96:

Det er elles ikkje so greidt. "Publikummet" vaart er lite enno men det maa vel veksa; desse Ungdomslagi vil vist i so Maate gjera ikkje lite Nytte.

Elles ser eg ikkje nokon motsetnad i desse to forklaringane. Twert i mot støtter dei vel opp under kvarandre.

Eg stilte tidlegare spørsmålet om det var slik at boka Høgsumar til ei viss grad kom til å stempla Seland som forfattar. På mange måtar trur eg faktisk ho gjorde det. Det er fleire grunnar til det. For det første den debatt ho skapte og som saman med det harmoniske innhaldet, gjorde sitt til at ho vart ein "økonomisk suksess", og vart trykt i nytt opplag berre få månader etter at ho var komen ut (Nistad 1979:71). For det andre kom der to bøker til av same slaget, Øygarden og Bureising. Desse bøkene var med på å byggja opp under Seland sitt ry som "solskinsforteljar". Dei forsterka det inntrykket Høgsumar hadde skapt. For det tredje samsvarar desse bøkene svært godt med det normkravet eg fann i Den 17de Mai om at skjønnlitteraturen skulle vera til nytte og gagn som gode føredøme for ungdommen. Å slå seg ned på heimegarden trass i utdanning som lærar og bladmann, og å gi seg til å dyrka opp utmarka heime trass i sjanse til fast jobb med god betaling på jernbanen, -og når alt dette lukkast, kva betre føredøme for landsungdommen kunne Seland gi?!?

D. HANS SELAND - PÅ EIN GONG EIT UTYPIISK OG  
EIT TYPISK DØME INNANFOR DEN ALTERNATIVE  
NYNORSKE LITTERÆRE INSTITUSJONEN.

1. Hans Seland - ein folkeleg mann

Som tidlegare nemnt, var Seland ein av dei få forfattarane rundt hundreårsskiftet som vart verande bonde, eller sagt på ein annan måte: han var ein av dei få bøndene som skreiv på den tida<sup>46)</sup>. Ein kunne lett tru at Seland dreiv garden meir i namnet enn i røynda. Men det stemmer ikkje. Han var like mykje bonde som han var diktar - ja, eigenleg meir bonde, for det var bonden han skreiv om i bøkene sine òg.

I brevvekslinga med litteraturkritikaren Bolette C. Pavels Larsen og mannen hennar, bankfullmektig Larsen, skriv han like mykje om garden og strevet der som strevet med å skriva bøker. Det same gjer seg gjeldande i brevbytet med Garborg. Garden med sine gjeremål opptok han, naturleg nok, og var ein viktig del av livet hans. Han nøgde seg gjeldande i brevbytet med Garborg. Garden slike han var då han overtok. Gardshuset var nybygd i 1893, året før han tok over, og i 1905 sette han sjølv opp ny løpe. Største verket på garden gjorde han med den frukthagen han laga. Einar Arne har skildra hagen:

I svære trappesteg oppetter brattberget vart hagen til, med jordrike pallar, den eine over hin, rett mot sola. Så planta han hyllene fulle, og hagen var der. Det er ikkje små murar han har putla med. Steinane som er maksla på plass er hestelass store, og murane meir enn manns-høge.  
(Arne 1967:125.)

<sup>46)</sup>To andre var Anders Vassbotn (1868-1944) og Gunnar T. Rysstad (1867-1928)

Jorda til desse hyllene bar han sjølv på plass langvegs ifrå. Det var helst mateple han dyrka. Frukthagen var ikkje berre til eige bruk på garden, han var ein del av det garden kasta av seg til sal.

Med unntak av det halvåret Seland styrde bladet Nordmanden, busette han seg aldri i byen. Tvert imot så vart han buande i utkant-Noreg bokstavleg tala. Garden hans låg avsides til, og før vegen kom i 1915, måtte alle varer først berast frå Flekkefjord til Selura, så roast over vatnet, og til slutt berast dei siste bakkane opp til husa, ei stigning på ca. 125 meter. Røynsla hans frå oppveksten på ein avsidesliggjande gard, har kome fram i fleire av bøkene hans.

Det at han var ein av dei få bøndene som skreiv på den tida, gjorde at han var og blei folkeleg på ein heilt anna måte enn mange andre bokskrivarar. Eit godt døme på det kan vi finna i bladet Tidssignalen<sup>47)</sup> som kom ut med berre ein årgang, nemleg 1895. I dette tidsskriftet går der ein diskusjon om kva kultur er, og kven som er berarar av kultur. Mellom andre er to av medredaktørane i bladet med på diskusjonen, nemleg Hans Aanrud og Chr. Brinchmann. Etter kvart blandar Vetle Vislie, Rasmus Steinsvik og Hans Seland seg inn i diskusjonen. Men typisk nok debatterer begge dei to førstnemnde på dansk-norsk. Seland er den einaste som skriv landsmål av dei som er med på diskusjonen. Kva var grunnen til det? Han seier i sjølvbiografien sin at læraren I.G. Schøtt på amtskulen på Feda "lærde meg "norsk" dvs. norsk-dansk so eg kjende meg trygg der med." (Seland 1931:22.) Men det var over ti år sidan, og etter det hadde han vore ein ivrig målmann. Truleg kjende han

<sup>47)</sup> Som ansvarleg redaktør stod Ludvig Hjelm. Ellers var Hans Aanrud, Chr. Brinchmann og H.Kristoffersen medredaktørar. Tidssignalen var eit veketidsskrift med venstremenn i redaksjonen

seg ikkje trygg i dansk-norsken lenger. Sjølv om dei to andre hadde vore ivrige målmenn like lenge som Seland, hadde dei trass alt meir skulegang bak seg. På grunn av høgare utdanning hadde Steinsvik<sup>48)</sup> og Vislie<sup>49)</sup> høve til å delta i debattar innanfor den etablerte litterære institusjonen og innanfor den alternative nynorske litterære institusjonen på institusjonens premissar. Eg trur ikkje vi skal oversjå dette reint psykologiske momentet. Seland kjempa ikkje for landsmålet først og fremst av sosiale og nasjonale grunnar, men fordi det var hans eige mål!

Mange innanfor den alternative nynorske litterære institusjonen oppfatta Seland som ein representant for det folkelige. Rasmus Flo til dømes skreiv i eit brev datert 17/4 -98 og bad Seland om å verta fast landbruksmann i Syn og Segn, for "det hev vorte so reint forlite av det folkeleg praktiske der" (mi understrekning). Garborg peika òg på Seland sitt nære forhold til folket:

---, og for det andre liver Du sjølv Bondens Liv,  
so du veit kva som trengst, og veit koss ein  
skal taka det naar ein vil fortelja for Folke---  
(Garborg, brev 11/12 -09.)

I høgre grad enn fleire av dei andre nynorskdiktarane stod Hans Seland både som ein av folket (her forstått som bøndene), og som ein som var gått ut frå dette folket som leiar/oppssedar. Med bøkene sine ville han oppdra bøndene til sjølvrespekt

48) Rasmus Steinsvik (1863-1913) tok eksamen artium i Oslo i 1885 og arbeidde deretter som lærar før han i 1887 med Westmannen vart bladmann, noko han vart verande resten av livet.

49) Vetle Vislie (1858-1933) tok lærarskule i Kvitseid 1875 og på Hamar 1879. I 1885 vart han student og tok i 1887 andre eksamen på Universitetet. Ville studera teologi, men vart bladmann og bokskrivar i hovudstaden (Tyrihans 1892-93 og Urædd 1894). Frå 1897 lærarskulelærar og frå 1908 lærarskulerektor.

og tru på eige verde gjennom gleda og byrgskapen ved det han heldt for det viktigaste av alle yrke, nemleg arbeidet med jorda.

## 2. Hans Seland - den personifiserte nynorske norma?

Det er sjølv sagt farleg å koma med slike påstandar som eg gjorde i kapittelet om forfattarverksemda. Eg lanserte ein teori om at kanskje var ein av grunnane til at han høyrd til dei minst omtala nynorskdiktarane, rett og slett at han var for typisk - ja, at han faktisk på mange måtar kunne sjåast på som den personifiserte nynorske norma.

No var ikkje Seland typisk i det at han vart verande bonde og buande i heimemiljøet. Jens Tvedt flytta til Stavanger i 1882, nokre år før han gav ut første boka si. Der arbeidde han først som lærar, seinare som bibliotekar. Rasmus Løland vart buande heime til han var 34 år, og første boka hans kom nokre år før han flytta til Kristiania, men dei fleste bøkene sine skreiv han etter at han slo seg ned i Kristiania som forfattar og bladmann. Vetle Vislie si utdanning har eg nemnt tidlegare (sjå s. 118). Sven Moren derimot var bonde, men han var utdanna lærar. Det same var Anders Hoyden og Lars Jaastad. Den først nemnde òg som teolog.

Når eg meiner at Seland var typisk, er det litteraturen eg legg til grunn. Jens Tvedt fekk høyra kritikk for at han skreiv "ufine" bondeskildringar. Det fekk Seland berre i eitt

høve - med boka Trældoms kaar (1896), men nettopp difor vert det kan henda lagt større vekt på Tvedt idag, fordi han har fått fram eit breiare spekter med typar. Rasmus Løland, om han skriv Birkeland at "I samtiddebatten tek han avstand frå dekadensen, samstundes som han kler av all programfest og lettvinne "livstru"." (Birkeland 1975:486) Her skil Løland seg ut frå dei fleste andre nynorskdiktarane. Vislie skil seg ut på sitt vis. Med boka Solvending (1897) syner Vislie seg som "fullblods romantikar" (S.st.:496), og Birkeland fortel vidare at "realisten Løland kunne ikkje med boka." Om eg tar utgangspunkt i desse tre forfattarane som det er rimeleg å samanlikna Seland med, ser vi at dei alle på sin måte ligg i eit større spenningsforhold til den norma eg fann fram til i Den 17de Mai enn Seland gjer. Enkelt-verk kan nemleg gjerne bryta med den rådande norma og likevel bli akseptert. Jan Mukařovský forklarer denne mekanismen:

Eit verk som har et harmonisk sammenfall med de godtatte eksistensielle verdier som mål, vil riktig nok ikke bli oppfattet som uestetisk, men likevel som dårlig kunst. Bare en spenning mellom et verks ikke-estetiske verdier og kollektivets eksistensielle verdier gjør det mulig for verket å innvirke på forholdet mellom individ og virkelighet, og nettopp det er kunstens egentlige oppgave. Vi kan altså si at den uavhengige estetiske verdien i en estetisk artefakt er høyere og mer varig jo mindre verket lar seg interpretere ordrett utfra det allment aksepterte verdisystemet i en bestemt tid og et bestemt miljø.  
(Mukařovský 1936:92.)

Dette forklarer kvifor Seland er ein av dei minst omtala mellom nynorskdiktarane. Han er i liten grad på kollisjonskurs med det normsystemet eg fann fram til i Den 17de Mai, 1899-årgangen. I diskusjonen om kor vidt boka Høgsumar kom til å stempla Seland som forfattar, var nettopp eit av kriteria at boka samsvara i stor grad med den rådande norma. Med utgangspunkt i det han skreiv, meiner eg at Seland faktisk kunne sjåast på som den personifiserte nynorske norma, noko han når alt kom til alt, var lite tent med.

## E. AVSLUTNING

Innleiingsvis reiste eg nokre spørsmål som eg har prøvt å svara på undervegs. Mellom anna har eg prøvt å gjera greie for kva heimstaddikting er/har vore her til lands, og kvifor vi ikkje har hatt eintydig "god" heimstaddikting. Akkurat dette punktet synest eg er særleg viktig. Det syner seg at denne diktina er vorten freista oppvurdert, ikkje så mykje på grunn av det særeigne ved denne diktina, men ved å utvida omgrepet til å gjelda andre diktarar som har eigenskapar som er "allmennt" aksepterte som "gode". Spørsmålet vert: Må "psykologisk" diktning alltid vera betre enn "sosiologisk" diktning?

Eg kom til at det var mogeleg å tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon i verting rundt hundreårsskiftet. Det normsystemet eg fann innanfor denne institusjonen og institusjonen i seg sjølv, har i stor grad vore med og kasta lys over heimstaddiktina generelt og Seland sin litteratur spesielt.

Eg vil òg setja spørsmålsteikn ved om det i det heile er rett å bruka eit snevert litteraturomgrep på denne diktina. I kapittelet "Ein alternativ nynorsk litterær eller skjønnlitterær institusjon" valde eg under tvil å tala om ein litterær institusjon og grunngav det med omfanget av litteraturen og Rasmus Flo sine bokmeldingar i Syn og Segn. Arbeidet mitt med Den 17de Mai har overtydd meg om at valet var rett. Den nynorske heimstaddiktina har verdi i seg sjølv, samstundes som ho har verdi på grunn av funksjonen sin som eitt av fleire område der det vart arbeidd medvete for å få nynorsken i bruk. Difor bør den nynorske heimstaddiktina sjåast i samanheng med framvoksteren av målrørsla. Den indirekte funksjonen hennar var både å legitimera verdiar utgådde frå bonde-Noreg i motsetnad til embetsmanns-Noreg, og å oppvurdera sosialt grupper

som bønder og lærarar.

Med utgangspunkt i det normsystemet eg kom fram til i Den 17de Mai, 1899-årgangen, fann eg ut at Seland var ein "god" diktar innanfor den alternative nynorske litterære institusjonen, på den måten at bøkene hans i stor grad samsvara med dei normkrava institusjonen sette. Eg har og peika på at akkurat denne eigenskapen ved diktinga hans, truleg er grunnen til at han er mellom dei minst omtala heimstaddiktarane i dag. Elles har eg freista visa kva for innverknad Arne Garborg, truleg den mest sentrale personen innanfor den alternative nynorske litterære institusjonen, har hatt på delar av Seland si forfattarverksemd.

I kapittelet "Miskjende delar av Seland si forfattarverksemd sett frå litteraturhistorisk synsstad" har mi eiga vurdering av bøkene hans kome fram. Eg har der prøvt å gjera greie for kvifor eg synest dei er interessante også i dag. Ved sida av kulturhistoriske grunnar, dvs. det biletet mange av dei gir av det norske bondesamfunnet i førre hundreåret, har eg òg peika på mennesksynet, at individet ikkje kan sjåast isolert, at det utgjer ein del av eit fellesskap og difor påverkar dette fellesskapet ved handlingane sine. Eg har òg peika på at enkelte bøker er meir eller mindre allmenngyldige i problemstillingane sine - i den grad det går av å vera det. Dei som har vakse opp under eit pietistisk-religiøst trykk, vil truleg i høgste grad kunna kjenna seg att i boka Ein liten gut i dag som den gongen. Dette kapittelet representerer ein tredje måte å sjå Seland sine bøker på. Tidlegare har eg vist kva litteraturhistoriene la vekt på ved bøkene og kva kriterier samtidia vurderte bøkene etter.

Same korleis ein i ettertida vel å sjå på den nynorske heimstaddiktinga, meiner eg det er urettferdig å presentera henne lausriven frå dei institusjonelle føresetnadene hennar. Eg er nemleg ikkje i tvil om at Hans Seland som diktar hadde mykje meir å seia i samtidia si enn vi i dag kan tenkja oss. Difor

har eg og prøvt å skapa eit bilet av den opptekne, samfunnsengasjerte og folkelege mannen han var. Mange meldarar la vekt på nettopp den folkelege sida ved Seland. Eit døme kan vi finna i Den 17de Mai 3/11 -06. Der uttalar Sigurd Nesse seg om Selands bøker:

Det er altso literatur som me kann hava nytte av, me aalmenne folki ogso. Og det er bra det, at ikkje all literatur er til berre for nokre faa utvalde, som hev fenge gaavur og utdaning til aa skyna seg paa kunst.

Eit anna døme kan vi finna i Unglyden:

Garborg og Ibsen er vel av vaare største literære kunstmenner, men deira tankebrunnar er so djupe, at folk flest stend uppråadde. Det trengst einkyan som kann draga vatnet upp, det får ikkje hjelpe um det får litt pompesmak. Og slik ein mann er Seland. Det han skriv skynar alle so vel, og her paa desse kantar kjenner dei det so vel att alt saman. Ingen av vaare bokmenner skriv so kjennelegt for oss rygar, som nettupp Seland.  
(Unglyden nr. 9, 3/3 -04.)

Eg let desse to sitata stå som avlutning på oppgåva mi om forfattaren Hans Seland

### S A M A N D R A G

Heimstaddiktaren Hans Seland byrja å gi ut bøker i 1890 og gav ut siste boka si i 1947. Denne oppgåva konsentrerer seg hovudsakleg om perioden 1890 til 1910, dei første 20 åra av forfattarskapet hans. Utgangspunktet var ein reaksjon på dei lunkne omtalane litteraturhistoriene gav av heimstaddiktarane - særleg etter hundreårsskiftet. Ei sentral problemstilling vart då: Kvifor har vi ikkje eintydig "god" heimstaddikting? Kven har vurdert denne diktinga? Er det teke omsyn til den nynorske heimstaddiktingas særeigne føresetnader?

For å finna eit grunnlag å vurdera Selands bøker på, valde eg å undersøkja om det var mogeleg å tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon rundt hundreårssiftet. Eg nyttar Arne Melbergs utgreiing om omgrepene "litterær institusjon" (Melberg 1975), og då eg undersøkte norma innanfor denne institusjonen, støtta eg meg til Johs. A. Dales definisjon av omgrepene "norm" (Dale 1955). Eg konkluderte med at det var mogeleg å tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon i verting. Det normsystemet eg fann etter a ha gått gjennom 1899-årgangen av avisene Den 17de Mai, som ein lekk i undersøkinga om vi kunne tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon, gjorde det klart at Selands bøker i høgste grad samsvara med dette normsistemmet. Normsystemet kunne dessutan nyttast til å forklara kvifor Seland prøvde seg på så mange ulike typar litteratur, og kvifor den nynorske faglitteraturen med eitt skaut i veret. Både normsistemmet og kunnskapen om institusjonens materielle sider var med og kasta lys over den nynorske heimstaddiktinga.

Boka Høgsumar (1903) interesserte meg særleg fordi ho braut med tidlegare og til dels seinare bøker av Seland. Delvis fann eg ei forklaring på kvifor han skreiv denne boka gjennom norma

i Den 17de Mai, men eit brevbyte mellom Garborg og Seland var endå meir avklarande.

I presentasjonen av diktaren Hans Seland valde eg å leggja hovudvekta på sosial bakgrunn og engasjement. Dessutan poengterte eg den folkelege sida ved han. Her nyttja eg hovudsakleg sjølvbiografien Aar og dagar (1931).

Ved sida av dei nemnde verka, byggjer oppgåva for det meste på Selands bøker, brev frå hans private brevsamling og bokmeldingar mellom anna frå Selands private "Avis-Udklips"bok. I tillegg har avis Den 17de Mai, ungdomsbladet Unglyden og tidsskriftet Tidssignalen vore nyttta.

Oppgåva er tredelt. Første delen presenterer heimstaddikting som omgrep, skil ut dei nynorske heimstaddiktarane som ei gruppe for seg, og presenterer Seland og forfattarverksemda hans. Andre og største delen konsentrerer seg om undersøkinga av om det er mogeleg å tala om ein alternativ nynorsk litterær institusjon. Tredje delen ser nokre av Seland sine bøker frå 1890 til 1910 i høve til normsystemet i del to. Trekkjer deretter fram oversedde bøker i litteraturhistorisk samanheng og gir ei personleg vurdering av kvifor eg meiner dei og andre bøker av han er interessante i dag. Her vert òg Arne Garborgs innverknad på delar av Selands bøker trekt fram. Til slutt syner eg korleis det er mogeleg med utgangspunkt i bøkene å sjå Seland som den personifiserte nynorske norma.

Viktigaste konklusjonen er at den nynorske heimstaddiktinga må sjåast i samanheng med framvoksteren av målrørsla. Først då vert det mogeleg å få ei full forståing for denne litteraturen. Nettopp difor vert det òg meiningslaust å bruka eit snevert litteraturomgrep i samband med denne diktinga. Den nynorske heimstaddiktinga er både eit middel og eit mål i seg sjølv.

Nynorsk folketelling 1900 = 1915, økonomilitteratur og folketitteratur (Kjelde: A. Aure: Nynorsk boklistar i øg til)  
 Tabellen er tatt fra Sigurd Hilles hovedoppgave "K. M. Eldas Namnringen. Et forsøk på oppredning til málreising,"  
 Bergen, hausten 1901.

SKJØNN- LITT.	AUSTLANDET			VESTLANDET			TRØNDELAG			SØLANDET			NORD-NOREG			TOTALT Lands- bygd
	OSLO	Andre Lands- bygd	Austl.	BERGEN	Andre Lands- bygd	Vestl.	TROND- HEIM	Andre Lands- bygd	Trønd.	Byar	Lands- bygd	Byar	Lands- bygd	Byar	Lands- bygd	
1880-84	17	1	-	3	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	24
1885-89	20	2	1	18	5	6	-	2	-	3	-	-	-	-	-	57
1890-94	16	1	-	31	2	2	-	3	-	5	-	-	-	-	-	60
1895-99	77	1	-	11	4	11	1	5	1	1	-	-	-	-	-	123
1900-04	79	2	1	7	3	18	2	5	4	1	-	2	-	-	-	124
1905-09	102	5	3	19	8	21	7	8	10	3	1	1	-	-	-	188
1910-14	117	20	1	19	16	25	4	8	8	19	-	1	-	-	-	258
1915	20	7	1	10	4	6	3	1	1	10	-	1	-	-	-	64
Totalt	468	50	7	118	42	89	20	32	24	42	1	5	-	-	-	898
FAG- LITT.																
1880-84	14	1	-	2	2	-	3	2	-	-	-	-	-	-	-	23
1885-89	20	-	-	7	-	1	1	3	-	1	-	-	-	-	-	33
1890-94	8	1	5	17	1	4	-	-	1	1	1	-	-	-	-	39
1895-99	52	3	-	5	1	1	-	1	-	3	-	-	-	-	-	66
1900-04	99	10	-	7	4	12	2	-	1	4	-	-	-	-	-	139
1905-09	186	13	3	39	5	28	1	5	5	10	-	3	-	-	-	298
1910-14	205	31	3	30	21	32	5	3	6	12	-	1	1	-	-	350
1915	47	5	2	9	1	12	4	-	1	2	-	1	-	-	-	84
Totalt	631	64	13	116	35	90	16	14	14	33	1	5	1	1	1	1033

OVERSYN OVER HANS SELAND SIN BOKPRODUKSJON

ÅR	BOKTITTEL	OPP-LAG	GENRE/ NYE OPPLAG	FORLAG	UTGIVARSTAD	TRYKKERI
1890	Ungdom. Espen sine songar.	500	salmar og songar		Haugesund	Haugesunderen
1891	Ein liten gut		forteljing	I kommisjon hos Mons Litleré	Bergen	Throndsend og co.'s
1892	I straumen		forteljing	Mons Litleré	Bergen	Griegs boktrykkeri
1892	Kvinnfolk og karar		hikstorier	Mons Litleré	Bergen	Agders prenteverk
1893	Ei bergpreike		alvorlege forteljingar	Bertrand Jensen	Kristiania	Nikolai Olsen
1893	Hikstorier		hikstorier	Huseby og Co.	Kristiania	Huseby og Co's. boktr.
1894	Inger. Ein sumardraum	6)	forteljing	Bertrand Jensen	Kristiania	Nikolai Olsen
			2.upplag 1941	Olaf Norli	Oslo	
1895	Lyngkvistar Nye smaa-stykke	6)	alvorlege forteljingar	Bertrand Jensen	Kristiania	S.& Jul. Sørensen
1895	Søren Lande Bygdeliv pa Vest-Agder.	6)	forteljing	Bertrand Jensen	Kristiania	S.& Jul. Sørensen
		5000 <sup>1)</sup>	2.upplag 1944	Fonna Forlag		
1896	Trældomskaar. Ei kvardagssoge	17000 <sup>1)</sup>	forteljing	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1898	Andror	6)	forteljing	Bertrand Jensen	Kristiania	S.& Jul. Sørensen
1900	Eikeli		forteljing	A. Garathun	Kristiania	
	Eikelifolket = Andror + Eikeli		2.utg.1916 3.utg.1926 4.utg.1957	Olaf Norlis --- " --- Norsk Bokring	Kristiania Kristiania Bergen	Nikolai Olsen ---- " ----

ÅR	BOKTITTEL	OPP-LAG	GENRE/ NYE OPPLAG	FORLAG	UTGIVARSTAD	TRYKKERI
1900	Seiande segner um folk og hendingar	2250 <sup>2)</sup>		Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1900	Norskt maal. Kvi strævar me?		flogskrift		Flekkefjord	Agders trykkeri
1901	Prinsesse Gullsko og systrene hennar		barnebok 2.aulka utg. 1927 3.utg.1949 4.utg.1967	Albert Cammermeyer Olaf Norli Noregs Boklag	Kristiania Oslo Bergen Oslo	Marius Stamnes Nikolai Olsen J.W. Eides boktr.
1902	Synkvervd <sup>3)</sup>	1200 <sup>2)</sup>	forteljing	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1903	Høgsumar	1200 <sup>2)</sup> 1200 <sup>2)</sup>	forteljing 2.uppl. 1904 3.uppl. 1921	Olaf Norli Olaf Norli	Kristiania Kristiania	Nikolai Olsen Nikolai Olsen
1904	Um Amerika og frende-folket i Vesterheim			Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1905	Øygarden	1250 <sup>2)</sup>	forteljing 2.utg.1913 3.utg.1936	Olaf Norli Olaf Norli	Kristiania Kristiania	Nikolai Olsen Nikolai Olsen
1906	Steinar Asland	1650 <sup>2)</sup>	forteljing	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1907	Bygdefolk. Utvalde Skjemente-søger	3300 <sup>2)</sup>	hikstorier 2.uppl. 1915	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen

ÅR	BOKTITTEL	OPP-LAG	GENRE/ NYE OPPLAG	FORLAG	UTGIVARSTAD	TRYKKERI
			3.uppl. 1924	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
			4.uppl. 1963	Noregs Boklag	Oslo	
1907	Dagros og andre dyr	1650 <sup>2)</sup>	barnebok	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
			2.utg.1924			
1908	Frukthagen		lærebok	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1908	Stavebok for skule og heim		lærebok	Albert Gammermeyer	Kristiania	Central trykkeriet
1908	Hetlesaki. Eit bilte or norsk retts- soga.				Kristiania	Prenteverket til Den 17de Mai
1909	Bureising	1650 <sup>2)</sup>	forteljing	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1910	Reidar Unge. Smaa sogor .	1375 <sup>2)</sup>	barnebok	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
			2.uppl. 1925	Olaf Norli	Oslo	Nikolai Olsen
1911	Tvo Herrar <sup>3)</sup>		forteljing	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1914	Birik Jonsvoll		forteljing	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1916	Ivar den spake		barnebok	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
			2.oppl. 1939	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1917	Vegvill <sup>3)</sup>		forteljing	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
			2.oppl. 1917			
1919	Gard og grunn Ei bødesoga		forteljing	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
			2.oppl 1919			
1919	Belg	24 salmar	Eige forlag	Flekkefjord	Agders prentev.	

ÅR	BOKTITTEL	OPP-LAG	GENRE/ NYE OPPLAG	FORLAG	UTGIVARSTAD	TRYKKERI
1920	Nye skjemte-sogor		hikstорier	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1922	Arbeidsmann		forteljing 2.oppl. 1922	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1923	Einbøling		forteljing 2.oppl. 1923	Olaf Norli	Kristiania	Nikolai Olsen
1926	Eventyret. Ei Ut-vandrarsoge		forteljing 2.oppl. 1926	Olaf Norli	Oslo	Nikolai Olsen
1931	Aar og dagar		sjølv-biografi 2.Oppl. 1931	Olaf Norli	Oslo	Nikolai Olsen
1936	Visdomskalender			Dreyers forlag	Stavanger	
1942	Morostubbar	5000 <sup>1)</sup> 3000 <sup>1)</sup>	hikstорier	Fonna forlag ---" ---"	Oslo Oslo Oslo	
1945	Hetlesaka som gjekk i 40 år	5000 <sup>1)</sup>		Fonna forlag	Flekkefjord	Agders Trykkeri Hamar stift-tidendes tryk.

Dette skjemaet er laga ved hjelp av Norsk bogfortegnelse, Anton Aures Nynorsk bokliste, bd. I, II, III og IV og kartoteka på Universitetsbiblioteket i Bergen og på Bergen Offentlige Bibliotek.

- 1) Talet er oppgitt på prentesetel frå Fonna Forlag i Seland sine private papir.
- 2) Desse tala er tekne frå Steinar Nistad si hovudoppgåve om Olaf Norlis forlag 1890-1910, Bergen våren 1979.
- 3) Desse bøkene vart gitt ut under eitt i 1967 med namnet Tore Herdal.
- 4) Denne boka kom på svensk i 1962.
- 5) I 2. opplag av Morostubbar står årstalet 1942. I brev frå Hans Aarnes datert <sup>26</sup>/4 -1944 går det fram at dette vart gjort for å koma klar papir-rasjonaliseringa.
- 6) Olav Myre skriv i En antikvariat bokhandler frå nitti-årene (Oslo 1943) om Bertrand Jensen, og fortel mellom anna at dei nynorske bøkene som oftast vart trykt i opplag på 1000 - 1500. (Myre 1943:31.)

LITTERATURLISTE

Denne litteraturlista inneheld litteratur det vert sitert frå eller vist til, og i tillegg ein del litteratur som indirekte har stått sentralt. Seland sine bøker er ikkje nemnde her, med unntak av dei tre det er sitert frå. Alle brev står under avsendaren, bokmeldingar som oftast under meldarstaden.

Alvsaker 1958= Torgeir Alvsaker: "Den fyrste bokhandelen i Hardanger" I Tidsskrift for Hardangers historielag, 1958.

Arctander 1893= A.M.St.Arctander: "Garborg og skulen hans" i Vor Tid, 1893

Arne 1967 = Einar Arne: Hans Seland. Diktaren og Mennesket.

Aure, Anton: Nynorsk Boklista 1 (1916), 2 (1921), 3 (1926), 4 (1942)

Bergens Tidende= A.B.: "Hans Seland: Høgsumar" (Selands "Udklipsbog")

Beyer 1975= Edvard Beyer: "Fra Ibsen til Garborg", bd. 3 i Norges Litteraturhistorie (red. Edv. Beyer)

Bull, Paasche, Winsnes 1937= Bull, Paasche og Winsnes: "Fra Februarrevolusjonen til verdenskrigen", bd. 5 i Norsk Litteraturhistorie

Christensen, Hjalmar: Unge Nordmænd - Et kritisk grundrids, Kjia 1893

Dale 1955= Johs. A. Dale: Litterære normer, Oslo 1955

Dale 1974= Johs. A. Dale: Litteratur og lesing omkring 1890, Oslo 1974

Den 17de Mai, 1899-årgangen er det sitert frå eller vist til følgjande nr. 1-2-3-5-7-13-16-23-24-26-37-41-54-61-64-67-81-83-89-94-99-108-112-121-124-128-129-130-139-140-154-179-å83-186-191-193-196-198-203-205-207-212-223-231-235-252-264-273-293-294-295-296

Egner= Torbjørn Egners leseverk (1958-1966)

Elster 1934= Kristian Elster d.y.: "Atti- og nittiårene", bd. 5 i Illustreret norsk litteraturhistorie, 2.utg. Oslo 1934-35.

Escarpit 1971= Robert Escarpit: Litteratursosiologi, Oslo 1971

Eskeland 1916= Severin Eskeland: "Hans Seland. Diktaren 1891-1916". For Bygd og By nr. 22, 5.aarg. 1916.

Flo 1897 = Rasmus Flo: "Norske bøker i 1896" i Syn og Segn 1897

- Flo 17/4 -98= brev til Seland i privat eige  
Flo 1899= Rasmus Flo: "Boksjaa" i Syn og Segn 1899  
Fuglum 1978= Per Fuglum: "Norge i støpeskjeen 1884-1919", bd. 12  
i Norges Historie (red. Knut Mykland) Oslo 1978
- Garborg 10/5 -96 = brev til Seland i privat eige  
Garborg 27/1 -03 = ----- "  
Garborg 6/3 -03 = ----- "  
Garborg 16/8 -03 = ----- "  
Garborg 25/10-03 = Melding av Høgsumar i Den 17de Mai  
Garborg 10/11-05 = brev til Seland i privat eige  
Garborg 14/12-09 = ----- "  
Gran 1892 = Gerhard Gran: "Nye bøger" i Samtiden 1892, 3.årg.  
Gyldendals store konversasjons leksikon  
Hagemann 1974 = Sonja Hagemann: Barnelitteratur i Norge 1850-1914  
Haugholt 1945 = Karl Haugholt: "Et vindu mot Europa", Oslo 1945  
i serien Småskrifter for bokvenner nr. 62.  
Haugland, Kjell: Målpolitiske dokument 1864-1885, Oslo 1971  
Haugland 1977= Kjell Haugland: "Organisasjonsgjennombrotet i  
målarbeidet ved hundreårsskiftet" i Historisk tidsskrift, 1977.  
Hovden, Anders 25/1 -1900= brev til Seland i privat eige  
Hovden, Anders: Attersyn, 1926  
Idsø 1981 = Liv Marit Idsø: "Lærarens rolle som formidlar av  
nynorsk litteratur" i Eigenproduksjon nr.12,  
1981  
Jonsmoen, Ola: "Utkantdikting - litterært marginalfenomen  
eller sentralmenneskeleg kamp" i Syn og Segn  
nr. 9, 1975  
Kjørup 1971 = Søren Kjørup: Aestetiske problemer, Kbh. 1971  
Koht 1949 = Halvdan Koht: "Hans Seland i ungdomsdagar" i Syn og Segn 1949  
Kristensen, Sven Møller: Digteren og samfundet, bd. I, Kbh.  
1965  
Kristiansands Dagblad = Thomas Thorsvik: "Hans Seland i Høgsumar"  
(Selands "Avis-Udklips bog")  
Kultur og Klasse nr. 33= skolelærerlitteratur, Kbh. 1978  
Larsen/Stegane = "Innleiing" i Bok og lesar (red. Sigurd Aarnes  
1981  
Lindstrøm, Erik: Nordisk folkelivsskildring, Stockholm 1932

- Linneberg, Arild: "Romantikk for borgar- realisme for bonde?"  
Arne Garborgs Haugtussa og litteraturkritikken"  
I og II i Syn og Segn nr. 2 og 3, 1979
- Magerøy, Hallvard: "Litt om grunnlaget for norsk målreising i  
fortid og notid" i Syn og Segn 1948
- Melberg 1975 = Arne Melberg: Den litterære institutionen,  
Sth. 1975
- Midttun, Olav: "Dansk eller norsk litterær tradisjon" i Syn og Segn, 1923
- Midttun 1949= Olav Midttun: "Hans Seland 1867-1949" i Syn og Segn, 1949
- Midttun 1955= Olav Midttun: "Hans Seland" i Norsk biografisk leksikon bd. 13, 1958
- Midttun 1957= Olav Midttun: "Per Sivle" i Norsk biografisk leksikon bd. 13, 1958
- Midttun 1963= Olav Midttun: "Idegrunnlaget" i Det norske Teateret femti år 1913-1963, Oslo 1963
- Mukařovský 1936= Jan Mukařovský: "Estetisk verdi som sosialt faktum" i Heldal/Linneberg: Strukturalisme i litteraturvitenskapen, 1978
- Myre 1943= Olav Myre: En antikvarbokhandel fra 90-årene,  
Bertrand Jensen 80 år, Oslo 1943
- Mæle, Leif: "Den nynorske litteraturen - ein ny norsk litteratur?" i Mål og Minne nr. 2, 1981
- Mållaget i Flekkefjord. 50 års skrift 1908-58
- Nerbøvik 1973= Jostein Nerbøvik: Norsk historie 1870-1905, 1973
- Nettum 1975= Rolf Nettum, Per Amdan og Bjarte Birkeland: "Fra Hamsun til Falkberget" bd. 4 i Norges litteraturhistorie.
- Nistad 1979= Steinar Nistad: Olaf Norlis forlag 1890-1910  
Hovudoppg. v/Universitetet i Bergen, våren 1979
- Nordal Rolfsens leseverk, nynorskutgåva av 1951 og bokmålut-  
gåva 1952-60.
- Norsk Allkunnebok
- Nybø Lorenz 1/1 -07, brev til Seland i privat eige
- Pax Leksikon
- Raknes 1925= Ola Raknes: "Norsk litteraturhistorie" i Vor Verden,  
2.årg, 1925
- Ringard 1949= Morten Ringard: Hans Seland - en profil
- Schmidt 1977= Jørn Falk, Klaus Guldager og Povl Schmidt: Bønder klassekamp og den skønlitterære institution,  
Odense 1977

- Seland 1893 = Hans Seland: Ei bergpreike, Kina 1893
- Seland 16/12 -96 = brev til O.J. Larsen, på UB-Bergen
- Seland 21/4 -02 = brev til Bolette C. Pavels Larsen, på UB-Bergen
- Seland 1908 = Hans Seland: Stavebok for skule og heim. Fyrste boki aat barnet, Kina 1908
- Seland 1929 = Hans Seland: "Mons Litleré" i Frosta 8/5-1929
- Seland 1931 = Hans Seland: Aar og dagar, Oslo 1931
- Seland 1939 = Hans Seland: "Nes landbrukslag" i Grannen nr.1, 25.årg.
- Seland, Ingvild 1979 = Ingvild Seland: Lokalhistorisk bibliografi for tidlegare Nes og Flekkefjord kommunar. Hovudoppg. våren 1979 ved Statens bibliotekskule
- Skaar 1896 = Biskop Skaar: "Kirkesalmebøger og salmedigtere" i Landstads Kirkesalmebog, utg. av Aktienselskabet Norskt Salmebog-Samlag
- Sletbak 1963 = Redaktør Nils Sletbak i Det Norske Teateret femti år 1913-1963, Oslo 1963
- Sletten 1952 = Klaus Sletten: Då dagen rann, 1952
- Sletvold, Sverre: Norske lesebøker 1777-1969, Universitetsforl. 1971.
- Solberg, Kjell og Odland, Terje: "Bøker og lesing i Kvinnherad 1890-1910" i Eigenproduksjon nr.4, 1977
- Solberg, Olav: "Lokal litteratur og lokal litteraturgranskning" i Syn og Segn nr. 7, 1978
- Stavanger Avis = I.H.: "Hans Seland: Høgsumar" (Selands "Avis-Udklips bog")
- Stegane, Idar: "Tidleg nynorsk heimstaddikting og den litterære institusjon som litteraturhistorisk forskningsfelt" i NLA - 1979
- Stegane, Idar: "Nynorsk litteraturproduksjon" i Mål og makt, nr. 2, 1981
- Stegane 1982 = Idar Stegane: "Neunorwegische "heimstaddikting" im Licht dänischer "hjemstavnsdikting" und deutscher "Heimatdichtung"." i Die nordischen Literaturen als Gegenstand der Literaturgeschichtsschreibung, Rostock 1982
- Stegane 1982 = Idar Stegane: "Den litterære norma i nynorsken før 1905" - seminarinnlegg
- Steinsvik 1902 = Rasmus Steinsvik: Med skreppa eller ein maalmann paa fanteferd, Kria 1902
- Stokke 1953 = Trygve Bertrand Stokke: Hans Seland, liv og dikting. Hovudoppg. til embeteksamen i norsk, Oslo våren 1953

- Sørensen, Peer E.: Elementær litteratursociologi, Kbh. 1973  
Tidssignaler - eit tidsskrift som kom ut med ein argang - 1895  
Try 1979 = Hans Try: "To kulturer - en stat (1814-1851)",  
bd. 11 i Norges Historie (red. Knut Mykland)  
Tvedt, Jens 12/12 -99 = brev til Seland i privat eige  
Tvedt 1910 = Jens Tvedt: "Mons Litleré" i Syn og Segn 1910  
Tvinnereim 1973 = Jon Tvinnereim: "Då landsmålet vart kristna"  
i Syn og Segn 1973  
Tvinnereim 1979 = Audun Tvinnereim: Trivialitteratur,  
populærlitteratur, masselitteratur,  
Universitetsforlaget 1979  
Unglyden 20/11 -02 = "Bøker. Hans Seland: Synkvervd" ukjent  
meldar  
Unglyden 21/1 -04 = Olav Eide: "Hans Seland: Høgsumar".  
Unglyden 30/3 -04 = A.M.St. Arctander: "Bokrøda I"  
Unglyden 14/4 -04 = A.M.St. Arctander: "Bokrøda II"  
Unglyden 15/11 -06 = "Hans Seland: Steinar Aasland", ukjent  
meldar  
Vassbotn, Anders: "Mons Litleré. Nynorsk bokreiar I" i Ung-  
Norig nr. 11, 1920  
Vestfold 31/5 -04 = Toralf Klaveness: "Høgsumar af Hans Seland"  
(Selands Avis-Udklips bog")  
Vigander, Seeberg, Hoff: Skyttersaken i Norge, 1927  
Øidne 1957 = Gabriel Øidne: "Litt om motsetninga mellom Aust-  
landet og Vestlandet" i Syn og Segn 1957  
Øksnevad, Reidar: Dagbladet og norsk litteratur 1868-1910,  
1952  
Øksnevad, Reidar: Social-Demokraten og norsk litteratur (1886-  
1910), 1955  
Øksnevad, Reidar: Verdens Gang og norsk litteratur 1868-1910,  
1954

